



Høgskulen  
på Vestlandet



# Årsrapport

2016 – 2017

# Innhald

<b>DEL I STYRET SI ÅRSMELDING</b>	<b>2</b>
Interimsstyret HVL og interimsperioden	2
HiSF/Nærregion Sogn og Fjordane	3
HiB/Nærregion Bergen	4
HSH/Nærregion Stord/Haugesund	4
Framtidsutsikter for HVL	6
<b>DEL II VERKSEMDA OG HOVUDTAL</b>	<b>8</b>
Høgskulen på Vestlandet	8
Kort om Nærregion Sogn og Fjordane	9
Kort om Nærregion Bergen	9
Kort om Nærregion Stord/Haugesund	10
Organisasjonskart for HVL 2017	11
<b>DEL III ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT</b>	<b>12</b>
Resultatrapportering HiSF/Nærregion Sogn og Fjordane 2016	13
Resultatrapportering HiB/Nærregion Bergen 2016	32
Resultatrapportering HSH/Nærregion Stord/Haugesund 2016	48
<b>DEL IV STYRING OG KONTROLL</b>	<b>84</b>
Overordna vurdering HVL	84
Overordna vurdering HiSF/Nærregion Sogn og Fjordane	85
Overordna vurdering HiB/Nærregion Bergen	89
Overordna vurdering HSH/Nærregion Stord/Haugesund	91
<b>DEL V FRAMTIDSUTSIKTER</b>	<b>94</b>
Tabell verksemstmål	96
Tabell styringsparameterar	97
Budsjett 2017 disponering av løyving	98
<b>DEL VI ÅRSREKNESKAP</b>	<b>100</b>
Høgskulen i Sogn og Fjordane - Leiarkommentarar til rekneskapen per. 31.12.2016	101
Høgskolen i Bergen - Leiarkommentarar til rekneskapen per. 31.12.2016	105
Høgskolen Stord/Haugesund - Leiarkommentarar til rekneskapen per. 31.12.2016	109
Resultatrekneskap Høgskulen i Sogn og Fjordane	114
Resultatrekneskap Høgskolen i Bergen	146
Resultatrekneskap Høgskolen Stord/Haugesund	170
<b>VEDLEGG</b>	<b>201</b>
Vedlegg 1: HiSF Oppfølging av aktivitets- og redegjørelsесplikten etter likestillingsloven 2016	202
Vedlegg 2: Rapport på Likestilling, diskriminering og tilgiungeleghet - Høgskolen i Bergen 2016	210
Vedlegg 3: Tilstandsrapport for likestilling og inkludering 2016 - HSH	217

## DEL I

# Styret si årsmelding

Med bakgrunn i kongeleg resolusjon av 17. juni 2016 blei Høgskulen på Vestlandet (HVL) etablert med verknad frå 1.1.2017. HVL sin årsrapport vil derfor for 2016-2017 rapportere separat på verksemda til dei tre fusjonspartane Høgskolen i Bergen (HiB), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH). Rapporten inneheld dessutan framtidsplanane for HVL slik høgskulestyret har vedteke dei med bakgrunn i fusjonsavtalen mellom dei tre fusjonspartane. Styret si årsmelding er i år delt opp i fire delar; éin for kvar av fusjonspartane og éin del der interimsstyret og interimsfasen vert omtalt. I tillegg er framtidsutsikter for HVL omtalt.

## Interimsstyret HVL og interimsperioden

### Bakgrunn

Gjennom Meld. St. 18 (2014-2015) «Konsentrasjon for kvalitet. Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren» la Kunnskapsdepartementet (KD) opp til store strukturelle endringar i universitets- og høgskulesektoren i Noreg.

Hausten 2015 valde HiB, HiSF og HSH å gjennomføre ei utgreiing for å sjå om det var grunnlag for å setje i gang ein fusjonsprosess med målsetjing om å byggje ein stor og slagkraftig høgskule på Vestlandet. På bakgrunn av utgreiinga gjekk dei tre institasjonane i fusjonsforhandlingar våren 2016.

Fusjonsavtalen blei godkjent i styremøta ved dei tre høgskulane den 9. juni. Same dato blei det vedteke å søkje KD om å fusjonere dei tre høgskulane til ein ny institusjon med namnet Høgskulen på Vestlandet (HVL). Regjeringa gav klarsignal for fusjon mellom dei tre institasjonane ved kongeleg resolusjon i statsråd 17. juni 2016. Fusjonsavtalen set høge ambisjonar for Høgskulen på Vestlandet. HVL skal byggjast og utviklast til ein fagleg sterk og tydeleg kunnskapsinstitusjon ved å ta utgangspunkt i det mangfaldige kompetansefellesskapet ved dei tre institasjonane. HVL skal ha eit nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og næringsliv, og yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling. I tillegg skal HVL ha ein klar ambisjon om å verte universitet med ein profesjons- og arbeidsretta profil.

### Interimsstyret

Det vart valt og oppnemt eit interimsstyre med 13 medlemmer for den fusjonerande høgskulen i august 2016. Det same styret gjekk over til eit fast institusjonsstyre frå 1.1.2017. Hausten 2016 var interimsstyret ansvarleg for alle vedtak som omhandla den nye institusjonen, medan dei sitjande høgskulestyra var ansvarlege for drifta av dei tre høgskulane.

Interimsstyret har hatt fire møte i interimsperioden og handsama 57 saker, mellom anna tilsettjing av rektor for den nye høgskulen. Styremøta har vore halde både i Bergen, Sogndal og Stord. Styret har dessutan hatt eit styreseminar i samband med det første møtet i Bergen.

### Verksemda i interimsfasen

Den korte tida mellom vedtak og tidspunkt for fusjon, og omfanget av arbeidet som skulle gjerast, skapte eit behov for å førebu fusjonen på eit så tidlig tidspunkt som mogleg. Det blei derfor etablert to organ på tvers av dei tre institasjonane: eit felles fusjonssekretariatet og eit innstillingssråd (rektor og direktør ved HiB og HSH, og rektor og viserektor for FoU ved HiSF).

Programorganisasjonen for fusjonen blei vedteken i det første møtet i interimsstyret i Bergen 16.9.2016, med interimsstyret som programeigar og øvste mynde i programorganisasjonen.

Fusjonsprogrammet etablerte ei programorganisering på tvers av dei tre institasjonane. For at den nye institusjonen skulle kunne tre i kraft som ei juridisk ny eining 1.1.2017, var det først og fremst administrative funksjonar, prosessar og system som måtte samkøyrist. Det innebar at den faglege verksemda i mindre grad blei påverka av fusjonsprosessen i interimsfasen, med unntak av lærarutdanninga, grunna den nye femårige masterutdanninga som trer i kraft hausten 2017.

Tida prosjekta hadde til rådvelde, var den mest kritiske faktoren i fusjonsprosessen. Tida mellom vedtak og tidspunkt for fusjon var knapp, og det var derfor i starten naudsynt å ha fokus på framdrift og dei mest kritiske prosjektleveransane. Den formelle medverknaden blei teken hand om gjennom etablering av eit felles IDF (Informasjons-, drøftings- og forhandlingsforum). I tillegg bestod styringsgruppene av representantar frå

tenestemannsorganisasjonane og studentane. Det blei gjennomført innspesleseminar i forkant av arbeidet i prosjekta. Det vart òg lagt opp til uformelle høyingsmøte i tilknyting til delleveransar frå prosjekta. Formelle høyingsrundar blei haldne i samband med sluttleveransane frå prosjekta. Det blei òg gjennomført fleire allmøte og informasjonsmøte ved dei tre institusjonane.

Fusjonsinfo.no, ein felles informasjonsressurs der tilsette, studentar og andre interesserte kunne halde seg oppdaterte på fusjonsprosessen, vart oppretta i slutten av februar 2016. Våren 2016 vart sida moderat brukt, med ikkje meir enn 5000 syningar i månaden, og med naturlege oppsving rundt publisering av nyhende. Etter fusjonsavtalen vart vedteken vart sida bygd om til å huse alle prosjekta i Fusjonsprogrammet, og bruken auka vesentleg. I september og oktober hadde sida om lag 17 000 syningar per månad, og i november og desember auka det til 29 000 og 25 000 syningar per månad. Dei mest brukte sidene var sakspapir til styremøte, oversyn over vedtekne saker og inngangen til dei ulike prosjekt-sidene.

Etter vedtak om fusjon i juni 2016 har det vore ein hektisk haust for å sikre etablering av ein styringsdyktig ny organisasjon frå 1. januar 2017. I tillegg til nytt styre og ny rektor, var nødvendige felles system, mellom anna regnskapssistema SAP, Agresso og Basware, arkivsystemet P360 og felles internett, på plass frå 1. januar 2017. Nødvendig mellombels styringsstruktur for 2017, regelverk, malar mv. var òg kome på plass. Dette vitnar om eit grundig forarbeid gjennom hausten 2016.

## HiSF/Nærregion Sogn og Fjordane

Nærregion Sogn og Fjordane, fram til 31.12.2016 Høgskulen i Sogn og Fjordane, har i 2016 halde fram den positive utviklinga frå åra før.

Fusjonsutgreiingane, forhandlingane og førebuinga til fusjonen med HIB og HSH hadde den høgste prioriteten i 2016, og tok mykje av styret si merksemd. Høgskulen fokuserte på å sikre gode prosessar rundt fusjonsarbeidet og samstundes halde oppe merksemda mot den daglege drifta. Hausten 2016 dreiddde seg primært om å bidra i prosessane med å få opp naudsynte styringsdyktige felles administrative system til fusjonen blei gjennomført 1. januar 2017, og opprette og gjennomføre fusjonsprosjekta for å førebu den nye organisasjonen.

Studiane ved campusane i Førde og Sogndal har hatt jamn og god auke i studentrekrytteringa i mange år. I

2016 passerte vi 4.000 studentar. Ser ein 8-10 år attende, er HiSF blant UH-institusjonane med den største relative auken i søkerkartalet. Tal primærsoekjarar gjennom Samordna Opptak var 1.574 i 2016. Målsetjinga er to primærsoekjarar per utlyst studieplass.

Høgskulen har hatt ei svært positiv utvikling både når det gjeld geografisk rekryttering og rekryttering av unge heiltidsstudentar. 67 prosent av grunnutdanningsstudentane kjem no utanfrå Sogn og Fjordane. Få høgre utdanningsinstitusjonar har så stor del unge studentar som vi.

Studentgjennomstrøyminga ved HiSF er svært god jamført med andre høgskular og universitet. Tal uteksaminerte gradskandidatar i 2016 var 736, som er det høgste talet nokon gong. Tilbakemeldingane vi får gjennom Studiebarometeret og andre studentundersøkingar er for det meste svært gode. Nokre av studia våre er heilt i landstoppen. Høg kvalitet i studieprogramma med tett oppfølging av studentane og fornøgde studentar har vore dei viktigaste varemerka for Høgskulen i Sogn og Fjordane. Studiebarometeret inneholder elles mykje informasjon som vi nyttar aktivt i arbeidet med å utvikle utdanningskvaliteten.

I samsvar med strategiplanen frå 2014 er det også arbeidd vidare med å få på plass mastergradstilbod på dei viktigaste utdanningsområda våre. I 2016 fekk vi godkjenning frå NOKUT til å setje i verk masterprogram innan naturfag (Climate Change Management), idrettsvitenskap og spesialpedagogikk. Ny grunnskulelærarutdanning er akkreditert i 2016. Det er gjort eit markant løft på utdanningar på masternivå dette året.

Publiseringindeksen har vore aukande siste åra. I 2016 ser resultata svært gode ut med ein vesentleg auke frå 2015, som var eit toppår. Særleg har publiseringa på nivå 2 auka. Samla publiseringspoeng ser ut til å kome godt over 100. Vi ligg då over målsetjinga om 0,5 publiseringspoeng per fagtilsett. Auken er venta å halde fram dei neste åra, særskilt frå dei store forskingsrådsprosjekta som no har begynt å produsere, og gjennom handlingsplanen for FoU og det målretta arbeidet for å gje meir samanhengande tid til FoU-arbeid til tilsette.

Funksjonelle bygg i Sogndal og Førde har auka attraktiviteten både for studentar og tilsette. Grunna veksten har det vorte knapt med areal begge stader. Statsbygg er i gang med å planlegge ombygging av «Gymnasbygget» i Sogndal, som vart kjøpt frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2014. Det er forventa innflytting i august 2018. Arbeid med planlegging av utvida bygningsmasse i Førde er starta.

Nærregionen har ei brei fagleg portefølje som det er krevjande å utvikle. Samstundes dekkjer denne viktige

kompetansebehov i fylket. Dei aller fleste studia har god søknad. Kvalitetssikring og spissing av eksisterande studietilbod vil halde fram.

Høgskulen har hatt ein klar ambisjon om å samverke med samfunns- og arbeidslivet i regionen, og å gi framifrå undervisning og utføre relevant forsking av høg kvalitet. Dette var nedfelt og forankra i strategiplanen til HiSF 2014-18. Dei same ambisjonane er nedfelt i fusjonsplattforma til HVL. HiSF har sett på lokal autonomi som ein føresetnad for å realisere ønska strategisk profil. Den regionale rolla til nærrregionen vil verte utvikla innanfor HVL, med dei nye mulegheitene det skaper for større og tettare faglege kontaktnett.

## HiB/Nærregion Bergen

Verksemda i 2016 har for Høgskolen i Bergen sin del vore sentrert rundt arbeidet med fusjon. HiB hadde allereie i 2015 eit klart mål om få til ein fusjon på Vestlandet. Ved inngangen til 2016 var det blitt tydelegare kva veg dette arbeidet skulle ta, og ut over våren 2016 arbeidde leiinga ved Høgskolen i Bergen saman med HSH og HiSF si leiing fram prinsippa for fusjonen. I samband med fusjonen har det vore arrangert fleire møte med mål om å førebu organisasjonen på den kommande fusjonen. Arbeidet med fusjon har involvert alle nivå i organisasjonen, og vore eit av dei viktigaste arbeidsområda for høgskolen, forutan den ordinære verksemda.

HiB har i siste perioden fått godkjent fleire mastergradar, mellom anna master i jordmorfag. Mest sentralt med omsyn til universitetsambisjonen er godkjeninga av doktorgraden i dataknologi som kom i 2016. Det mest tidskrevjande har likevel vore arbeidet med den nye grunnskulelærarutdanninga; eit arbeid som har kravd mykje innsats fra fagmiljøa, administrasjonen, leiinga og fusjonspartnerane. Høgskolestyret ved HiB vedtok i sitt siste møte å akkreditere femårig grunnskulelærarutdanning på masternivå. Høgskolen hadde med bakgrunn i ph.d.-programmet Danning og didaktiske praksisar rett til sjølv å akkreditere programmet. Denne utdanninga er eit svært viktig bidrag inn i den nye institusjonen HVL.

Arbeidet med forsking og utvikling har også i 2016 vore eit høgt prioritert område. HiB vedtok i januar 2016 ein ny strategi for høgskolen, og planane som blei lagt for siste periode, tok utgangspunkt i den nye strategien. Strategien Samspel i kunnskapsfronten byggjer opp under universitetsambisjonen HiB har arbeidd mot sidan 2011, og bidrar til å styrke relevante og sterke fagmiljø retta mot marknaden vi utdannar for. Den synleggjer også samspelet innetter i høgskulen og med eksterne samarbeidspartar. Høgskolestyret har igjennom 2016 handsama 124 styresaker fordelt på ti møte. Møta fram mot summaren var prega av arbeidet med fusjonen. Etter at interimsstyret

for HVL var oppretta, blei dei strategiske sakene flytta over til dette organet. HiB-styret har arbeidd med studieporteføljen for campus Bergen og opprettning av mastergradar, og endeleg akkreditering av femårig grunnskulelærarutdanning.

Høgskolestyret tilsette ny administrerande direktør i 2015. På grunn av planane for fusjon og vedtak om fusjon, hadde høgskolen i 2016 ein periode med mellombels tilsettjing i stillinga. Ved utgangen av 2016 vart Gro Anita Fonnes Flaten tilsett som høgskoledirektør. Oppgåvane i stillinga hennar er vidareført i nærrregionen fram til den endelege organiseringa av HVL trer i kraft frå 2018. HiB-styret vedtok i haustsesjonen formelt å avvikle metningsdykkerutdanninga med bakgrunn i Stortinget si handsaming av saka i 2012. Dette har medført at leiinga har sett i gang prosessen med å avslutte kontrakten med leverandøren av utstyret og avklaring rundt framtidig bruk av lekteren. Saka vil få ei endeleg avslutning i 2017. Styret har vedteke avsettingar for å handtere avslutninga av prosjektet.

Styret ved Høgskolen i Bergen har arbeidd for å halde god kontroll med høgskolen sine ressursar. Høgskolen har hatt ein sunn økonomi i perioden og har arbeidd med å redusere avsettingsnivået. HiB har slite med eit udekt arealbehov som følgje av auke i studenttalet og derav fleire tilsette. HiB har derfor sett i gang eit arbeid med å utvide arealet på Kronstad både som ledd i samlokaliseringa av utdanningane i nærrregion Bergen og som ledd i å sikre arealbehova. Arbeidet med arealsituasjonen er teke vidare inn i HVL.

## HSH/ Nærregion Stord/ Haugesund

Styret ved Høgskolen Stord/Haugesund har i lengre tid hatt som overordna målsetjing å bli del av ein større utdanningsinstitusjon på Vestlandet, med mål om at studietilboda skal auke, og at ein fusjonert institusjon også skal gi betre mulegheit for fagleg kvalitetsutvikling. Det overordna fokuset for styret ved Høgskolen Stord/Haugesund i 2016 har vore arbeidet med fusjonsavtalen. I juni vedtok eit samrøystes styre å fusjonere inn i Høgskulen på Vestlandet pr. 1.1.17.

Overordna for institusjonen har hausten vore prega av å bidra inn i arbeidet med å klargjere system, strukturar og vedtak som var nødvendig for å kunne etablere Høgskulen på Vestlandet per 1.1.17. I ein periode der fusjon har kravd mykje kapasitet i delar av organisasjonen, har det vore særsviktig at vi ikkje har mista fokus på kjerneverksemda.



Konjunktursituasjonen og arbeidsløysa er viktige utviklingstrekk som har påverka aktiviteten vår i 2016. Dette gir tradisjonelt auka søking til studietilbod innan lærarutdanningar og helsefag, noko som også har vore tilfellet i 2016. Vi har hatt nær kontakt med regionen for å kartlegge behov for, og tilby, utdanningstilbod for næringar og arbeidssøkjande.

2016 har vore eit fagleg merkeår ved at HSH fekk godkjent ein ph.d.-fellesgrad innan nautiske operasjonar (norske samarbeidspartnerar), og at det tidleg i 2017 og vart godkjent ein master fellesgrad i maritime operasjonar (tysk samarbeidspart). Det betyr at vi no kan tilby fullt utdanningsløp frå bachelor til ph.d. Bachelorstudia i dette utdanningsløpet er nautikk, maskiningeniør og branningeniør.

Gjennom fusjonen med HVL har vi også nådd ein viktig milepåle i 2016 ved akkrediteringa av dei nye femåriga grunnskulelærarutdanningane.

2016 har vore eit år med godt arbeid med kvalitetsutvikling av studia. Vi vart òg nominerte til kvalitetsprisen av NOKUT med utdanningsprosjekten 'Undervegs' ved grunnskulelærarutdanninga.

Utdannings- og forskingsaktiviteten ved Høgskolen Stord/Haugesund har også i 2016 vore høg, om lag på nivå med toppåret 2015.

Det er fleire aktivitetstal vi kan trekke fram:

- > høgaste tal studentar med 3400 studentar, ein auke på ca. 200 frå 2015
- > samla studiepoengproduksjon er vel 2100 60-studiepoengseiningar
- > prosentdel utreisande utvekslingsstudentar har auka betydeleg i 2016

- > NFR-tildeling per fagtilsett er kr 62 000, noko som ligg over snittet både for statlege høgskular og 'nye' universitet
- > vi koordinerer og deltek i EU-finansierte FOU-prosjekt
- > prosentdelen med førstekompetanse blant fagtilsette auka i 2016

Desse utviklingstrekkene er med og stadfestar høgskolen si regionale rolle som kunnskaps- og utviklingsaktør. Omsetnaden i 2016 var 378 mill. kroner. Det er ein auke på 7,3% frå 2015. Aktiviteten er innanfor dei totale økonomiske rammene, med eit resultat på 3,8 mill. kroner i 2016. Det har vore ein auke på 15 årsverk i 2016. Det er tilsett kvalifisert personale i alle KD-finansierte rekrutteringsstillingar.

Den strategiske planen ved Høgskolen Stord/Haugesund skulle ordinaert blitt fornya i 2016. Som følge av fusjonsprosessen vart handlingsplanen for 2016 basert på den gamle strategiplanen og resultata dei seinare åra. Høgskolestyret hadde i handlingsplanen for 2016 følgjande fokusområde :

- > Kompetanseheving, med særleg vekt på første-kompetanse
- > Drøfting av fusjon med Høgskolen i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane
- > Vidare utvikling og koordinering av forskings- og læringsstøtte, inkl. styrka rektorat
- > Utvikling av sentermodell
- > 5-årig grunnskulelærarutdanning
- > Nye studietilbod og fleire studieplassar på tilbod der ein kan bidra i omstillingss prosessen i det regionale næringslivet, og til auka internasjonale tilbod
- > Studentrekutterting

Styret viser til aktivitet og resultat i vedlagte rapport.

## Framtidsutsikter for HVL

Høgskulen på Vestlandet har sitt første driftsår i 2017, og dette set rammer for ambisjonane dette året. Det mest kritiske for å starte arbeidet med å nå ambisjonane i fusjonsavtalen er å få på plass fagleg profil, og fagleg og administrativ organisering. Vidare er det ein føresetnad for å nå måla framover at ein lukkast med ambisjonen om digitalisering av verksemda. Å synleggjere HVL internasjonalt ved auka student- og tilsettmobilitet og forskings-samarbeid vil bli vektlagt. Gjennom 2017 er det i tillegg viktig å oppretthalde eit sterkt fokus på studiekvalitet, og å fortsetje den tette kontakten med nærings- og arbeidsliv i nærregionane både i utdannings- og forskingssammenheng.

Mål for verksemda er utfordrande å fastsetje utan ein strategi, og er derfor basert på fusjonsavtalen. Styret har vedtatt at følgjande mål vert tekne med inn i strategiplanarbeidet i 2017-18.

- > HVL skal vere ein samla institusjon
- > HVL skal gjennom utdanning, forsking, innovasjon og samhandling bidra til berekraftig utvikling på Vestlandet.
- > HVL skal ha fleire nasjonale og internasjonale FOU-miljø som støtter oppunder universitetsambisjonen
- > HVL skal prioritere internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og aktivitet, i tillegg til å auke internasjonalisering av utdanningane heime og ute.
- > HVL skal ha ein av dei leiande grunnskulelærarutdanningane i Norge
- > HVL skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for kvalitet i utdanninga

Desse måla vil vere med å vidareutvikle HVL i tråd med ambisjonane som er sett i fusjonsavtalen.

Bergen 9. mars 2017

Arvid Hallén  
Styreleiar

Ingrid Moe Albrightsen  
Styremedlem

Aina Berg  
Styremedlem

Gunnar Birkeland  
Styremedlem

Sissel Johansson Brenna  
Styremedlem

Cecilie Fredheim  
Styremedlem

Kari Kjendalen  
Styremedlem

Sondre Riisøen  
Styremedlem

Ragnar Gjengedal  
Vara for styremedlem  
Tom Skauge

Marit Ubbe  
Styremedlem

Trond Ueland  
Styremedlem

Gunnar Yttri  
Styremedlem

Christine Øye  
Styremedlem





## DEL II

# Verksemda og hovudtal

## Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet er ein av dei største høgskulane i Noreg, med over 16.000 studentar fordelt på fem campusar i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund. I Bergen finst det i alt tre undercampusar.

HVL dekkjer dermed dei tre fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland og er den desidert største utdanningsinstitusjonen på Vestlandet. Basert på tala fra dei fusjonerande høgskulane, har HVL landets største grunnskulelærarutdanning og den nest største sjukepleieutdanninga i Noreg.

HVL tilbyr utdanning frå årsstudium til bachelor-, master- og doktorgrad. HVL har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialfag, ingeniør- og maritime fag, lærar- og musikkutdanning, idrett, friluftsliv og folkehelse, natur- og samfunnsfag og økonomi og leiing. Eit av dei grunnleggjande måla med fusjonen er å styrke det vitskapelege aspektet ved høgare profesjonsretta utdanning, og det er derfor eit mål å utvikle tilstrekkeleg forskingskompetanse og forskarutdanning til å kunne

oppnå status som universitet.

Basert på tal frå dei fusjonerande institusjonane i HVL, vil rundt 2.700 kandidatar bli uteksaminert årleg - kandidatar som er med på å løyse viktige samfunnsoppgåver innanfor desse fagområda.

HVL er etablert med eit styre på 13 personar med ekstern styreleiar og tilsett rektor. Høgskulen har tre prorektorar for kvar av nærrregionane. Høgskulen er i 2017 organisert som tre nærrregionar, som er ei førebels vidareføring av dei tre fusjonspartane. Høgskulestyret har vedtatt at det skal vere fire fakultet frå 1.1.2018. I 2017 skal høgskulen igjennom eit større omorganiseringsprosjekt som skal byggje den nye organisasjonen. Detaljane rundt den framtidige organiseringa vil bli klart i løpet av året.

## Nøkkeltal HVL pr 1.1.2017

Årsverk: 1.578

Tal på studentar: 16.637

Budsjett KD: 1,791 milliard kroner

# Kort om Nærregion Sogn og Fjordane

Nærregion Sogn og Fjordane omfattar Sogn og Fjordane fylke med sine 26 kommunar og har to campusar; éin i Førde og éin i Sogndal. Campus Førde omfattar sjukheile- og ingeniørutdanningane, med rundt 800 studentar og ca. 70 tilsette. Eksisterande nybygning(ar) på Vie i Førde vart tekne i bruk i 2005. Delar av bygningsmassen har dispensasjon for miljøkrav til 1.9.2017. Det vert no arbeidd med planar om nybygg, eventuelt leige av areal i nybygget til Helse Førde

Campus Sogndal omfattar lærar- og idrettsutdanningar, utdanningar i økonomi-, samfunns- og sosialfag og i naturvitenskaplege fag, med i alt ca. 3.200 studentar og 330 tilsette. Det nye og moderne Høgskulebygget vart teke i bruk i august 2012. Bygget er eit knutepunkt for bygningsmassen til HiSF i Sogndal. Både studentar og tilsette er godt nøgde med fasilitetane. Sommaren 2018 flyttar vi også inn i det moderniserte Gymnasbygget på Fosshaugane, som Statsbygg kjøpte av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2014. Gymnasbygget har ei strategisk plassering i høve til resten av bygningsmassen på Campus Sogndal.

Vi forsyner regionen med ei rekke utdanningar på bachelor- og masternivå. Dei uteksaminerte kandidataane frå desse utdanningane representerer ei svært viktig arbeidskraft for sentrale institusjonar, verksemder og bedrifter i fylket. Vi tilbyr eit breitt og relevant utval av etter- og vidareutdanningar, utvikla i tett samspel med arbeidslivet kring oss. Dei siste åra har FoU-verksemda vakse sterkt med fleire NFR-prosjekt, EU-prosjekt og store oppdrag frå samarbeidspartnarar. Dette har ført til sterk vekst i talet på vitenskaplege publikasjonar. Vi har òg hatt betydeleg fokus på utdanningskvalitet og fått gode score på kvalitetsparametrar.

Kjerneverdiane ved Høgskulen har vore: «Kompetent, aktiv og tett på». Verdiane uttrykkjer det vi ønskjer å stå for også i 2017. Nærregionen har store ambisjonar og siktat mot å verte betre på alle felt, i samsvar med strategiplanen. Særleg skal utdannings- og forskingskvaliteten styrkast. Vi vil halde fram det langsiktige arbeidet med å utvikle relevante studietilbod, vektlegging av studiekvalitet, tilrettelegging for å skape gode og attraktive fagmiljø, og auka forsking som hovudsatsing. To av tre studentar ved grunnutdanningane i nærregionen kjem utanfrå fylket. Fleire av utdanningane våre rekrutterer nasjonalt. Dette stiller store krav til rekrutteringsarbeidet.

Vi ser òg på godt omdøme og sunt samspel med omgjevnadane som avgjerande viktig. Samverke med samfunns- og arbeidslivet i regionen har høg prioritert.

Dette var forankra i strategiplanen til HiSF 2014-18. Dei same ambisjonane er nedfelte i fusjonsplattforma til HVL. HiSF har sett på lokal autonomi som ein føresetnad for å realisere ønska strategisk profil. Når vi no går inn i den nye fellesinstitusjonen på Vestlandet, vil vi vidareutvikle den regionale rolla innanfor dei nye mulegheitene som fusjonen skaper, med større og tettare faglege kontaktnett.

---

Årsverk: 362

---

Tal på studentar: 4.033

---

Omsetning: 430 819 mill. kroner.  
Av dette er 378 591 mill. kroner (88 %) finansiert av ordinær løvning frå Kunnskapsdepartementet.

---

# Kort om Nærregion Bergen

Nærregion Bergen er HVL sin største region målt i talet på studentar og tilsette. I 2016 var det 886 årsverk og 8.900 studentar totalt knytt til verksemda i Bergen. Nærregion Bergen har tradisjonelt dekt heile Vestlandet og rekrutterer frå heile landet.

Nærregionen har to hovedcampusar: éin i Mølleindalsveien, der Høgskolen i Bergen tradisjonelt har hatt ulike utdanningar, og éin ny på Kronstad. Hovedvekta av studentar og tilsette finn ein på den nye campusen på Kronstad, der om lag 7.000 studentar og 650 tilsette held hus. Nybygget her stod ferdig i 2014. Totalt utgjer bygningsmassen 63.000 kvm med 53 auditorium, 132 spesialrom og 21 undervisningsrom.

Bygga på Kronstad har ein grøn profil og huser det som i dag vert rekna som Noregs største studentkafé. Dykkarutdanninga ved HVL ligg på ein eigen campus i Skålevik, der ein dei siste åra har bygd opp nytt kaianlegg. Sju av HVL sine senter har lokale ved campusane i Bergen.

Nærregion Bergen huser i 2017 dei tre avdelingane og dei fellesadministrative tenestene som i 1994 gjekk inn i HiB. Avdelingane og administrasjonen vil bli vidareført i si noverande form fram til 2018.

Det blir i dag undervist i 38 bachelorprogram og 24 masterprogram innanfor helse, sosialfag, utdanning, ingeniør og tekniske fag og økonomi og administrasjon. HVL sine to doktorgrader har utspring frå fagmiljøa ved

nærregionen, høvesvis Avdeling for ingeniør- og økonomifag og Avdeling for lærarutdanning.

Ambisjonen til Nærregion Bergen har vore å byggje naudsynt kompetanse for å bli eit universitet med forsking, utviklingsarbeid, innovasjon og formidling retta mot dei yrka vi utdannar for. Dette arbeidet er vidareført i HVL. Nærregionen har eit utbredd samarbeid med næringsliv og innovasjon og forskingsmiljø regionalt og nasjonalt, og eit tett samarbeid med dei ulike sektorane vi utdannar kandidatar til.

Årsverk:	886
Tal på studentar:	9.205
Omsetning:	1,144 milliard. Av dette er 91% statleg finansiert – (87% over ordinær driftstildeling).

## Kort om Nærregion Stord/Haugesund

Regionen er i stor grad ein felles bu- og arbeidsmarknad. Om lag 170.000 menneske i frå 19 kommunar høyrer heime her. Gjennom dei to campusane Stord og Haugesund forsyner vi regionen med utdanninger på bachelor- og masternivå, og frå 2017 på doktorgradsnivå. I tillegg tilbyr vi eit breitt og relevant utval av etter- og vidareutdanninger, som oftast utvikla i tett sams spel med arbeidslivet rundt oss. Dei siste åra har forskings- og utviklingsverksmeda (FoU) vokse monaleg med fleire NFR-prosjekt, EU-prosjekt og oppdrag frå samarbeidspartnarar.


Åtte av ti studentar kjem i frå eigen region. Eigenarten til studiestadane våre er i stor grad eit resultat av dei kunnskaps-, kompetanse- og ferdigheitsbehov som det regionale arbeidslivet har. Det kjem òg til uttrykk gjennom samarbeidsavtalane vi har knytt med arbeidslivet. På bakgrunn av dette jobbar vi ut i frå at all utdannings-, forskings- og utviklingsaktivitet skal ha ei særskilt betydning for nyskaping og verdiskaping i regionen. Aktiviteten skal òg ha høg nasjonal og internasjonal verdi. I nærregionen har vi konsentrert aktiviteten kring tre store fagområde. For lærarutdanningane og kulturfaga legg vi særleg vekt på utvikling av fagleg, kreativ og innovativ kompetanse i skule og barnehage. Analyse av og refleksjon over bruk av teknologi som del av under-

vising og opplæring er ein berebjelke. Innanfor helsefaga vektlegg vi omsorgsvitskap med fokus på folkehelsearbeid, samhandling og personsentrert omsorg til pasientar i langtidsløp. Når det gjeld dei tekniske, økonomiske og maritime faga, har vi særskilt merksemd på teknisk sikkerheit, økonomisk og organisatorisk usikkerhets-handtering og komplekse maritime operasjonar.

Nærregionen har to hovudcampusar: éin på Stord (Rommetveit) der ein har sterke og tradisjonsrike røter innan lærarutdanning, og éin midt i Haugesund kor det maritime og sikkerheit er viktige fagprofilar. Talet på tilsette og studentar fordeler seg nokon lunde jamt mellom campusane. Til saman har nærregionen 3400 studentar og 310 tilsette. Campus Stord ligg landleg til og husar mange flotte og historiske bygg. Studentbustadene ligg og tett på, og gjer campus til ein intim, unik og flott studiestad. I Haugesund er all verksemد samla i høgskulebygget midt i sentrum med moderne studentbustader like i nærlieken. I Haugesund er det under utvikling eit eige maritimt senter (bygg) i tilknyting til dagens høgskulebygg. Begge campus er sertifisert som Miljøfyrtårn.

Årsverk:	330
Tal på studentar:	3.399
Omsetning:	376 116 millionar kroner. Av dette er 87% finansiert av ordinær løying frå Kunnskapsdepartementet.

# Organisasjonskart for HVL 2017



Ovanfor har vi laga eit litt forenkla organisasjonskart for HVL i 2017. Som det går fram av innleiinga, har HVL éin prorektor for kvar av dei tre nærregionane. I tillegg er òg viserektorstillinga i Sogn og Fjordane vidareført saman med direktørstillingane i Bergen og Stord/Haugesund. Sistnemnde har ansvar for dei einskilde administrasjonane. Av omsyn til framdrift på lærarutdanningsreforma, er det oppretta ei mellombels eining for grunnskulelærar-

utdanninga for heile HVL. Kvar avdeling er leia av eit dekanat beståande av 1-3 dekanar/prodekanar avhengig av storleik. Avdelingane er anten organiserte med mellom 2 og 6 institutt, eller etter program og studie-retningar. Variasjonane avheng av grad av spesialisering, samhandling mellom faggrupper og storleik. HVL har i dag til saman 10 senter.



## DEL III

# Årets aktivitetar og resultat

---

I det følgjande kapittelet finn ein resultatrapporteringa frå dei 3 fusjonerte høgskulane. Det er ikkje sett av noko eige kapittel for HVL då denne organisasjonen ikkje var i drift før 1.1.17. Arbeidet med fusjon kjem difor fram under dei tre hovudkapitla for dei tre høgskulane.

# Resultatrapptering HiSF/Nærregion Sogn og Fjordane 2016

## Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forsking

### 1.1 Verksemstmål

Studentar skal få tilbod om forskingsbasert utdanning med høg fagleg kvalitet. Høgskulen skal leggja tilhøva til rette for utvikling av «den gode undervisaren».

#### 1.1.1 Styringsparametrar

Sjå tabell under

#### 1.1.2 Analyse

Resultata både frå Kandidatundersøkinga og Studiebarometeret held eit jamt godt nivå, og studentane våre er meir tilfredse enn det nasjonale snittet. Det er gledeleg å sjå at den eigenrapporterte tidsbruken til studentane har auka, og at våre studentar nærmar seg det nasjonale talet her. Dette har vore eit satsingsområde på fleire av studieprogramma i 2016.

Høgskulen tilbyr pedagogisk utdanning til tilsette,

i alt 15 sp fordelt på fire emne à 5 studiepoeng. I 2016 fullførte 28 tilsette eitt av desse emna.

Høgskulen utarbeider ein årleg rapport om kvalitet i utdanningane. Denne vart lagt om i 2016, og hadde hovudfokus på internasjonalisering, eit område der høgskulen har hatt svake resultat. Vi nyttar også rapportane frå Studiebarometeret aktivt i kvalitetsarbeidet, og ser på resultata her om det er nokre område vi bør ha ekstra fokus på framover, både på institusjons-, avdelings-, og studieprogramnivå.

Studiebarometeret 2016 stilte spørsmål om kor tilfredse studentane er med eige læringsutbytte når det gjeld kunnskap om vitskapleg arbeidsmetode og forsking, og erfaring med forskings- og utviklingarbeid. Resultatet her var høvesvis 3,2 og 3,0, og vart såleis blant dei fem spørsmåla med dårlegast vurdering frå våre studentar. Det er difor grunnlag for å følgje opp høgskulen si målsetting om studentinvolvering i forskingsprosjekt og forskingsbasert kunnskap som ein del av læringsutbytte i studieplanane tettare opp framover.

Styringsparametrar	Resultatutvikling					Ambisjons-nivå 2016	Gj.snitt statlege høgskular 2016
	2012	2013	2014	2015	2016		
Studentar per fagleg årsverk	19,7	17,7	18,1	16,9	16,3	16,5	17,7
%-del kandidatar som seier dei er svært godt eller godt nøgde med studieoppaholdt ved HiSF (Kandidatundersøkinga)	87	88	90	90	89	90	-
%-del kandidatar som meiner arbeidstilhøve ved HiSF var gode eller svært gode (Kandidatundersøkinga)	71	67	71	72	69,5	73	-
Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med eige læringsutbytte		3,7	3,8	3,8	3,7	3,9	3,7
Skår på studiebarometeret.no på indeksen om undervisning og rettleiing			3,7	3,8	3,5	3,9	3,5
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar (KD-portalen)			33,1	33	34,4	35	35,3
Skår på studiebarometeret.no når det gjeld kor nøgd studentane, alt i alt, er med eige studieprogram. (Oppfatning av studiekvalitet)		4,3	4,3	4,3	4,1	4,4	4,1

Styringsparametrar	Resultatutvikling						Ambisjons-nivå 2016	Gj.snitt statlege høgskular 2016
	2012	2013	2014	2015	2016			
Primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak	1285	1576	1216	1551	1574	1700	-	
Primærsøkjarar per utlyst studieplass i SO-opptaket	1,66	1,79	1,48	1,69	1,82	1,9		
Gjennomsnittskarakter nye frammøtte studentar via SO	3,89	3,90	3,92	3,98	4,06	4,0		
Nye studentar rekruttet gjennom SO	853	942	840	919	955	920	-	
Nye studentar rekruttet utanom SO	711	637	791	814	851	800	-	
%-del av nye studentar frå SFj som byrja ved HiSF (SO)	23,7	24,5	20,3	22,6	25,3	23	-	
%-del nye HiSF-studentar som er frå andre fylke enn SFj (SO)	67,1	67,0	68,8	68,8	67,2	67	-	

Høgskulen har fleire forum som arbeider med utvikling av studiekvalitet og felles kvalitetskultur. Masterforum har vore verksam nokre år, medan bachelorforum starta opp i haustsemesteret i 2016. Begge forum har vist seg å vera nyttige møteplassar, særleg med tanke på erfaringsutveksling. Det er også initiert noko utviklingsarbeid, mellom anna knytt til undervisning i vitskapsteori og metode. Dette kan vere høvelege arenaer for å styrke arbeidet med forskingsbasert undervising.

## 1.2 Verksemadmål

Høgskulen skal rekruttera kompetente og motiverte studentar til utdanningsprogramma

### 1.2.1 Styringsparametrar

Sjå tabell over

### 1.2.2 Analyse

Tala frå Samordna Opptak syner ei god og positiv utvikling på alle område, med vekst både i tal primærsøkarar og primærsøkjarar per utlyst studieplass. Det er også ein auke i talet på studentar som er rekruttet via lokalt opptak. Det er gledeleg at karaktersnittet på dei nye studentane er over ambisjonsmålet vi sette oss, og at det er ein auke i prosentdelen nye studentar frå eige fylke.

I 2016 har vi jobba vidare med «Tett på»- kulturen vår, med nære relasjonar mellom studentar, fagtilsette og praksisfeltet. I Studiebarometeret for 2015 fekk vi jamt over gode tilbakemeldingar frå studentane, og desse vart nytta aktivt i marknadsføringa av institusjonen og

utdanningane våre. Høgskulen er også aktiv med rekruttering på ulike nettsider, og på sosiale medium. Høgskulen nytta også i 2016 eit skulert korps av studentambassadørar i rekrutteringsarbeidet. I 2016 besøkte desse alle vidaregåande skular og folkehøgskular, i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og 20 skular i Oppland og Buskerud. I tillegg var mange vidaregåande skular og folkehøgskular på besøk til oss.

Vi har arbeidd tett saman med næringslivet når det gjeld rekruttering til den nyoppretta bacheloren i bygg og anlegg. Ved etter- og vidareutdanningane våre har vi eit tett samarbeid med regionen i rekrutteringsarbeidet.

## 1.3 Verksemadmål

Tilhøva skal leggast til rette for at studentane lukkast i utdanninga

### 1.3.1 Styringsparametrar

Sjå tabell neste side

### 1.3.2 Analyse

Både tal studentar og tal kandidatar i 2016 er det høgaste nokon gong for HISF. Vi kjem godt over ambisjonsnivået vårt på alle område, med unntak av studiepoeng per heiltidsekvivalent, som har ein liten nedgang i 2016 samanlikna med tidlegare år. Dette skuldast truleg fleire deltidsutdanninger. Resultata frå Studiebarometeret er i hovudsak også stabile. Sjølv om det er ein liten



tilbakegang frå resultata i 2015 på dei utvalde områda, er våre studentar framleis meir tilfredse enn det nasjonale snittet.

Eit godt fysisk og sosialt studentmiljø er viktig både for trivselen til noverande studentar og rekruttering av nye. Både læringsmiljøutvalet og Studentparlamentet har ei sentral rolle i dette arbeidet, og høgskulen har eit godt og nært samarbeid både med studentsamskipnaden og vertskommunane.

Det er også svært gledeleg at gjennomføringsprosenten på bachelor framleis er godt over det nasjonale snittet. Gjennomføring på normert tid er litt dårlegare enn landsnittet i masterprogramma, men det faktiske talet er langt betre enn dei offisielle tala. Tala i KD-portalen gir eit skeivt bilete av di studentane ved master i idrettsvitenskap blir tatt opp ved HISF, men får tildelt graden frå Norges Idrettshøgskole.

Styringsparametrar	Resultatutvikling						Ambisjons-nivå 2016	Gj.snitt statlege høgskular 2016
	2012	2013	2014	2015	2016			
Totalt studenttal per 1.10	3831	3678	3887	3783	4033	3900	-	-
Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar 1.10	2797	2854	2967	2924	3070	2970	-	-
Studiepoeng per heiltidsekvivalent	50,8	52,4	51,0	51,0	49	51,5	47,5	
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeneiningar)	2368	2493,6	2520,9	2498,6	2516	2550	-	
Kandidatproduksjon	527	637	645	733	736	700	-	
Gjennomføring i samsvar med avtalt utdanningsplan (%)	88,7	91,4	89,6	88,5	90,7	90	87,7	
Gjennomføring på normert tid for bachelorkandidatar 2013-kullet (%)	57,4	61,5	61,1	60,5	62,4	62	46,5	
Gjennomføring på normert tid for masterkandidatar 2014-kullet %			59,1	54,6	48,4	60	49,8	
Del uteksaminate kandidatar tekne opp på doktorgrads-program seks år tidlegare			75	83,4	50	100	-	
Tal avgelde doktorgrader	2	4	3	4	7	4	-	
Samla skår på Studiebarometeret på hovudområdet «Studie- og læringsmiljø»				4,0	3,9	4,2	3,8	
Samla skår på Studiebarometeret på hovudområdet «Undervisning og rettleiing»				3,8	3,5	4,0	3,5	
Samla skår på Studiebarometret på hovudområdet «Medverknad»				3,5	3,4	3,8	3,3	

Høgskulen har satsa på tiltak for å sørge for at studentane skal få ein så god start på studietida som mogeleg. Studentane i Sogndal og Førde får tilbod om kurs i studieteknikk ved studiestart, og Karrieresenteret har utvida opningstider dei første 14 dagane. Mange av rådgjevingssamtalane ved studiestart dreier seg om studieteknikk, gode studievanar og andre utfordringar knytt til det å vere ny som student.

HiSF har ikkje hatt eigne doktorgradskandidatar, men har finansiert 13 doktorgradsheimlar frå Kunnskapsdepartementet, der éin er øyremerka helse- og sosial, lærarutdanning og ingeniørfag, og éin er øyremerka grunnskulelærarutdanninga (GLU). Tidleg i 2016 fekk HiSF tildelt to midlertidige heimlar for å styrke den femårige GLU-utdanninga. HiSF har hatt samarbeidskandidatar med doktorgradsgjenvande institusjonar nasjonalt, og i aukande grad internasjonalt. Høgskulen har hatt god gjennomstrøyming på doktorgradskandidatane, men vi ser ein liten nedgang i 2016. Det vart i 2011 tilsett 7 doktorgradskandidatar, der 3 har fullført, 3 planlegg å levere våren 2017 og éin har forlenga tid grunna fødselspermisjon. Det er difor grunn til å tru at gjennomføringsprosenten vil ta seg opp att på ønskjeleg nivå i 2017.

## 1.4 Verksemdomål

Internasjonalisering skal vera ein integrert del av all verksemd ved høgskulen

### 1.4.1 Styringsparametrar

Sjå tabell under

### 1.4.2 Analyse

Mobilitetstala hadde ein svært positiv framgang i 2016, og vi er langt over ambisjonsnivået vårt både når det gjeld det totale talet på utvekslingspersonar over 3 månader, og det samla talet på Erasmus+ studentar. Det er også gledeleg at kortare praksisopphald under 3 månadar er populære tilbod for studentar på sjukepleie, barnehage-lærar og grunnskulelærar.

Vi har lukkast med å rekruttere innreisande studentar frå Erasmus+ institusjonar, spesielt frå Tyskland og Nederland. Trass auka satsing på marknadsføring av Erasmus+ partnarane våre, har vi framleis utfordringar med å få våre norske studentar til å reise på utveksling til europeiske land og institusjonar. Vi ligg såleis eit stykke under det nasjonale talet på del utreisande Erasmus+ studentar, sjølv om det også her var ein stor auke i 2016 til 0,41 mot frå 0,15 i 2015.

I 2016 hadde Høgskulen tilbod om både internasjonaliseringssstipend innan FoU og mobilitetsmidlar for tilsette finansiert av eigne strategiske midlar. I tillegg til dei 13 tilsette vi hadde Erasmus+ midlar til, fekk difor to tilsette også finansiert opphaldet sine gjennom strategiske midlar frå høgskulen. Stipenda vart lyst ut for studieåret 16/17,

Styringsparametrar	Resultatutvikling						Ambisjons nivå 2016	Gj.snitt statlege høgskular 2016
	2012	2013	2014	2015	2016			
Samla tal utvekslingsstudentar frå DBH – varighet over 3 mnd*	82	75	90	87	125	100	-	
Samla tal utvekslingsstudentar- varighet under 3 mnd**	-	-	14	27	27	30	-	
Studentmobilitet Erasmus+			30	28	54	35	-	
Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)			0,06	0,15	0,41			0,92
Tilsettmobilitet Erasmus+			10	10	13	20	-	
Engelske semesterstudium (30 stp) for internasjonale studentar				8	9	9	-	

\*Tal frå DBH \*\* Mobilitet i tillegg til DBH-tala

og det er planlagt 18 mobilitetar finansiert av Erasmus+ stipend og 8 ved bruk av strategiske midlar våren 2017. Vi ser at det er meir kunnskap om ordningane blant dei tilsette, og at det difor også har blitt meir interesse for stipenda enn tidlegare.

## 1.5 Verksemdomål

HiSF skal auke talet på publikasjonar til å bli ein høgskule med høg vitskapleg publisering, og skal ha høg fagleg og forskingsetisk kvalitet på fou-arbeidet

### 1.5.1 Styringsparametrar

Sjå tabell under

### 1.5.2 Analyse

HiSF arbeidar strategisk med mål om å auke den vitskaplege publiseringa. Talet på publikasjonspoeng har dei siste åra synt ein kraftig og stabil auke. Den nye metoden for berekning av publikasjonspoeng som blei innført i 2015, gjer at tala for poeng ikkje direkte kan samanliknast. Ein ser likevel at den gode trenden frå 2015 held fram i 2016, med ein ytterligare auke på om lag 23 %. Dette betyr at vi (alt) i 2016 passerte målet om 0,5 publikasjonspoeng per vitskapeleg tilsett innan 2020, sjølv om dette talet ikkje kan samanliknast direkte med målsettinga, som var sett før endringane i publikasjonspoengberekinga. Det vil framleis vere fokus på å auke delen kunnskap vi publiserer i fagfellevurderte kanalar.

Det har òg vore ein betydeleg auke i delen publikasjonar på nivå 2, noko som er eit kvalitetsstempel for forskinga ved høgskulen.

Dei strategiske forskingsprogramma ved høgskulen skulle etter planen avsluttast sommaren 2017, og nye forskingsprogram skulle lysast ut. Grunna arbeidet med å etablere ein ny strategi og organisasjon for HVL, blei det vedteke å utsette dette og forlenge dei eksisterande forskingsprogramma med eitt år (til sommaren 2018).

To av dei strategiske forskingsprogramma, «Kvalitet i velferdstenester» og «Samhandling, styring og innovasjon i offentlig sektor» slo seg i 2016 saman i «Innovasjon, kvalitet og styring i offentlig sektor» for å imøtekommne interne ynskje, og samtidig betre posisjonere seg strategisk i HVL. Mellom anna såg ein dette som viktig inn mot arbeidet som blir gjort for å etablere ei ph.d.-utdanning innan innovasjon. Evalueringa av programma i 2015 viste auka publiseringaktivitet og ei styrka bevisstgjering rundt publisering i poenggjenvante tidsskrift, noko som har halde fram i 2016. Innføring av ein meir resultatbasert og differensiert fou-ressurs for fagtilsette er også venta å bidra positivt til ytterlegare publisingssauke.

Ein auke av fou-tid til tilsette som har stort publikasjonspotensiale, er òg med på å bidra til å nå målsettinga om auka publikasjonsaktivitet. Institusjonelle fou-stipend vert nytta både som kompetansehevingstiltak og til å gje erfarte forskrarar samanhengande forskingstid. Vi har

Styringsparametrar	2013	Resultatutvikling			Målsetjing 2016	Snitt SH 2015
		2014	2015	2016		
Publikasjonspoeng	40,1	71,3	105,7	130,4	115	-
Publikasjonstal – nivå 2-andel (%)	5,6	8,1	10,4	24,0	10	30,2
Auke i publikasjonspoeng (%)	-20,0	77,8	48,4	23,3		-
Publikasjonspoeng per UFF-stilling	0,19	0,33	0,48	0,54	0,50	0,52
Del årsverk i førstestillingar av UFF (%)	38,4	38,5	42,7	45,9	45	-
Tal årsverk i dosentstillingar	4	4	6	5	8	-
Tal årsverk i professorstillingar	8,3	7,8	11	12	13	-
Tal årsverk i stipendiatsstillingar	21,8	20,1	26	30	28	-
Tal avgagte doktorgradar	4	4	4	7	4	-
Tal starta doktorgradskandidatar	6	2	6,5	11	11	-
Del uteksaminate kandidatar teken opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare	-	75	83	50	100	-

samla sett nytta om lag 18,5 millionar kroner på foustipenda sidan ordninga blei innført i 2013. I 2016 blei det tildelt stipend innan kategoriane Forskarstipend, Førstestillingskvalifiseringsstipend og Professorkvalifiseringsstipend. Stipendordninga har gjeve ønska resultat, og i 2016 blei to stipendmottakarar kvalifiserte til førstelektor og to til professor, i tillegg til at éin innan kvar kategori leverte opprykkssøknad som er under handsaming. Som tiltak for å betre bruken av stipendmidla etter målsettinga, har vi no startmøte for nye stipendmottakarar der både mottakar, rettleiar, instituttleiar og fou-administrasjonen deltek. Dette har bidrige til betre forventningsavklaring mellom stipendmottakar og fagleg leiing, og til at konkrete planar blir fastlagde for stipendperioden. Midtveges i stipendperioden blir dette følgt opp med ein midtvegssamtale, og etter avslutta stipendperiode vert det levert ein sluttrapport der ein òg evaluerer sjølv ordninga.

Framleis er det slik at vi på nokre fagområde har for låg del tilsette med førstekompetanse. Det blir arbeidd aktivt med å auke dette gjennom målretta rekruttering og langsiktig arbeid retta mot kompetanseheving av eigne tilsette. Høgskulen har lagt vekt å bygge sterkare fagmiljø og å auke tal årsverk i førstestillingar og professor-/dosentstillingar. Ein har òg sett gode resultat av å organisere fou-aktivitetene med å byggje opp forskingsgrupper. Publikasjonspoenga aukar gjennom at fleire tilsette publiserer poenggjevande, og i mindre grad av at få produserer meir. Mange fagmiljø har tilsette i doktorgradsløp eller organiserte førstelektoraløp, og høgskulen har fleire kandidatar som vil søkje opprykk til toppstillingar dei neste åra.

Det vart i 2015 starta eit arbeid for å få på plass eit kompetanseprogram som eit målretta tilbod til tilsette utan førstekompetanse. Det har vore organisert fleire samlingar i 2016, med fokus på formelle krav, framlegging av tekst, vurderingar av opprykkssøknader, rettleiing og mentorordning. I 2016 vart det òg starta eit kompetanseprogram der HiSF har fått 10 plassar på ph.d.-kurset «Praksisnær forsking» ved Høgskolen Stord/Haugesund, som dei køyrer for sine tilsette saman med Høgskulen på Lillehammer. Kurset går over tre samlingar frå hausten 2016 til våren 2017. Fagttilsette ved HiSF (og resten av HVL) er òg med og underviser på kurset, som har fått gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Høgskulen arbeider aktivt med å ha høg forskingsetisk kvalitet på fou-arbeidet. I 2016 blei det arrangert ein Forskingsetisk dag for alle tilsette, med inviterte foredragshaldarar mellom anna frå dei forskingsetiske komiteane. Det nasjonale arbeidet med nye forskingsetiske retningslinjer og revisjon av forskingsetikklova har òg initiert eit arbeid med å revidere administrative rutinar saman med fusjonspartnarane. Mellom anna vedtok interimstyret for HVL i desember å etablere eit

Forskningsetisk utval med verknad frå 1.1.2017. HiSF har forbetra systema for sikker lagring av forskingsdata, for å sikre opplysningsar som kjem under reglar for personvern, og for å sikre at data vert lagra på ein forsvarleg måte og innanfor dei tidsrammene som gjeld. Dette arbeidet held fram i HVL.

Seksjon for fou arrangerer jamleg fou-seminar der ulike problemstillingar og utfordringar knytt til fou-arbeidet vert tatt opp. Dette er eit tiltak for å inspirere, motivere og informere fagttilsette i deira fou-kvartdag. Seminara kan vere korte forelesingar, lengre seminar og kurs. Både interne og eksterne fagfolk har bidrige med kompetanse. Mellom anna blei det i 2016 arrangert kurs i excel, NVivo, rettleiing og akademisk skriving i regi av høgskulen.

Etter initiativ frå Forskar forbundet er det oppretta eit kvinnenettverk ved HiSF. Nettverket har hatt samlingar for alle kvinnelege tilsette der tema mellom anna har vore CV-skriving, fagfellevurdering og korleis ivaretak seg sjølv og sin eigen arbeidssituasjon. Nettverket har søkt og motteke OU-midlar frå Forskar forbundet til å arrangere nettverkssamlingar. Etter innspel frå mellom anna dette nettverket avgjorde HiSF hausten 2016 å sette av midlar til kompetansetiltak retta mot kvinner. Desse midlane er no lyste ut.

Høgskulen har òg etablert eit eige fond for infrastruktur der fagmiljø kan söke midlar for å få finansiert utstyr til forskings- og utdanningsformål. Det er venta at betre tilgang på forskingsinfrastruktur vil gje positiv effekt på publiseringsmålsettinga.

## 1.6 Verksemds mål

HiSF skal særleg utvikle praksisnære fou-prosjekt på regionale problemstillingar med nasjonal eller internasjonal relevans, og involvere studentar meir i forskings- og utviklingsarbeid

### 1.6.1 Styringsparametrar

Sjå tabell neste side

#### Kvalitativ styringsparameter

- > Resultatoppnåing på forsking i forhold til vår eigenart
- > Samspel mellom forsking og utdanning

### 1.6.2 Analyse

Høgskulen har god resultatoppnåing innan dei fleste strategiske satsingsområda. Ei evaluering av dei strategiske forskingsprogramma syner at det er mange positive verknader av satsinga, både med tanke på publisering, involvering av fleire fagttilsette og studentar i forskingsarbeid, prosjektutvikling og ekstern prosjektsøking, etablering av nettverk og fagleg samarbeid både regionalt, nasjonalt og også internasjonalt. Samanslåinga av «Kvalitet

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2016
	2013	2014	2015	2016	
Tal publikasjonar frå studentoppgåver	5	6	8	10	10
Tal studentforfattarar	1	11	16	16	15
Tal nye lærebøker og fagbøker	7	10	14	11	15

i velferdstenester» og «Samhandling, styring og innovasjon i offentlig sektor» til «Innovasjon, kvalitet og styring i offentlig sektor» er òg eit strategisk grep i samband med å posisjonere seg for relevante problemstillingar som fylge av samfunnsutviklinga. Målsettinga til HiSF om å peike ut 1-2 strategiske satsingsområde som grunnlag for mogleg framtidig etablering av ph.d.-program er lagt på is grunna fusjonen, og blir sett i samanheng med etableringa av to nye ph.d.-studium i HVL.

Fleire av dei store forskingsprosjekta ved HiSF tek utgangspunkt i praksisnære problemstillingar, og er designa og blir gjennomførte med utgangspunkt i dette verksemdsmålet. Høgskulen sitt største eksternfinansierte forskingsprosjekt, «Active smarter kids (ASK)», er eit utviklings- og forskingsprosjekt som undersøker om auka fysisk aktivitet i samspel med dei tradisjonelle skulefaga, påverkar skuleprestasjon, trivsel og helse. Både lokale og internasjonale aktørar er knytte til prosjektet. I dette prosjektet har ein lukkast særskilt godt med å forankre og gje eigarskap til prosjektet lokalt i kommunen, hjå offentlege institusjonar og andre relevante aktørar med engasjement for skulen. Prosjektet har oppretta si eiga nettside (<http://www.askbasen.no/fysiskaktivlaering>) der mellom anna lærarar i skulen kan finne pedagogiske opplegg til bruk i undervisninga. «The Sogn og Fjordane Preschool Physical Activity Study (PRESPAS)», som vart gjennomført barnehageåret 2015-16, undersøkte det fysiske aktivitetsnivået hjå 3-5 år gamle barnehagebarn i Sogn og Fjordane. Det er etablert eit oppfølgingsprosjektet kor vi ønskjer å følgje eit utval av desse barna i fem år framover, og undersøke korleis aktivitetsnivået utviklar seg i skulealder. Prosjektet har fått noko eksternfinansiering, men arbeider aktivt med å auke omfanget av denne. Regionale samarbeidspartar er Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Kommunenes Sentral forbund og Helse Førde.

I 2016 starta prosjektet «Selvstendige, selvhjulpne og aktive eldre – hverdagsrehabilitering for eldre (ISRAE)» som er eit samarbeid med Sogndal kommune med støtte frå Regionalt forskingsfond (RFF). Prosjektet undersøkjer effekten av trening hos eldre som har søkt eller motteke pleie- og omsorgstenester i eigen bustad. Dette er eldre som står langt framme i køen for ein institusjons-

plass. Ideen er at målretta tiltak mot desse kan gi en stor individ- og samfunnsgevinst ved å gjøre dei eldre meir sjølvstendige og sjølvhjelpne. Resultata kan nyttast til å effektivisere og betre kvaliteten i pleie- og omsorgstene sta, implementere styrketrening i kvardagsrehabiliteringa, samt føre til at færre eldre har mindre behov eller kan utsette behovet for tenestene i fleire år. Prosjektet søker aktivt støtte gjennom fleire eksterne finansieringskjelder, og har potensiale til å bli eit omfattande prosjekt av stor nytte for praksisfeltet.

Prosjektet Førde Active Transport (FACT) Study har som mål å evaluere effekten på sykling i Førde med å implementere Førdepakken, og å vurdere korleis implementeringa kan påverke folkehelse og miljøfaktorar. Vegnettet i Førde kommune vil frå 2016 og over ein periode på åtte år bli oppgradert gjennom Førdepakken. Ein milliard kroner skal brukast på å bygge ny infrastruktur for sykling og gåing. FACT-studien er forankra hos Førde kommune og Statens Vegvesen og vert gjennomført i samarbeid med Helse Førde, Vestlandsforsking, Universitetet i Agder og Norges idrettshøgskole, i tillegg til internasjonale institusjonar. Prosjektet søker aktivt støtte gjennom fleire eksterne finansieringskjelder.

Det er eit mål å tilby framifrå forskingsbasert utdanning ved HiSF. Studentar er i aukande grad aktive deltagarar i forskingsprosjekt. Dei har dessutan vore med som medforfattarar i poengjevande tidskriftsatiklar. Nokre av studentane er òg medforfattarar på meir enn éin artikkel. Det vert arbeidd aktivt med å styrke studentinvolveringa i forskingsarbeid, både gjennom datainnsamling og artikkelskriving. Studentar vert inviterte til fou-seminar saman med tilsette, og biblioteket har eigne opplegg for til dømes litteratursøk og bruk av referansar.

HiSF legg særleg vekt på forsking som byggjer opp om utdanningane. Fagmiljøa treng forskingsbasert styrking for å kunne drive og utvikle utdanningane i tråd med nasjonale standardar. Auka kompetanse er avgjerande for å ta del i kunnskapsbygginga i praksisfeltet, og for å vere ein truverdig samarbeidspart i dei stadig viktigare nasjonale-, regionale- og internasjonale kunnskapsnettverka innanfor utdanning og forskings- og utviklingsarbeid. Det blir òg arbeidd med å utvikle utdanningsinsentiv knytt til

større forskingsprosjekt gjennom å etablere tilhørende emne på bachelor- eller masternivå. I studiane skal perspektiv, metodikk og forskingsstatus frå prosjektet formidlast i undervisninga, og slik blir undervisninga meir forskingsbasert, studentane møter oppdaterte forskingsresultat, og forskarane får formidla og diskutert perspektiv og arbeid underveis i prosjektet. Eit godt døme er masterprogrammet i Climate change management, som er nært knytt til forskinga ved høgskulen. Studiet blei akkreditert i 2016, og har knytt til seg fleire toarstillingar frå andre forskingsinstitusjonar. Vi ventar at etablering av eit slikt studium legg grunnlag for nettverk som på sikt vil generere fleire aktuelle forskingsprosjekt, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Studentane si deltaking i forskingsprosjekt skal òg verte styrkt gjennom koordinering av innsats i eit avdelingsovergripande forum for masterutdanningar. Mellom anna blir det samordna kurs i metode, og jobba med felles retningslinjer for masteroppgåver. Dette arbeidet må vidareførast i HVL. Fleire av avdelingane har eigne forskingsseminar som knyter studentane sine masterprosjekt mot pågående prosjekt i høgskulen eller hos samarbeidande aktørar. I samband med Forskningsdagene 2016 blei det gjennomført fleire arrangement som kopla undervisning og forskingsformidling.

Populærtskapeleg forskingsformidling er avgjerande for å synleggjere forskinga til ålmenta. I samband med Forskningsdagane 2016 fekk tilsette tilbod om rettleiing til kronikkskriving frå kommunikasjonsrådgjevar. Dette resulterte i ein serie med fleire kronikkar som blei publisert i lokalaviser og på Forskning.no. I tillegg fekk fleire av arrangementa under Forskningsdagane god medie-

omtale. I samband med formidling inviterte vi òg kommunikasjonsekspert Audun Farbrot til å halde fou-seminaret «Slipp kunnskapen laus i sosiale medier». Kommunikasjonsrådgjevar er òg til disposisjon for forskarar som vil formidle viktige funn i media. Vi ser at dette gir gode resultat og omtale.

## 1.7 Verksemadmål

HiSF skal utvikle sterke fou-miljø og forskingsgrupper som får tilslag på ekstern finansiering og som har gode internasjonale relasjoner

### 1.7.1 Styringsparametrar

Sjå tabell under.

### 1.7.2 Analyse

Høgskulen har som målsetting å ha sterke forskingsgrupper med høgt tilslag av ekstern finansiering frå NFR, og vesentleg aktivitet mot EU i 2020. Horisont 2020-prosjektet “Mapping mobility – pathways, institutions and structural effects of youth mobility in Europe (MOVE)”, med høgskulen som partnar, blei starta opp i 2015. Dette er det einaste EU-prosjektet ved HiSF. Prosjektet er særleg viktig for å knyte internasjonale kontaktar, og å auke forskarutvekslinga. Ei samarbeidsstilling som kan nyttast i rådgjeving i søknadsprosessar mot EU og Horisont 2020, er oppretta med Vestlandsforsking og Fylkeskommunen, og arbeider no primært med mobilisering for å auke aktiviteten. Med ein større forskingsadministrasjon er det òg grunnlag for å følgje dette betre opp i HVL.

Høgskulen arbeider aktivt mot relevante utlysingar i Forskningsrådet, og fleire fagmiljø søker midlar for å finansiere forskingsaktivitet, publikasjoner, stipendi-

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing
	2013	2014	2015	2016	
Tal eigne NFR/RFF søknader	9	10	16	9	20
Tilslag eigne søknader NFR/RFF (%)	33,3	30,0	25	33	25
Tal samarbeidssøknader NFR/RFF	5	3	8	14	10
Tilslag samarbeidssøk. NFR/RFF (%)	16,7	0	25	7	25
Midlar frå NFR (1000 kr)	10 004	9727	12818	9887	15000
NFR-tildeling per UFF-stilling (1000 kr)	48,0	45,4	57,9	40,6	70,0
Tal eksternfinansierte stipendiatar	6,5	8,5	8,5	10,5	12
Del artiklar med int. samforfattarar (%)	27,9	-	23,3	28,4	35
Horisont 2020 (1000 kr)	571	91	235	1116	1200
Horisont 2020 per UFF-stilling (1000 kr)	2,7	0,4	1,1	4,6	6,0

Styringsparametar	Resultatutvikling				Målsetjing 2016
	2013	2014	2015	2016	
Tal tilsette i fou-stipend	7	8	12	8	8
Tal tilsette som publiserer	66	107	110	124	120
Del UFF-stillingar som publiserer (%)	31,7	50,0	50	51	55

atar og forskaropphald. Dette er òg med på å byggje opp gode relasjonar med andre nasjonale partnarar som det er naturleg å knye til seg i slikt søkeradsarbeid. Det er utarbeidd sjekklistar for dei ulike prosjektfasane (søknad, start/gjennomføring og avslutning) som støtte til søkerane. Frå 2016 har òg forskingsadministrasjonen invitert til startmøte for alle nye eksternfinansierte prosjekt for å lage ein plan for å sikre administrativ oppfølging og støtte undervegs, og ein eigen prosjektrådgjevar innan økonomi følgjer opp større forskingsprosjekt.

Sjølv om brorparten av prosjektaktiviteten skjer innanfor dei strategiske forskingsprogramma, er det mykje aktivitet som ikkje vert omfatta av desse. Dette gjeld blant anna forskingsprosjektet «Transforming Author Museums» (TRAUM), som starta opp i 2016. Prosjektet er finansiert innanfor HUMSAM i det anerkjente FRIPRO-programmet (i NFR), som skal fremje nyskapande og dristig forsking med høg vitskapleg kvalitet. Prosjektet ser på kvifor nokre forfattarar vert valde ut til forfattarmuseum, mens andre ikkje blir det, og om dette t.d. berre heng saman med den litterære kvaliteten i forfattarskapet. Gjennom prosjektet arbeider historiemiljøet ved høgskulen saman med litteraturvitalar, didaktikkarar, marknadsføringssekspertar og turismeforskrarar både nasjonalt og internasjonalt. Prosjektet er ikkje berre strategisk viktig for prosjektgruppa og avdelinga, men syner òg at det er mogleg å nå opp blant dei store ved ei målbevisst satsing.

I 2016 etablerte høgskulen internasjonaliseringsstipend etter mal frå Forskningsrådet. Stipenda skal gje fagtilsette mulegheit til forskaropphald ved institusjonar i utlandet og stimulere til nettverksbygging, fagleg forskarsamarbeid og metodisk utvikling. Opphald skal ha forskingsarbeid som hovudformål, men opphald som også kan stimulere til utvekslingsavtalar for undervisning, tel positivt. Opphaldet skal normalt ha ein varigheit på 3-6 månader. Sju tilsette blei tildelt stipend for opphald i USA, Canada, Japan, Tyskland, Frankrike og Storbritannia (2). Det er òg mogleg for tilsette å søke støtte til mindre reiser i samband med prosjektutvikling og nettverksbygging gjennom andre ordningar.

## 1.8 Verksemadmål

Fou-arbeidet ved HiSF skal ta utgangspunkt i interesse og motivasjon hos fagtilsette, og arbeidet med fou skal vere inkluderande og motiverande og ha gode rammevilkår

### 1.8.1 Styringsparametar

Sjå tabell over.

### 1.8.2 Analyse

Høgskulen tildelte til saman 8 nye fou-stipend i 2016 til førstelektor- og professorkvalifisering og som forskarstipend til nykvalifiserte forskarar. Stipendmottakarane uttalte i ei evaluering i 2015 at dei opplever tildelinga som positivt for deira fou-kvartdag, særleg med tanke på mulegheiter til å publisere og utvikle prosjekt. Men evalueringa syntetiserer òg at det var rom for betringar i ordninga. Som følgje av dette, er det etablert eit formelt startmøte med betre planlegging av stipendperioden med tanke på å legge til rette for fou-arbeidet på arbeidsplanen, med rom også for å ta obligatoriske kompetansekurser (sjå tidlegare). Det er òg opna for å gjere om delar av stipendet til driftsmidlar. Det er ei utfordring for dei som skal kvalifiserast til professor, at det er få stipendiatstillingar ved HiSF, og at det difor kan vere utfordrande å få rettleiingserfaring, særleg sidan høgskulen ikkje er doktorgradsgjevande som institusjon. Dette vil kunne betre seg innanfor HVL.

Del UFF-stillingar som publiserer, har stabilisert seg etter ein god auke i perioden frå 2012 (20 prosent) til 2014 (50 prosent). Rammevilkåra er om lag dei same som tidlegare år, og noko av auken i publiseringar kan kome frå betre organisering av fou-verksemda og større merksemd på fou-aktiviteten. Publiseringa skjer i større grad i poengjevande publiseringeskjelder, og fleire publiserer på nivå 2 (sjå tabell 1.4.1).

Høgskulen legg vekt på at erfarte forskarar rettleiar kollegaer med mindre fou-erfaring. I søkeradene om interne midlar vert rettleiing vektlagt i vurderinga for tilsette som manglar formalkompetanse og/eller forskingserfaring. Organisering av fou-aktiviteten i tematiske forskingsgrupper og forskingssirklar har gjeve gode resultat, og doktorgradsstipendiatar og tilsette i førstelektorløp har i stor grad interne rettleiarar.

## Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

HiSF skal vere ein open og engasjert institusjon som er synleg og set spor etter seg. Høgskulen skal formidle viktige forskingsresultat i media og på eigne nettsider, og bidra med faktakunnskap i samfunnsdebatten. Høgskulen skal stimulere til verdiskaping gjennom innovasjon, og vere ein viktig regional utviklingsaktør. Høgskulen skal framfor alt utvikle ny kunnskap saman med praksisfeltet som skal bidra til ei endring av praksis for brukarar, yrkesutøvarar og som eit viktig vedtaksgrunnlag for styresmakter.

### 2.1 Verksemadmål

HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv

#### 2.1.1 Styringsparametrar

Sjå tabell under

##### Kvalitativ styringsparameter

- > Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.

HiSF har hatt veksande oppdragsmengde utanom EU og Forskningsrådet dei siste åra, og har lukkast bra med å auke denne aktiviteten. Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per faglege årsverk har likevel hatt ein nedgang i 2016 samanlikna med 2015 og ligg under målsettinga. Ei hovudårsak til nedgangen er at høgskulen ikkje fekk tilslag på nye store forskningsprosjekt i 2016. Mykje av tidlegare aktivitet har vore kopla mot SHP-programmet i Forskningsrådet. Dette programmet er no lagt ned. Det vil vere avgjerande at forskarane blir kjende med andre mulegheiter innanfor Forskningsrådet, og aukar søknadsinnsatsen mot andre program.

Høgskulen skal vere ein viktig partnar for samfunns- og næringsliv gjennom å tilby relevante utdanninger, innovative fou-prosjekt med relevans for samfunnet og faktabasert kunnskap til samfunnsdebatten. Høgskulen har eit etablert og godt samarbeid med viktige delar av regional offentleg forvaltning gjennom Fylkeskommunen, Fylkesmannen, Innovasjon Norge, kommunar, NAV og Helse Førde. Eit strategisk viktig samarbeid med energibransjen har gjeve opphav i eit eige forskingsprogram og ei utdanning innan Fornybar energi, og ei ingeniørutdanning innan Energi, elkraft og miljø. Høgskulen har i tett samarbeid med byggebransjen og fusjonspartnar Høgskulen i Bergen, etablert eit bygginneniørstudium i Førde. Arbeidet med å styrke ingeniør- og teknologiutdanningane ved HiSF gjennom eitt nytt byggingeniørstudium er forankra i RSA, og har ei arbeidsgruppe satt saman av medlemmer av dette rådet. Det er òg eit samarbeid mellom Innovasjon Norge, IT-forum Sogn og Fjordane, næringslivet og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om å skipe eit IT-studium i Sogn og Fjordane. Dette arbeidet er venta å resultere i eit nytt studietilbod innan dette faget i 2017. Det er òg eit felles forskingsprogram innan Innovasjon og verdiskaping i reiselivet saman med Vestlandsforskning, der reiselivs-aktørar, Fylkeskommunen og Innovasjon Norge er bidragsytarar.

Høgskulen har etablert prosjektsamarbeid med Vestlandsforskning innanfor IKT, fornybar energi og helse, og reiseliv. Samarbeidet med Vestlandsforskning har òg vore avgjerande for utvikling og drift av masterprogrammet i «Climate change management» som blei akkreditert i februar 2016. For å auke samarbeidet må ein sjå nærmare på korleis institusjonelle rammer, samarbeids- og institusjonsavtalar kan utviklast vidare.

Høgskulen har òg eit etablert forskingssamarbeid ved ingeniørutdanninga med Polen gjennom EØS-midlar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing	Snitt SH
	2013	2014	2015	2016		
BOA utanom EU og NFR (1000 kr)	20916	25301	28584	31272	35000	37045
BOA utan EU/NFR per UFF-stilling	100,4	118,1	129,1	127,6	152	118,8
BOA som del driftsinntekter (%)	6,0	6,3	6,8	7,3	7,0	-
Bidragsfinansiert BOA (%)	71,6	72,3	40,1	75,0	50	61
Oppdragsfinansiert BOA (%)	28,4	27,7	59,9	25,0	-	39
BOA frå næringsliv (%)	5,4	11,2	20	17	-	15
BOA frå det offentlege (%)	82,6	78,9	80	83	-	75
Innovasjon (NFR-tildeling per UFF-stilling (1000 kr))	48,0	45,4	57,9	40,6	70,0	-

tildelt via NFR i prosjektet MEDUSA, og samarbeid gjennom utveksling av studentar og doktorgradsstipendiatar. Høgskulen har elles eit tett samarbeid med Helse Førde, og deltar i utviklinga av eit klinisk tilbakemeldingssystem innan psykiatrien i prosjektet NORSE. Vårt bidrag i utviklinga er i hovudsak gjennom stipendiatar som arbeider med problemstillingar knytt til systemet.

Høgskulen tilbyr fleksibel utdanning til regionen gjennom etter- og vidareutdanningar, spesielt innan helsefag og lærarutdanninga. Høgskulen tilbyr òg desentralisert undervisning gjennom samlingar og nettbaserte forelesingar, og særskilt innan lærarutdanninga. Høgskulen organiserer i tillegg fleksible og tilrettelagte studietilbod til bedrifter, kommunar og andre aktørar gjennom oppdragseininger HiSF Oppdrag. Bruken av nettbaserte undervisningsmetodar er aukande.

#### Kvalitativ styringsparameter:

- > Forskingsinnsats i MNT-fag og profesjonsfag

Høgskulen sin forskingsinnsats er i stor grad retta inn mot profesjonsfag, profesjonsretta utdanningar og MNT-fag slik som utdanningsporteføljen ved HiSF er satt saman med stor vekt på lærarutdanning, helsefagutdanning og sosialfag, og eit framifrå fagmiljø innan geologi og geofare.

Det er etablert eit strategisk forskingsprogram i læringsforskning for å styrke forsking relevant for lærarutdanninga ved HiSF. Dei siste åra har det vore gjort eit målretta arbeid for å auke delen kunnskap vi publiserer i fagfellevurderte kanalar herifrå. Helsefagutdanninga har saman med Helse Førde eit eige strategisk Forsknings-senter for helseforskning. Dette har gjeve eit veldig løft til forskingsaktiviteten i begge organisasjonane. Kommunsekturen vert no invitert med. Det vart i 2016 gjeve strategiske utviklingsmidlar for å styrke forskingsinnsatsen. HiSF er òg med på ei satsing mot velferdsteknologi som blir driven av IT-forum i Sogn og Fjordane.

Dei tidlegere omtala byggingeniør- og IT-studia samt masterstudiet i Climate change management, er særleg viktige for å styrke MNT-faga og forskingsinnsatsen vidare. Klima er eit område der forskingsinnsatsen i form av stipendiatstillingar, eksternt finansierte forskingsprosjekt og resultat i form av publikasjonar har vore særleg høg ved HiSF, og der ein har lukkast med å bruke det geografiske fortinnet med natur og isbrear tett på som ein styrke i forskingssatsingane.

Forskningsprosjektet «Renewable Energy Projects: Local Impacts and Sustainability (RELEASE)» følgjer konseptet om berekraftig utvikling, der tre dimensjonar må balanserast: økonomi, samfunn og miljø. Brukt saman med lokale effektar av fornybare energiprojekt, kan desse dimensjonane tolkast som ein ambisjon om å skape økonomisk verdi lokalt, balansere dei sosiale konsekvensane av desse effektane for lokale myndigheter, og til å redusere lokale miljøeffektar. Det er avgjerande i prosjektet å sikre informasjonsflyt frå prosjektet gjennom fleire kanalar enn dei vitskapelege, og det vert derfor mellom anna skipa til målretta workshops for partnerar på deira arbeidsplassar.

Av relevante faglege konferansar arrangerer HiSF saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane årleg ein rettleiingskonferanse. Temaet for 2016 var «Dei utfordrande samtalane». Under Forskningsdagane 2016 arrangerte vi «Drop-in seminar» om demens, der målgruppa var pårørande, kollegaer, venner og familie til personar med demens. Forskningsgruppa «Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO)», som er ein del av Senter for helseforskning, hadde også eige symposium på ein større europeisk fedmekonferanse i Göteborg (EOS 2016) i juni.

## 2.2 Verksemdsmål

HiSF skal formidle resultata frå fou-aktiviteten til samfunnet, og auke bruken av «open access» publisering

### 2.2.1 Styringsparametrar

Sjå tabell under.

Styringsparametrar	Resultatutvikling					Målsetjing 2016	Snitt UH 2015
	2013	2014	2015	2016			
Tal fou-resultat i CRIStin	509	450	613	478	650	-	
Tal publikasjonar Open Access	24	25	26		30	-	
Periodikaartiklar (%)	59,8	52,1	66,5	82,6	60	72	
Antologiartiklar (%)	40,2	39,1	29,7	16	35	26,5	
Monografiar (%)	0	8,8	3,8	1,4	5	1,5	
(Pop.)vitskaplege publ./posters	269	160	199	232	230	-	

## 2.2.2 Analyse

Talet fou-resultat har gjennomgåande vore stigande dei siste åra, men samtidig er det stor uvisse rundt dette talet, sidan det kan vere noko tilfeldig i kva grad dei tilsette rapporterer ulike aktivitetar. Gjennom eit open-access (OA) fond har tilsette mulegheit til å få støtte til OA-publisering. Det har vore ei god utvikling dei siste åra med auka publisering som er tilgjengeleg for alle. Det har vore vektlagt å styrke OA-publisering i tidsskrift, og ikkje å bygge opp eit eige parallelt institusjonelt arkiv. Publikasjonsprofilen har endra seg noko dei siste åra mot meir publisering i vitskaplege artiklar i periodika heller enn i antologiar. Ein god balanse mellom desse kanalane er viktig for å stimulere publisering av forsking både i spiss og i breidde.

Det er eit aukande tal registreringar av fou-resultat i CRIStin. Dei siste åra har det vore ein auke i vitskaplege og populærvitskaplege presentasjonar, og større merksemd kring arrangement under Forskingsdagane. I 2016 var det mange arrangement på begge studiestadene Førde og Sogndal, i tillegg til fleire arrangement utanfor campusane.

I 2016 hadde vi ei stor målsetting om å vidareutvikle forskingssidene som støtteverktøy for fagtilsette, men grunna fusjonsarbeidet har dette blitt utsett. Det har likevel vore lagt vekt på å oppdatere prosjektinformasjonen som ligg ute.

## 2.3 Verksemadmål

HiSF skal aktivt bidra til innovasjon og verdiskaping i privat og offentleg sektor

### 2.3.1 Styringsparametrar

Sjå tabell neste side

#### Kvalitativ styringsparameter

- > HiSF skal bidra til regional nyskaping og innovasjon.

Høgskulen deltek i Næringsforum-prosjektet i regi av Fylkeskommunen, og er ein aktiv samarbeidspartnar i regionen. Utdanningane ved høgskulen er i stor grad retta mot offentleg sektor, og difor er det ei ambisiøs målsetting å skape mange nye næringsbedrifter ut i frå fou-aktiviteten ved høgskulen. Det vil vere ein ambisjon framover for høgskulen å betre kommersialiseringarbeidet fram til bedriftsetableringar.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har som oppgåve å drive forsking, undervisning og formidling til gagn for samfunnet, og skal sikre samfunnet fri og open tilgang til høgskulen sine resultat. Som ein del av samfunnsansvaret skal høgskulen bidra aktivt til innovasjon og nyskaping, slik at samfunnet kan nyttiggjere seg resultata av høg-

skulen si verksemad, inkludert næringsmessig og kommersiell utnytting av forskingsresultat. HiSF har samarbeidd med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane som innovasjonsaktør for studentar og tilsette. I 2016 er det registrert 5 nye forretningsidear som blir vurderte for opptak i deira inkubator. Det har ikkje vore patentsøknader, lisensieringskontraktar eller nye formelle partnarskap innanfor innovasjon og verdiskaping i 2016.

Det er gjennom forskingsrådet si studENT-satsing i FORNY-programmet søkt om og tildelt midlar for å kommersialisere ein forretningside frå ei masteroppgåve, som har resultert i selskapet «Better Player.» Forretningsideen i selskapet er å utvikle ei programvareløysing som bidreg til å lette kommunikasjonen mellom (fotball)spelarar og trenarar med fleire, slik at spelarar kan ta større eigarskap til eiga utvikling for å ta rette val i trening og kamp. I dette selskapet var HiSF med som ein av stiftarane, og er inne på eigarsida med ein eigardel på 15 prosent.

Høgskulen har òg vedteke eit reglement som klargjer tilsette sine rettar til eigne forskings- og arbeidsresultat («Reglement for handsaming av tilsette sine rettar til eigne forskings- og arbeidsresultat») i 2016.

## 2.4 Verksemadmål

HiSF skal utvikle ny kunnskap som bidrar til endring av praksis

### 2.4.1 Kvalitativ styringsparameter: Ny kunnskap som bidrar til endring av praksis

Høgskulen har eit tett samarbeid med offentlege forvalningsaktørar og regionale styresmakter innanfor profesjonsfelta ved høgskulen. Høgskulen har eit svært godt renommé for å utvikle forskingsbasert kunnskap som er relevant for praksisfeltet. Særleg har ein i dei tidlegare omtala prosjekta «Active Smarter Kids (ASK)» samarbeidd tett med skule- og utdanningssektoren i Sogn og Fjordane, i «The Sogn og Fjordane Preschool Physical Activity Study» (PRESPAS) med barnehagane, og i prosjektet «Selvstendige, selvhjulpne og aktive eldre – hverdagsrehabilitering for eldre» (ISRAE) samarbeidd nært med pleie- og omsorgstenesta i kommunane.

Senter for helseforskning er ein brubyggjar mellom aktuelle forskingsmiljø i alle delar av HiSF og Helse Førde. Dette lettar tilgangen til samarbeidsinstitusjonane sin kompetanse og nettverk. Senteret frontar kompetanseheving innan felta, gjev informasjon og rettleiing om finansieringsmulegheiter og vidareutviklar nettverk mot forskingsfinansierande organ og andre forskingsnettverk. Som eksempel har forskinga rundt ulike behandlingsmetodar og helsetenestene til sjukeleg overvekt også skapt ny kunnskap som har bidrege til endringar av praksis. HiSF deltek i forskingsprosjekt både innan reiseliv,



og innan eit VR13-prosjekt i innovasjon, som har som føremål å jobbe tett med praksisfeltet for å legge til rette for kunnskapsbaserte endringar. Nokre fagmiljø har òg etablert forskingssirklar med deltaking frå praksisfeltet, utdanning og forsking innanfor velferdsprofesjonane,

for å få innsikt i korleis kunnskap blir brukt og modifisert i møte med praksis, og samstundes kome tett på korleis erfaringsbasert kunnskap blir brukt og modifisert i utdanning og forskingsformidling.

Styringsparametrar	Resultatutvikling					Ambisjons-nivå 2016	Gjennomsnitt nasjonalt 2016
	2012	2013	2014	2015	2016		
Del bachelorstudentar (%)	64	70	70	71,7	71,1	72	-
Del masterstudentar (%)	7	7	7	8,8	9,9	10	-
Bachelorgradar	20	21	21	21	22	21	-
Akkrediterte mastergradar	4	4	4	4	7	7	-
Vidareutdanninger				39	42	45	-
Del kandidatar som vurderte at utdanninga er ganske eller svært nyttig i arbeidssituasjonen*				92,4	91,8	92	-
Skåre på Studiebarometeret på samla vurdering av eige læringsutbytte i studiet		3,7	3,8	3,8	3,7	3,9	3,7
Samla skår på Studiebarometeret på spørsmål om relevans for arbeidslivet				4,4	4,2	4,5	4,1
<b>Kandidatmål AOI</b>				15	0	11	
<b>Kandidatmål sjukepleie</b>			122	154	126	110	
<b>Kandidatmål vernepleie</b>			28	31	31	21	
<b>Kandidatmål BLU</b>			20	53	31	35	
<b>Kandidatmål GLU 1-7</b>			26	31	39	30	
<b>Kandidatmål GLU 5-10</b>			18	23	21	26	
<b>Kandidatmål PPU</b>			92	36	90	48	

\*Frå kandidatundersøkinga 2016.

## Sektormål 3: God tilgang til utdanning

### 3.1 Verksemstmål

Kandidatar frå HiSF skal ha utdanningar som er relevante for samfunns- og arbeidsliv.

#### 3.1.1 Styringsparametrar

Sjå tabell under.

#### 3.1.2 Analyse

Vi er godt over kandidatmålet på dei fleste utdanningane, men ligg litt under på BLU og GLU 5-10. Grunnen til dei store sviningane på PPU er at vi også tilbyr deltidsutdanning her, noko som gir store kandidatkull annakvart år. Vidareutdanningane på AOI er på 90 studiepoeng og går over 1,5 år. Det var ikkje avslutningsår i 2016 og difor heller ingen fullførte kandidatar. I Høgskulen på Vestlandet er det starta eit samarbeid for å vidareutvikle desse utdanningane til eit masterprogram innanfor ABIOK-utdanningane, som på sikt er tenkt å erstatte vidareutdanningane innan anestesi-, intensiv- og operasjonssjukepleie.

Hausten 2016 byrja dei første kulla på bachelorutdanninga i bygg- og anleggsgeniør, og på masterutdanninngane i Climate Change Management, og Idrettsvitenskap.

Den siste har høgskulen tidlegare tilbydd i samarbeid med Norges Idrettshøgskule, men har no fått akkreditering på denne aleine. I tillegg fekk høgskulen også akkreditering på ein ny master i Spesialpedagogikk, med start i januar 2017.

Resultata både i Kandidatundersøkinga og Studie-

barometeret viser at studentane meiner utdanningane er nyttige eller relevante for arbeidslivet. Karrieresenteret arrangerer jobbsøkarkurs, med fokus på korleis skrive ein god jobbsøknad, CV og intervju.

Høgskulen har ikkje nokon felles karrieredag der studentane møter representantar for yrkesfeltet. I staden vert det lagt opp til at høgskulen støttar studentane sine linjeforeiningar som arrangerer mindre karrieredagar/arbeidslivsdagar/temadagar.

I samband med utvikling av nye studieplanar, eller revisjon av eksisterande, blir det lagt vekt på at det skal vere representantar frå næringslivet med i studieplankomiteen. Dette er med å sikre at læringsutbytta til studentane er relevante for dei framtidige arbeidsgjevarane. Bachelorutdanningane i historie og sosiologi vart revidert i 2016, og har innført eit obligatorisk praksisemne. Dette skal vere med å sikre at studentane også innanfor samfunnsvitskap og humaniora får relevant arbeidspraksis.

### 3.2 Verksemstmål

Studentar og tilsette skal oppleve ein framtdsretta digital studiekvardag. Høgskulen skal legge til rette for at utdanningstilboda våre er tilgjengelege for flest mogeleg.

#### 3.2.2 Styringsparametrar

Sjå tabell neste side.

#### 3.2.3 Analyse

Vidareføring av digital eksamen skjer i stor skala, med ein betydeleg auke i tal digitale skuleeksamenar, innleveringar og fleirvalstestar i 2016. Dei fleste faglærarane er svært positive til digital eksamen, medan det er nokre utfordringar med å få alle eksterne sensorarar til å ville bruke skjerm i staden for papir på sensurarbeidet. Høgskulen har også i år gitt såkornmidlar til prosjekt

Styringsparametrar	Resultatutvikling						Ambisjonsnivå 2016	Snitt SH 2016
	2012	2013	2014	2015	2016			
Skår på studiebarometer.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med ikttenestene		4,1	3,9	3,9	3,9		4,0	3,8
Tal digitale eksamenar			10	40	186	60	-	
Tal fleksible utdanningar; desentraliserte tilbod og fjernundervisningstilbod				25	30	30	-	

Kvantitative styringsparametrar (KD)	Ambisjon			
	2014	2015	2016	2017
Effektivitet:				
Tal studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)	711	674	619	477

som skal auke bruken av digitale hjelpemiddel i undervisinga, mellom anna til bruk av videoopptak før og under førelesning, «flipped classroom», og munnleg eksamen gjennom Adobe Connect. Det har blitt gjennomført fleire nettundervisningsseminar, og både studentar og lærarar har fått opplæring i bruk av Adobe Connect.

Høgskulen har vidareutvikla det internasjonale samarbeidet vårt innan dette feltet, mellom anna med Manchester Metropolitan University i England og Wroclaw Philological School of Higher Education i Polen. Vi har også arrangert digitalt studiebesøk med Mittuniversitet i Sverige. Høgskulen har utvikla eit betydeleg tal fleksible utdanninger. Det er i hovudsak kombinasjonar av fysiske samlingar og nettbasert undervisning mellom samlingane. Særleg gjeld dette deltids lærarutdanninger og mange vidareutdanninger for lærarar.

## Sektormål 4: Effektiv, mangfoldig og solid høyere utdanningssektor og forskningssystem

### 4.1 Verksemadmål

Høgskulen skal ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga

#### 4.1.1 Styringsparametrar

Sjå tabell under

##### Kvalitativ styringsparameter:

- > Høgskulen skal ha langsiktig økonomisk planlegging, god økonomistyring og god kontroll på utgiftene
- > God gjennomføring av budsjettet innanfor eit avvik på 1-2 % av tildelt ramme ved einingane
- > Ingen merknader frå Riksrevisjonen

#### 4.1.2 Analyse

Når det gjeld effektivitet og tal studiepoeng per fagleg årsverk, viser tabellen at vi har hatt ein nedgang i frå 2014 til 2016. Avlagde studiepoeng per heiltidsstudent er ganske stabilt i perioden, så forklaringa ligg i fleire faglege årsverk. Det kan vere grunn til å kople dette til høgskulen si satsing på forsking og utvikling, med fokus på publising og auka formell kompetanse i personalet.

Vi har ein ambisjon for 2017 å ligge på landsgjennomsnittet.

Langsiktige økonomiske prognosar skal støtte opp under institusjonen sine mål og strategiar. Resultata til høgskulen ligg noko over det vi budsjetterte for 2016. I høve til budsjettet kostnadsramme syner den ordinære drifta for 2016 eit mindreforbruk på kr 10 mill. Dette utgjer 4 % av budsjettet og ligg noko høgare enn styringsparameteren (avvika er kommenterte i leiarkommentar).

Vi har stabilitet i økonomistillingane på teamet. Vi har fokus på høg kvalitet og gode prosedyrar innanfor rekneskapsområdet.

Vi har gjennom året arbeidd med økonomisk styring. Det gjeld både å samordne økonomistyringa på dei ulike avdelingane og utvikle gode rutinar og oppfølging knytt til bidrags- og oppdragsprosjekta. Fokus i 2016 har vore større eksternfinansierte prosjekt i tillegg til rådgjeving til avdelingar ved søknader om eksterne midlar. Dette inneber blant anna betre budsjettering, kvalitetssikring av søknader og arbeid med kontraktar. Det har også vore nytta ressursar for å koordinere og planlegge tredje byggesteget ved ombygging Gymnasbygget.

Høgskulen har lite økonomisk slakk for å kunne handtere endringar i driftsnivået og studiepoengproduksjonen. Det er difor viktig å utvikle gode informasjonsrutinar som sikrar at endringar som påverkar styringsparametrane, blir fanga opp tidleg slik at det er muleg å gjøre tilpassingar. Vi har også fokus på å yte god opplæring og service til leiarane med budsjettansvar. Vi budsjetterer detaljert, noko som gir resultat i form av god økonomistyring, men vi treng også at alle avdelingane får samordna og forbetra støttesystema i aktivitetsplanlegginga.

Gjennomgangen av rekneskapen for 2016 viser at høgskulen sin økonomi er god, men vi har små marginar og må halde fram å følgje opp kritiske budsjettpostar. Vi har i fleire år jobba med budsjettmodellen ved HiSF og den interne ressursfordelingsmodellen. Vi har no kome fram til ein ny modell for budsjettåret 2017, som tek utgangspunkt i finansieringssystemet. Det vil bli laga ein ny felles modell for HVL. Dette arbeidet startar våren 2017. For å ha god styring og kontroll må vi ha fokus på internkontroll. Vi må ha rutinar med tydeleg ansvar og myndighet, sikre at gjeldande rutinar blir følgde og overhalde

Styringsparametrar	Resultatutvikling					Ambisjons-nivå	Gj.snitt statlege høgskular
	2013	2014	2015	2016	2016		
Solide fagmiljø	Kvalitativ vurdering						
Prosentdel førstestillingar	38,4	39,0	42,9	45,9	43	52,8	
Del kvinner i dosent- og professorstillingar	28,5	32,2	34,3	24,2	Auke		
Del kvinner i førstestillingar	31,2	35,5	39,7	42,1	Auke		
Forholdstal faglege og adm. Årsverk	2,2	2,2	2,0	2,2	2,3		
Del mellombelse stillingar ekskl. åremål og stipendiatar	17,7	18	12,3	11,3	Reduksjon	-	
Sjukefravær i %	4,7	4,3	3,6	3,6	Halde nivået	-	

lover og regler.

Vi jobbar tett med økonomiseksjonane ved gamle HiB og HSH, og har etablert arbeidsgrupper som skal sikre sikker drift og nye rutinar.

Det var ved rapporteringstidspunktet ikkje vesentlege merknader frå Riksrevisjonen.

## 4.2 Verksemadmål

HiSF skal ha ein effektiv, lærande og målretta organisasjon som legg til rette for og støttar opp om kjerneaktivitetane ved høgskulen.

### 4.2.1 Analyse

Arbeidet med ny struktur har vore ei heilt sentral sak for Høgskulen i Sogn og Fjordane i 2016. I februar 2016 gjorde styret vedtak om å setje i verk sonderingar med Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskolen i Bergen for å greie ut grunnlaget for å starte fusjonsforhandlingar med dei to institusjonane. Samstundes bad styret om å invitere Høgskulen i Volda til eigne sonderingar. I mars gjorde styret vedtak om å gå vidare med fusjonsforhandlingar med Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskolen i Bergen. 9. juni 2016 gjorde styret vedtak om å fusjonere med Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskolen i Bergen.

Den nye høgskulen fekk namnet Høgskulen på Vestlandet, og skal vere ein institusjon som har god forankring i nærregionane for dei tre høgskulane og dei fem studiestadane Haugesund, Stord, Bergen, Sogndal og Førde. Med utgangspunkt i det mangfaldige kompetansefellesskapet ved dei tre institusjonane skal Høgskulen på Vestlandet byggjast og utviklast til ein fagleg sterk og tydeleg kunnskapsinstitusjon. Høgskulen på Vestlandet skal ha eit nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og nærings-

liv, og yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling. Høgskulen på Vestlandet skal ha ein klar ambisjon om å verte universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil.

I denne prosessen har det vore medverknad både gjennom fagorganisasjonane i IDF-møte og gjennom deltaking i fagmiljøa og på avdelingane/einingane. På initiativ frå styret vart det hausten 2015 gjennomført ei spørjeundersøking blant HiSF- tilsette om haldningar til samanslåing. Dette vart følgt opp gjennom ein fagdag for alle tilsette i januar 2016, der det også vart gjennomført ei spørjeundersøking om vegen vidare i struktursaka.

Arbeidet med å iverksette fusjonen starta allereie i våren 2016. Arbeidet med dei verksemadskritiske områda hadde prioritert heile hausten. Det vart oppretta eit «Sikker drift prosjekt» med heile 64 arbeidsgrupper i aktivitet. Desse arbeidsgruppene består av administrativt tilsette. Samstundes vart det oppretta prosjekt for fagleg profil, fagleg organisering og leiing og administrativ organisering. Vedtak i desse sakene skjer i februar og mars 2017.

## 4.3 Verksemadmål

HiSF skal rekruttere og drive målretta kompetansebygging som sikrar eit høgt kompetansenivå, god kvalitet og profesjonalitet i alle delar av verksemda. Gjennom ein aktiv personalpolitikk skal vi styrke eit helsefremjande arbeidsmiljø, likeverd og likestilling

### 4.3.1 Styringsparametrar

Sjå tabell over

### 4.3.2 Analyse

Solide fagmiljø

Med solide fagmiljø meiner vi fagmiljø som er i stand til å ta vare på fagkompetansen innanfor utdanning, forsking og formidling over tid, som utviklar utdanningane i kontakt med arbeidslivet, som har faglege nettverk nasjonalt og internasjonalt, som har forsking som byggjer opp under utdanningane, og som har evne til å skaffe eksterne forskingsmidlar.

Det har også i 2016 vore arbeidd aktivt for å gi tilsette mulegheit til kompetanseutvikling, samt å rekruttere nye medarbeidarar med rett kompetanse i dei ulike fagmiljøa. Dette blir mellom anna gjort gjennom forskarstipend og kvalifiseringsstipend som blir lyst ut internt. Fusjonen med Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskolen i Bergen har som mål byggje sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø som set spor både nasjonalt og internasjonalt. Vi ser at vi er på rett veg mot eit høgre kompetansenivå, men det er framleis miljø som har problem med å rekruttere undervisings- og forskingskompetanse på førstestillingsnivå.

Som eit ledd i arbeidet med kompetanseheving og finansiering av fou og forskingsstipend, vart det i budsjettet for 2016 gjort ein reduksjon i fagtilsette si tildeling til fagleg/administrativ tid frå 25% til 23%. I samarbeid med fagorganisasjonane brukte vi i 2016 mykje tid på å utarbeide nye retningsliner for arbeidsvilkår for fagtilsette.

Vi har hatt ein jamn auke i prosentdel førstestillingar dei siste åra, heil tre prosentpoeng frå 2015. Tabellen under syner utviklinga ved avdelingane i perioden 2013-2016.

Det samla talet for del kvinner i førstestillingar har hatt ein jamn auke dei siste åra, og ligg no på 42,1 %. Utviklin- ga viser ein auke på knappe 11% over dei siste tre åra og utviklinga kan seiast å vere på rett veg.

Prosentdel kvinner i dosent- og professorstillingar er

redusert i 2016. Vi operer med små tal i ein institusjon av vår storlek, og det at ein professor sluttar slår relativt sett mykje ut. Sjå figur under

Alle avdelingar utanom AIN (som har same tal første stillingar som i 2015) har hatt ein auke i tal førstestillingar siste året. Det totale tal fagstillingar påverkar prosentdelen. Samlede avdelingar har auka talet årsverk med førstekompetanse i 2016. Dersom ei avdeling har rekruttert fleire tilsette på lægre nivå, så vil prosentdelen førstestillingar kunne bli lægre sjølv om talet førstestillingar har auka. Dette er tilfellet for Avdeling for samfunnsfag i 2016.


Del kvinner i førstestillingar totalt har ein auke, og følgjer same kurve som førstestillingar totalt.

### Forholdstalet mellom faglege og administrative årsverk

I målsetjinga er forholdstalet mellom faglege og administrative årsverk sett til 2,2. Dette er eit forholdstal som HiSF har nydda i budsjettsamanheng ved vekst og nedskjeringar; ved tildeling av nye stillingar og i kutt i tal årsverk. Vi har gått over til ein ny budsjettmodell, og denne parameteren er ikkje lenger med i budsjettmodellen. I Kunnskapsdepartementet sin tilstandsrapport for 2016 har HiSF eit forholdstal mellom faglege og administrative årsverk på 3,2. Gjennomsnittet for høgskulane er på 2,4. Til samanlikning så ligg HiB på 2,9 og HSH på 2,8. Dette er tal frå 2015, og vi har ikkje kunne framstille data for 2016. Det vil kome fram i tilstandsrapporten for 2017.

### Del mellombelse stillingar ekskl. åremål og stipendiatar

Arbeidet med reduksjon av mellombelse tilsettingar ved HiSF har vore eit sterkt fokus. Vi kan no vise til at vi har frå 2015 til 2016 redusert del mellombelse stillingar frå 12,3% til 11,3%, som viser at vi har nådd målsettinga om



reduksjon av mellombelse stillingar. Ein av grunnane til dette er eit auka fokus frå leirarar om å gjere grundigare vurderingar i retninga av stillingar kan lysast ut fast og eit større krav på auka datasikring på rapporteringar til DBH. Framleis ser vi det er vanskeleg å halde dette talet nede på grunn av utfordringar gjennom den offensive satsinga på kompetanseheving gjennom forskings- og kvalifiseringsstipend, samt rekrutteringssituasjonen innanfor nokre fagmiljø som til dømes helsefag.

### Utvikling i sjukefråvær

Vi skal gjennom ein aktiv personalpolitikk styrke eit helsefremjande arbeidsmiljø. Eit av måla for helsefremjande arbeidsmiljø vil vere det samla talet for sjukefråværet i HiSF. Vi har hatt ein jamn nedgang i sjukefråværet dei siste åra, i 2013 var det samla talet for sjukefråvær (både eigenmeldt og legemeldt) 4,7%. I 2016 viser talet 3,6 %, som er det same som året før. HiSF har vore IA-verksemd sidan 2002 og har medlemskap i bedriftshelseteneste for alle tilsette. HiSF har jobba med arbeidsmiljø i form av jamlege ID- og IDF-møte og arbeid i regi av vernetenesta. Vi har innført 1 time trening i arbeidstida, som vi opplever at tilsette nyttar og omtalar som eit positivt tiltak. Vidare har vi lagt ned arbeid i førebygging og oppfølging av sjukefråvær.

## Samfunns- og effektmål for bygge-prosjekt

HiSF flytta inn i eit nybygg i Sogndal sommaren 2012. Dette var byggesteg 2 i ein plan med ei ramme på 22.000 m<sup>2</sup> som vart vedteke tidleg på 2000-talet. Bygget har fått ei sentral plassering og er eit knutepunkt for bygningsmassen til HiSF i Sogndal. I samband med prosjekteringen av bygget vart det sett opp ulike effektmål:

- > Eit betre og meir attraktivt studiemiljø ved at ein samlar alle høgskuleaktivitetane i Sogndal på Fosshaugane Campus.
  - > Eit betre læringsmiljø ved at ein får meir funksjonelle undervisningsrom, fleire grupperom og felles bibliotek/ læresenter.
  - > Betre servicetenester for studentane ved å samlokalisere kantine, studenttorg, velferdstenester og lokale for studentdemokratiet.
  - > Meir rasjonell drift av høgskulen ved å samle administrasjon, studentekspedisjon, bibliotek, kantine og teknisk drift.
  - > Meir sambruk og betre utnytting av alle høgskulen sine lokale som er tilgjengelege på Fosshaugane campus.
  - > Betre utnytting av samla infrastruktur/ lokale på heile Fosshaugane Campus ved sambruk mellom idrettslag, vidaregående skule, Vestlandsforsking og høgskulen.
- Nybygget har vorte ein suksess, og både studentar og tilsette er godt nøgde med fasilitetane. Samstundes har

høgskulen auka tal studentar og tilsette dei siste åra, og vi har no for lite areal både i nybygget og generelt, i både Sogndal og Førde.

HiSF har kome eit steg vidare med tredje byggesteg i Sogndal. Seint på hausten 2014 kjøpte Statsbygg Gymnasbygget av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Gymnasbygget har ei strategisk plassering i høve til resten av vår bygningsmasse og vil vere avgjerande for at høgskulen skal nå målet om ein effektiv og intim Campus. Gymnasbygget skal innehalde kontor og undervisningsrom. Målet er at det skal vere klart for innflytting sommaren 2018. Korte avstandar mellom bygga våre vil gjøre at vi kan utnytte romkapasiteten i endå større grad enn i dag. Samstundes vil høgskulen gå ut av eldre bygningsmasse med veikskapar ved både tekniske installasjoner og mangal på universell utforming.

## Større investeringsprosjekt

### Sogndal

Hausten 2014 kjøpte Statsbygg, på vegne av HiSF, Gymnasbygget av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Avtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune om kjøp av Gymnasbygget blei undertekna i oktober 2014. Statsbygg overtek etter planen eigendomen vår/sommar 2017. Så følgjer det eitt år med ombygging/rehabilitering av heile bygget, før høgskulen tek bygget i bruk august 2018. Statsbygg mottok oppdragsbrev datert 30.10.15, og starta for fullt prosjektering av Gymnasbygget, slik at det vil tilfredsstille HiSF sine behov for kontorplassar, møterom, studentareal, undervisingsrom, spesialrom og auditorium.

Samtidig blei det sett ned ei brukargruppe internt ved høgskulen som har jobba med kven som skal flytte inn i Gymnasbygget, kva rom ein har behov for og kva funksjonar bygget skal innehalde. Teikningane som ligg føre, fyller no høgskulen sitt behov.

I oppdragsbrevet frå høgskulen til Statsbygg har HiSF formulert samfunnsmål, effektmål og resultatmål for Gymnasprosjektet:

### Samfunnsmål:

- Mål 1 Styrke campus med samlokalisering av tilsette og studierettingar
- Mål 2 Styrke HiSF som institusjon og som attraktiv samarbeidspartner for samfunns- og arbeidsliv i regionen

### Effektmål:

- Mål 1 Fremje studentar og tilsette sitt studiemiljø/ læringsmiljø / arbeidsmiljø
- Mål 2 Bidra til effektivisering av HiSF si verksemd
- Mål 3 Bidra til plass til studierettingane

## **Resultatmål:**

1. Kostnad: Prosjektet skal leverast innanfor avtalt styringsramme
2. Tid: Bygget skal takast i bruk til studiestart hausten 2018
3. Kvalitet: Berekraftig, fleksibel og funksjonelt bygg med nøktern standard

Statsbygg har vurdert den tekniske kvaliteten til Gymnasbygget, og har funne at det ikkje er synlege feil på dei bærande konstruksjonane.

Prosjektet omfattar rehabilitering og ombygging av eitt bygg med to etasjar samt hems, BTA ca. 4000 m<sup>2</sup>. HiSF har forplikta seg til å betale kostnadsdekkande husleige til Statsbygg for kjøp av Gymnasbygget, samt for prosjektering og oppgraderingskostnader på Gymnasbygget. Statsbygg har i perioden oktober 2015 til mars 2016 utarbeidd romprogram med programskisser i samarbeid med HiSF. Det er avklart i prosessen at Avdeling for lærarutdanning og idrett skal inn i bygget, i tillegg til seksjon for IT. Sløyd, formings- og tekstilrommet vil bli flytta frå Fossbygget opp i Gymnasbygget.

## **Førde**

Høgskulen har i 2015 bedt Statsbygg om ei behovsavklaring, brukskartlegging og mulegheitsstudie av eksisterande bygningsmasse på Campus Førde. Rapporten vart levert i juni 2015. Den konkluderte med at Campus Førde har nok undervisningsrom samla sett, men undervisningsromma har lite eigna størrelse til dagens behov. Høgskulen manglar undervisningsrom til grupper på 20-25 studentar (seminarrom) og gruppe på rundt 40 studentar (klasserom). Det er heller ikkje mogleg å bygge om eksisterande bygningsmasse slik at det vert nok kontorplassar til tilsette som er i Lettbygget, eit brakkebygg som har dispensasjon for miljøkrav fram til 1. september 2017. Høgskulen har etter måten kort tid på seg for å løyse denne utfordringa. I Lettbygget er det 18 kontor, med plass til 29 tilsette i tillegg til møterom/ sosialrom. Bygget rommar stipendiatar og forskrarar og Senter for helseforskning, som er eit samarbeid mellom høgskulen og Helse Førde.

Utover dette er det stor mangel på studentarbeidsplassar til ingeniørstudentar for å arbeide på prosjekt. Ingeniørstudiet har siste åra auka med to studierettingar og dobla studenttalet. Det er ønskjeleg med eit auditorium på 150 plassar, slik at ein kan tilby fellesundervisning på to kull studentar samstundes. I tillegg kjem behov for areal der ein kan gjennomføre større kurs og konferansar. Det føreligg i dag to alternativ. Det eine er eit nybygg, men ein har så langt ikkje fått svar frå Statsbygg om kor mykje areal som kan realiserast innan det eksisterande tomtearealet i høve til arealplanen. For det andre har høgskulen tilbod om å leige areal hos Helse Førde, i deira planlagde nybygg. I så fall må det skrivast intensjonsavtale mellom høgskulen og Helse Førde før sommaren 2017.

## **Midlar tildelt over kap. 281 post 01 og post 45**

HiSF fekk i 2016 ingen tildeling over kap 281.

## **Midlar tildelt over kap. 260 post 50, SAKS midlar**

HiSF fekk i 2016 saman med Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund tildelt kr 11.000.000 til arbeidet med å utgreie og førebu ei samanslåing av institusjonane frå 01.01.2017. Desse midlane blei overførte til Høgskulen i Bergen som vil rapportere om resultat og måloppnåing.

Kr. 800.000 blei overført til kvar av dei tre institusjonane og bruk til og dekke delar av reiseutgifter i samband med fusjon, for HiSF utgjorde desse kostnadane i 2016 om lag 1.800.000,-.

# Resultatrapptering HiB/Nærregion Bergen 2016

Årets aktivitetar og resultat er bygd opp etter dei verksamsmåla som HiB utarbeidde for 2016. Desse vil bli presenterte innleiingsvis, med referanse til dei sektormåla dei underbygger. Dei nasjonale styringsparametrane er presenterte til slutt i avsnittet for HiB.

## Hovudsatsingar 2016

HiB sine hovudsatsingar for 2016 var forankra i den nye strategien for HiB og blei operasjonaliserte igjennom avdelingane sine planer og høgskolens felles tiltak. Fellestiltaka for HiB i 2016 avgrensa seg til digitalisering, forskning, utvikling og innovasjon, internasjonalisering, internkontroll og internrevisjon, areal og sikkerheit.

## Resultata av hovudsatsingane ved HiB sine avdelingar

Ved Avdeling for helse og sosialfag har ein mellom anna arbeidd med kvalitetssikring av studieprogram og emne, investeringar og utvida bruk av SimArena. Arbeidet med nytt ph.d program har også vore viktig, samt arbeidet for å utvikle meir varierte læringsformer. Samarbeidet mellom administrasjonen og fagmiljøa har resultert i betre læringsutbyttebeskrivingar på utvekslingsemne noko som vil kunne bidra til å gjøre det lettare å samanlikne studium og bidra til å gjøre utveksling mellom lærestader enklare. Avdelinga har vidare fokusert på internasjonalisering og i det ligg blant anna studentutveksling.

Ved Avdeling for ingeniør- og økonomifag peikte ein i strategiplanen på fem tematiske område som er viktige for avdelinga. Dei områda er datateknologi, energi og miljø, helse, hav og innovasjon; med bærekraftig teknologi som fellesnemnar. Desse områda blir viktige å ta med seg i prosessen framover med danninga av eit nytt fakultet i HVL. I 2017 blir arbeidet med å komme i gang med å starte opp det nye doktorgradsprogrammet i datateknologi, og sørge for at dette programmet vil vere viktig for FoU-arbeidet for resten av avdelinga.

Ved sidan av dette har AIØ hausten 2016 bidratt til ein analyse utført av TeknoVest om etter- og vidareutdanningstilbodet på Sør- og Vestlandet. Analysen synte at det er store gap mellom det næringslivet treng av ny kompetanse og kva som i dag blir tilbode av slike EVU-kurs. Det blir derfor viktig å styrke tilbodet framover slik at omstillingsevna til regionen blir best mogleg.

Det vil i 2017 og vere ein hovudaktivitet å vidareutvikle

alle utdanningane våre innan bachelor, master og ph.d., og sikre at dei held ein høg kvalitet

Avdeling for lærarutdanning har i tett samarbeid med dei to andre fusjonspartane i HVL, i 2016 hatt ein særskilt innsats på utviklinga av den nye femårige lærarutdanninga. Arbeidet førte fram til akkreditering i høgskolestyret sitt siste møtet i 2016. Avdelinga har også starta opp eit nytt masterstudium i barnehagekunnskap og arbeidd med første heile år med høgskolens første ph.d.-utdanning. Alt dette har stilt krav til ei systematisk satsing på oppbygging av kompetanse for å møte dei nye krava og behova.

## Digitalisering

I samband med etableringa av HiB i dei nye lokala blei det gjort omfattande investeringar i digitale læringsverktøy. Høgskolen vedtok derfor i 2014 å sette i gang eit arbeid med digitalisering. Ei styringsgruppe for digitalisering har i 2016 retta arbeidet mot systematisk koordinering av ulike e-læringstiltak for å sikre betre utnytting av ressursane og større erfaringsutveksling mellom dedikerte ressurspersonar på tvers av avdelingane. Senter for nye medier ved HiB har her spelt ei sentral rolle. Arbeidet med digitalisering er vidareført gjennom prosjektgruppa for digitalisering for HVL.

I 2016 har høgskolen satsa på utvikling av digital vurdering. Ein har spesielt auka delen av skuleeksamenar som blir gjennomførte digitalt, og hausten 2016 blei ca. 30 % av alle skuleeksamenar (i Bergen) gjennomført på denne måten. Ein stor del av heimeeksamenar og oppgåver blir også leverte digitalt slik at hovuddelen av sensurarbeidet no blir gjennomført papirlaust. Av satsingar på digitale skjema har til dømes Internasjonalt kontor innført elektronisk sakhandsaming av inn- og utveksling i 2016.

Digitalisering og utvikling av nye studie- og forskingsstøttetenester for å støtte opp under høgskolen sin universitetsambisjon har også vore arbeidd med igjennom høgskolen si bibliotekteneste. Biblioteket har hatt ansvar for implementere systemet Bolk som gir studentane digitale kompendium, og vi har starta arbeidet med utvikling av nye digitale tenester som digitalt pensumlistesystem og lagring av digitale læringsressursar.

## Forsking, utvikling og innovasjon

Det er per januar 2017 tatt opp 18 ph.d.-studentar til doktorgradsprogrammet Studier av danning og didaktiske praksisar. Av desse var 5 eksterne søkerar, dvs. ikkje til-

sett ved HiB. Første midtvegsevaluering for ein kandidat på ph.d.-studiet blei gjennomført hausten 2016. Ved Avdeling for helse- og sosialfag tar ein sikte på å sende søknad om akkreditering av eit ph.d.-studium med arbeidstittel Helsevitenskap: Helse, funksjon og deltaking til NOKUT i 2017. Ein søknad om akkreditering av eit fjerde ph.d.-studium med arbeidstittel Innovasjonspraksis i et profesjons- og samfunnsperspektiv er planlagt ferdigstilt og innsendt i 2017.

I lys av fusjonsarbeidet og etableringa av Høgskolen på Vestlandet frå 1.1.2017 vedtok HiB sitt FoU-utval å endre samansetninga av arbeidsgruppene for utviklinga av desse to ph.d.-studia slik at dei no betre reflekterer relevante fagmiljø ved den nye Høgskolen på Vestlandet.

Høgskolen fekk i 2016 godkjent sitt andre ph.d.-studium, Computer Science: Software Engineering, Sensor Networks and Engineering Computing. Dei første ph.d.-studentane vil bli tatt opp på studiet våren 2017.

## **Internasjonalisering**

HiB har i 2016 arbeidd vidare med å følgje opp handlingsplanen internasjonalisering og planane for Erasmus+. Internasjonalt kontor har tilsett ein rådgjevar i 50 % mellombels stilling for å auke aktivitetene innan Erasmus+ Key Action 2 Samarbeid. Det vil seie den delen av Erasmus+ som omfattar mogelegheiter for å söke midlar til større samarbeidsprosjekt som Strategiske partnarskap, Kunnskapsalliansar og Kapasitetsbyggingsprosjekt.

I tråd med nasjonale satsingar har høgskolen jobba målretta mot nye utlysningar av midlar til internasjonale utdanningsprosjekt gjennom UTFORSK, NORPART. Satsinga har gitt gode resultat. I 2016 fekk HiB tildeling på til saman NOK 10,5 mill. til internasjonale utdanningsprosjekt frå KD/ SIU.

I 2016 hadde høgskolen mål om å auke deltakinga i Southern African – Nordic Centre (SANORD). To nye kontaktpersonar blei utnemnd og det var arrangert ei eigen SANORD dag i samband med internasjonal veke. I slutten av 2016 blei høgskolen vald inn i SANORD-styret som ein av 3 nordiske representantar.

Internasjonal veke blei arrangert for andre gong, og i år blei veka opna med foredrag av Hilde Frafjord Johnson. Heile institusjonen var prega av ulike arrangement og både studentar og tilsette var engasjerte.

Ved AHS har ein i 2016 engasjert fleire internasjonale resurspersoner (professor, II stillingar) og styrka det internasjonale samarbeidet gjennom utdanning og forsking.

## **Internkontroll og internrevisjon**

Høgskolen har i 2016 gjennomført fleire tiltak for å betre internkontrollen. Det er nedlagt eit betydeleg arbeid på innkjøp, og etablert gode rutinar for avvikshandtering. Høgskolen har i 2016 deltatt i sakssamarbeid på internrevisjon kor mellom anna informasjonstryggleik og personvern har vore gjenstand for revisjon. Målet med revisjonen har vore å finne ut i kva grad høgskolen er forberedt på dei endringane som kjem i personvernreglane etter innføringa av dei nye EU-reglane.

## **Areal og sikkerhet**

Høgskolen har eit udekka arealbehov som kjem av den auka vi har hatt i studenttal og dermed også talet på tilsette. Bygget kjem inn under kurantbyggordninga til Statsbygg og høgskolen vil vere leidgetakar, men er med i prosess rundt utforminga av bygget. Totalentreprisa blei utlyst i 2016, etter at romprogrammet var ferdigstilt.

## **Verksemadmål 1: Oppnå Universitetsstatus innan 2025 (sektormål 1, 2, og 3)**

Høgskolen i Bergen har sidan 2011 hatt som mål å arbeide for å styrke forsking og forskarutdanning med tanke på utvikling av eit universitet. I strategien for HIB frå 2016 er det definert fleire tiltak som har til hensikt å byggje opp under dette målet. Dette arbeidet er, slik det er definert i strategien, med på å byggje opp under dei måla KD har for sektoren.

Operasjonaliseringa av målsettinga om å oppnå universitetsstatus skjer på avdelingane. Her har det i 2016 vore vidareført eit høgt nivå på dette arbeidet.

## **AHS**

Ved Avdeling for helsefag har ein styrka forskinga gjennom tildeling av eksterne middel til fleire større prosjekt med finansiering frå Norges Forskningsråd. Mellomanna fekk AHS tildelt eit NFR-prosjekt Multicultural staff in Nursing Homes: Contemporary challenges, opportunities and the potential for the future. Bidraget frå NFR er på 17,8 millioner kroner for perioden 2016-2019. Det er lagt til rette for gode ph.d.-løp i avdelinga og arbeidet med kompetansebygging for forskargruppeleiarar har vore sentralt.

2016 har vore det året der ein har arbeidd med å rotfeste dei nyestablerte forskargruppene for å styrke forskingsinnsatsen. Avdelinga har vidareført ressursar til arbeidet med å utvikle ein ph.d.-grad innan helsevitenskap og har som mål å sende søknad til NOKUT i november 2017. Avdelinga har i dag 21 stipendiatar, 8 av desse blei tilsett i 2016.

Internstipend PhD, 1,5 år	3
Internstipend professorkvalifisering, 2 år	4
Internstipend dosentkvalifisering, 2 år	3
Førstelektorprogram 2 år	14

Oversikt over kompetansehevingstipend ved AL 2016)

Det er også gjort avsettingar av middel til frikjøp slik at tilsette kan kvalifisere seg til professor.

## AIØ

I september 2016 blei det nye doktorgradsprogrammet i dатateknologi godkjend av NOKUT. Med dette sto HiB med to doktorgradar ved opprettinga av HVL. Arbeid mot eit fjerde doktorgradsprogram med innretting mot innovasjon har blitt intensivert i 2016. Målet er å sende søknad til NOKUT innan fristen i 2017.

Ved Avdeling for ingeniør- og økonomifag har ein starta prosessar for å styrke masterutdanningane og FoU-aktiviteten i dei tverrfaglege områda. Blant anna blir det arbeidd konkret med planar om akkreditering av eigne masterprogram, og med fellesgrader med UiB innan sivilingeniørutdanninga.

Tilsettjing av professorar i bærekraftige bygg og teknologileiing er igangsett. Sistnemnde skal styrke samarbeidet mellom ingeniørfaga og økonomi, leiing og innovasjonsfaga. Det breie samspelet med eksterne aktørar vil bli prioritert vidare, saman med arbeidet for å auke ekstern finansiering.

## AL

Som nemnt over har eit av dei sentrale områda ved HiB si Avdeling for lærarutdanning vore å møte krava til høgare kompetanse ved avdelinga. Dette arbeidet tar utgangspunkt i den halvårlege vurderinga avdelinga gjer med omsyn til behovet for nye faglige stillingar. Alle nye stillingar blir lyst ut med krav om førstekompetanse. Professorstillingar har vore lyste ut for alle fag/fagseksjonar ved avdelinga i 2016. I løpet av 2016 er det tilsett fleire professorar/dosentar og fleire tilsette har fått opprykk slike stillingar. Ved årsskiftet er det 40 stillingar under utlysning/tilsetting, av disse er 10 professorat og resten er fordelt på førstestillingar, stipendiatar og post.doc-stillingar.

Avdelinga har også sett i verk ein plan for fagleg kompetanseutvikling igjennom kvalifiseringsstipend. I 2016 blei det gjort følgjande tildeleingar: sjå tabell over.

Det er tatt opp 18 kandidatar på ph.d.-programmet Daning og didaktiske praksiser. Tre av desse er eksterne.

Tematiske område for dei godkjente prosjekta er bunde til 1) fleirkulturalitet, demokrati og danning, 2) økologi og danning, 3) curriculum og mangfold og 4) lærarprofesjon og lærarutdanning. Ph.d.-programmet blei starta i 2015, og første disputas er venta finne stad i 2018. Programmet vil kunne utdanne fem kandidatar årleg frå 2020. Nokre fast tilsette er etter søknad tatt opp på enkeltkurs ved ph.d.-utdanninga. Dette bidrar til kompetanseheving ved avdelinga.

Det er etablert 27 nye forskargrupper ved miljøet rundt lærarutdanninga med mål om å betre kvalitet og produsere fleire publikasjonar. Storleiken varierer frå 5-40 deltakarar, og fleire av gruppene har eksterne nasjonale og internasjonale deltakarar.

Avdelinga har også etablert eit forskingsgruppeleiarforum. Her blir problemstillingar knytt til leiing i forskingsgruppene tematisert og tatt opp, samt tiltak for å auke kvaliteten på forsking, kompetanseheving publisering og studentdeltaking i forsking.

## Fellestiltak

### Utdanning

I 2016 var HiB partnar i 3 strategiske partnerskapsprosjekt som fekk tildeling, og til søknadsfristen i mars 2017 planlegg HiB 2 søknadar som koordinator og 2 søknadar som partnar.

Det blei ikkje arrangert ein felles masterdag i 2016, men dei ulike avdelingane har hatt eigne aktivitetar for å synleggjere studietilbod og auke rekrutteringa til eigne masterstudiar.

Talet på utvekslingsstudentar frå HiB i 2016 var 252 og talet på innkomande studentar var 78. Det er ei lita auke i talet på utreisande, men av desse var det færre studentar som reiste på Erasmus+ enn i 2015. Årsaka til dette er mellom anna at fleire fagområder har lagt til rette for utveksling i haustsemesteret og det matchar ikkje med semesterinndelinga i Europa.

Frå 2015 til 2016 har høgskolen hatt ein nedgang i talet på innkomande studentar. 2015 var eit rekordår og årsaka til dette var mellom anna at AL utvida tilbodet av emne

på engelsk med eit 30 stp emne; Aesthetic- and Outdoor Education in Early Childhood som er populært. Fagområder som fysioterapi og radiografi har hatt jevn god søknad til sine emne for innkomande utvekslingsstudentar men i 2016 har dei hatt ein nedgang. Også AIØ har færre internasjonale studentar i 2016 enn tidlegare.

### Forsking og utvikling

Høgskolen er godt i gang med auka satsing på ekstern finansiering av forsking og oppfølging av nasjonale føringer for deltaking i EUs åttande rammeprogram Horisont 2020. I 2016 var HiB deltakar i to søknadar retta mot EU-programmet «Joint Programming initiativ (JPI), samt ein søknad til Horisont 2020, sistnemnde søknad fekk tilslag. Det er no under utarbeiding tre søknadar til H2020 for innsending i 2017.

I 2016 blei det registrert innsendt 57 søknadar til Forskningsrådet/Regionalt forskingsfond. Dette er om lag same talet søknadar som i 2015, men HiB var prosjekt-eigar for fleire av søkerane til Forskningsrådet i 2016 enn i 2015. Tala på kor stor del av søkerane som får gjen-nomslag er enno ikkje klare.

Det har dei siste to åra vore gjort eit systematisk arbeid for å utvikle fleire og kvalitativt betre søkeranar til mellom andre Forskningsrådet og Horisont 2020. Det har vore avsett strategiske midlar til vidare prosjektoppfølging og nettverksbygging. Avsetninga inkluderer finansiering av stipendiatsillingar (3-årige) som eigenandel i søkeranar om eksterfinansierte forskningsprosjekt, ordning for støtte til utanlandsopphald for forskarar ved høgskolen knytt til arbeid med søkeran om eksterne forskingsmidlar, og satsing mot deltaking i Horisont 2020, inkludert frikjøp av personale og innkjøp av ekster kompetanse i prosjekt-utviklingsfasen. Per januar 2017 er det mellom anna tildelt stipendiatsillingar til tre innvilga prosjektsøkeranar sendt Forskningsrådet i 2016.

Parallelt med oppfølginga av forskarane har forskings-administrasjonen arbeidd med profesjonalisering av eigne tenester. Forskningsrådgivarar og prosjektøkonomar har deltatt på fleire kurs, nettverksmøter og på delegasjonsreise til Brussel. Forskningsadministrasjonen deltek også aktivt i NARMA (Norsk nettverk for forskningsadministrasjon), både med medlem av nettverket sitt arbeidsutval og som deltakarar i konferansar, workshops m.m.

HiB har i 2016 hatt totalt 61 rekrutteringsstillingar finansiert over grunnbudsjettet. I tillegg har høgskolen tildelt stipendiatsillingar til 6 innvilga prosjektsøkeranar sendt Forskningsrådet i 2015/16. Som del av prosjekt innvilga i 2016 har høgskolen også fått fleire eksterfinansierte stipendiatsillingar med tilsetting i 2017.

Seksjon for personal- og organisasjonsutvikling ser til at

faste undervisnings- og forskarstillingar vert lyst ut på minimum førsteamenuensisnivå som hovudregel. Personalpolitikken legg til rette for at høgskulen skal være ein attraktiv arbeidsplass for flinke folk. Det er gode moglegheiter for kompetanseheving for tilsette som ønsker å auke kompetansen sin. Seksjonen bidreg til profesjonalisering av administrative tenester, noko som er naudsynt for at høgskulen kan utvikle seg til universitet på sikt.

### Verksamds mål 2: Utdanne kandidatar med profesjons- og endringskompetanse (sektormål 1, 2, og 3)

Høgskolen i Bergen løyer samfunnsoppdraget sitt mellom anna gjennom å utdanne studentar med høg profesjons- og endringskompetanse som eit samfunn i rask endring har nytte av. Høgskolen har i strategien sin klart definerte verktøy for korleis ein skal nå dette målet. I 2016 har HiB arbeidd målretta med dei ulike tiltaka for å nå måla. Avdelingane har ulik inngang for å nå dei overordna måla. Dette reflekterer ulikheitene i utdanningane og faga.

### AHS

Ved Avdeling for helse- og sosialfag har ein i 2016 styrka moglegheita for heilskapelege gjennomgåande utdanningsløp for studentar ved at ein har fått akkreditert to nye mastergrader. Desse mastergradane er:

- > Master i jordmorfag
- > Master i psykisk helse- og rusarbeid.

Avdelinga har sett av strategiske middel til arbeidet med å systematisk auke kompetansen til dei tilsette, og for å auke bruken av varierte læringsformer.

I året som gjekk har det blitt innført felles emne på tvers av masterutdanningane og det har vore arrangert fellesseminar. Det er også tilsett fleire ressurspersonar og det har vore etablert ein eigen utdanningsforskningsgruppe. AHS har også satt ned ei gruppe som arbeider med å implementere kunnskapsbasert praksis i undervisninga på avdelinga.

Det har vore arbeidd vidare med å styrke forskinga rundt mastergradane, og for å legge til rette for at forskargruppene skal inkludere bachelor- og mastergradstudentar i sine pågående forskningsprosjekt.

Avdelinga har i tillegg etablert ei forskargruppe innan pedagogisk forsking og tilsett medarbeidarar i to bistillingar som har ekspertise innan simuleringsforskning.

Læringsutbytta blir stadig diskutert på utdanningsmøte, i fagutval og i fora der det er representantar frå praksisfelta. Det blir fokusert på vurderingsformer parallelt med at det blir kursa i det å ta nye arbeidsformer i bruk.

## AiØ

Kjernerkevsemda til avdelinga er praksisnære, relevante og innovative bachelorutdanninger innan eit breitt spekter av ingeniør- og teknologifag samt innan økonomisk/ administrative fag. Desse er FoU-baserte og har eit godt renommé.

I ein digital kvardag er blanda læring, med spesielt fokus på e-læring, eit av våre viktigaste satsingsområde. I tråd med målsettinga til høgskolen tek avdelinga utgangspunkt i at effektiv bruk av e-læring vil styrke kvaliteten på undervisninga. For å lukkast med e-læring har ein derfor blant anna prioritert kompetanseheving blant dei tilsette. Fjernundervisning er t.d. eit nyttig og viktig hjelpemiddel med tanke på deling av undervisningsressursar og spesialkompetanse mellom campusar.

AIØ har igjennom Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling arbeidd for å få etablert to studentinkubatorar. Den eine er planlagt å vere tverrfagleg mot helsefag – i tett samarbeid med ACCEL-programmet (frå idé til produkt) og Bergen Teknologioverføring (BTO). I tråd med rammeplanen er opplæring innan innovasjon og endring obligatorisk for alle ingeniørstudentane.

## AL

Avdelinga starta i 2016 opp to nye studium: Bachelorutdanning i drama og anvendt teater og masterstudium i barnehagekunnskap.

Arbeidet med akkrediteringa av den nye femårige grunnskolelærerutdanninga blei leia av ei delprosjektgruppe sett saman av representantar frå dei tre fusjonspartane i HVL under leiing av prodekan ved AL. Delprosjektgruppa blei oppretta i juni 2016 og fekk mandat om å utvikle akkrediteringssøknadar for dei to studieprogramma Grunnskolelærerutdanning for trinn 1-7 (GLU 1-7) og Grunnskolelærerutdanning for trinn 5-10 (GLU 5-10).

I samarbeid med Senter for nye medier og interne/eksterne fagmiljø med spesialkompetanse innan aktuelle emne (t.d. digitalisering, profesjonskompetanse, rettleiing osv.) er avdelinga no i ferd med å utvikle nett- og samlingsbaserte kurs som kompetanseutviklingstilbod til fagpersonalet.

Som eit av fleire tiltak for å auke studiekvaliteten, har det i 2016 blitt etablert ordningar for at seksjonane ved avdelinga kan tilsette studentassistentar for å drive studentseminar.

Prosjekt ”Heltidsstudenten” blei evaluert etter studieåret 2015/16. Prosjektet har blitt vidareført i 2016/17 etter revisjon av nokre av tiltaka. Prosjektet er meint å vere eit utviklingsprosjekt med kontinuerleg evaluering og revidering.

Talet på fagutval ved GLU er i 2016 redusert. Målet er at fagutvala skal kunne sjå studietilboda i eit større lang-siktig perspektiv, og enklare kunne halde oversikt over aktuelle saker.

Leiinga har i samarbeid med Studentrådet arbeidd for å sikre ein høg svarprosent på Studiebarometeret. Ein svarprosent på over 70% i den siste målinga er eit godt resultat, som dannar eit fint grunnlag for det vidare arbeidet med resultata.

## Fellestiltak

HiBs strategi for perioden 2016 til 2020, Samspill i kunnskapsfronten, set tydelege mål og høge forventningar til at HiB skal levere kunnskap til eit samfunn i endring. Det blir i dag gitt systematisk opplæring i e-læringsverktøy og det er etablert fora for å dele erfaringar med digitalisering av utdanningar.

Digitalisering av utdanningane og vurderingane skal vere ein av fleire arbeidsformer, det er derfor viktig at dette er eit tema for fagleg diskusjon og FoU-arbeid. Målsettinga er å auke kvaliteten, forenkle arbeidsprosessane og gjøre utdanningane meir tilgjengelig. Som eit ledd i satsinga på e-læring fekk Senter for nye medier i 2016 ansvar for å vere pådrivar og for koordinere arbeidet med e-læring.

Eit av tiltaka har vore å etablere ei ny teneste for innspeling av korte videosekvensar for bruk i undervisninga.

Terskelen for å kunne nytte tenesta er lav ettersom dei tilsette bestiller tid for innspeling i ein elektronisk kalender. T.d. blei det i januar 2017 spilt inn meir enn 40 videosekvensar. Institutt for bio- og kjemiingeniørfag er eit av fagmiljøa som har nytta seg av tenesta og eksempel på undervisningsvideoar er publisert på instituttet sin YouTube-kanal <http://tinyurl.com/bio-ing-video>.

Eit anna verkemiddel i satstinga på e-læring og utvikling av undervisningsformer er interntimeordninga. Dette er ei ordning kor det er sett av 1000 timer årleg for kvar avdeling til utvikling av mediemateriale for undervisning og utvikling av prosjekter saman med fagmiljøa.

HiB hadde ei målsetting om å vidareutvikle og vidareføre Skrivesenteret. Her har biblioteket bidratt til og utvida prosjektet Skrivesenter AL mot fleire utdanningar. Det har spesielt vore fokus på utvikling av forskingsstøttene nester innan informasjonshandsaming og publisering.

## **Verksemadmål 3:**

### **Vere ein attraktiv samarbeidspartner for samfunn- og næringsliv (sektormål 1, 2, og 3)**

HiBs målsetting om å vere ein attraktiv samarbeidspartner for samfunns- og næringsliv blir løyst på ulike vis. Høgskolen har eit breitt samarbeid med ulike aktørar i det offentlege og private nærings- og arbeidsliv både på institusjonsnivå og igjennom dei einskilde avdelingane.

#### **AHS**

Ved Avdeling for helse- og sosialfag har det blitt sett i gang fleire tiltak i 2016 for at undervisninga skal vere forskings- og kunnskapsbasert. Eit av tiltaka har mellom anna vore å knyte oppgåvene til masterstudentane i større grad til prosjekt i forskargruppene eller til praksisfeltet.

Prosjektet «Kunnskapskommunen Bergen» evaluerer innføringa av kunnskapsbasert praksis i utdanninga og bruken av såkalla kombinerte stillingar.

Avdeling for helse- og sosialfag samarbeider tett med kommune- og spesialisthelsetenesta for å syte for at mastergradfordjupingane ved avdelinga til ei kvar tid er samfunnsaktuelle og ettertrakta.

#### **AiØ**

AiØ er ein attraktiv samarbeidspartner for samfunns- og næringsliv og bidrar til auka kunnskapsflyt og kunnskapsdeling mellom FoU-institusjonar, næringslivet og samfunnet, og til at innovasjonssystemet blir enda meir koordinert og samordna. Her inngår til dømes forskings-samarbeid med regionale aktørar der det blir fokusert på auka utnytting av forskingsbasert kunnskap, og at innovasjonsarbeidet i næringslivet og offentlig sektor blir meir forskingsbasert.

AiØ arbeider i dag tett med fleire næringsklynger, spesielt kan GCE Subsea og NCE Maritime Cleantech nemnast, og andre kunnskapsinstitusjonar som i Science City Bergen og TeknoVest. Desse samarbeidsaksane skal styrkast i 2017.

AiØ arbeider, saman med Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling, for at FoU-aktiviteten i større grad ser potensialet for kommersialisering og nyttiggjøring av forskingsidear, gjerne i samarbeid med det regionale næringslivet og offentleg sektor. Avdelinga arbeider for å stimulere til entreprenørskapskultur blant studentane; gjennom kompetansen dei har kan dei bli endringsagentar i samfunnet.

Analysen av vidareutdanningstilbod for ingeniørar på sør- og vestlandet, gjort av TeknoVest hausten 2016, gav mykje informasjon om kva næringslivet treng av kompetanse

i dag. Framover blir det viktig å skape eit tilbod, saman med næringslivet, som bidrar til god omstillingsevne.

#### **AL**

AL har auka tilbodet av etter- og vidareutdanning til både skoler og barnehagar. Innan ordninga Kompetanse for kvalitet har vi i tillegg til eit omfattande kurstilbod i Bergen også gjennomført vidareutdanning i engelsk i Oslo. Høgskolen har dessutan hatt tilbod om læring og pedagogisk leiing for barnehagefeltet og hatt eit dobbelt opptak på rettleiingsutdanning for praksislærarane.

Hausten 2016 har høgskolen inngått ein partnarskoleavtale med Bergen kommune for fire år. Det er tilsett ein prosjektleiar i full stilling som skal drive prosjektet og det er etablert ei styringsgruppe med representantar frå Bergen kommune og HVL/AL Bergen. Prosjektet skal knytast opp mot dei nye grunnskolelærarutdanningane. Gjennom partnarskoleprosjektet vil vi styrke studentane si praksisopplæring, samarbeide om forskings- og utviklingsprosjekt, og i fellesskap sette Bergen på kartet som utdanningsby.

I løpet av 2016 er det også etablert nye møteplassar mellom avdelingsleiinga ved høgskolen og einingsleiarane i skoler og barnehagar for å få ein tettare dialog om felles problemstillingar og utviklingsmoglegheiter. Avdelinga har i 2016 hatt kontakt med fleire kommunar i Hordaland om ordninga «offentlig sektor ph.d.» Dette er eit tidkrevjande arbeid fordi sektoren i liten grad er kjend med ordninga.

Utredninga av eit mogleg samarbeid med UiB om lærarutdanning blei sluttført i 2016. De to institusjonane har ulike profilar innan lærarutdanning, og synergiar av meir systematisk samarbeid er derfor vurdert å vere avgrensa. I samarbeid med HiSF og HSH er det gjort ei utgreiing om lektorutdanning 8-13 og arbeidsplassbasert masterutdanning.

Arbeidet med utvikling av ein samarbeidsavtale med Hordaland fylkeskommune blei starta opp i 2016, men blei satt på vent som følge av arbeidet med fusjon.

#### **Fellestiltak**

HiB arbeider samar med oppdragsgivarar og samarbeids-partnarar i samfunns- og næringsliv, med utvikling av etter- og vidareutdanningstilboda og andre kompetanse-utviklingstiltak. Gjennom året har det vore arrangert vidareutdanningar for lærarar, kliniske vidareutdanningar for sjukepleiarar og rettleiarutdanning for grupperettleiarar i NAV på oppdrag frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Ein stor del av verksemda er også vidareutdanningar innan personal, økonomi og teknologieleiing.

Høgskolen deltek aktivt i ulike nasjonale arenaer og ressursgrupper innanfor utdanningsområdet, til dømes Felles Studentsystem (FS), Uninett, Universell, studiestart mm.

## Verksemål 4: Vere internasjonalt orientert (sektormål 1, 2, og 3)

Høgskolen i Bergen har i lang tid hatt eit overordna mål om å auke internasjonaliseringssgraden. I strategien for 2016-2020 er dette vidareført som eit av dei fem sentrale måla for HiB. Internasjonalisering er eit sentralt element for å heve kvaliteten på både kandidatane vi utdannar og den forskinga som vi skaper.

I 2016 har det blitt gjort fleire tiltak for å styrke internasjonaliseringssgraden ved HiB både i fellesadministrasjonen og i avdelingane.

### AHS

AHS har over år arbeidd med å auke graden av internasjonalisering og er med i store internasjonale forskingsprosjekt som blir lagt godt merke til. AHS publiserer internasjonalt og deltar i internasjonale samarbeid, har inngått nye samarbeidsavtaler med institusjonar i utlandet.

Avdelinga samarbeider også med utanlandske institusjonar om søknader på eksterne middel. Internasjonalisering er ein integrert del av de einskilde kvalitetsområda.

AHS tilbyr utdanninger på høgt nivå og har eit bevisst forhold til korleis ulike aspekt ved internasjonalisering er kvalitetshvande for studienært kvalitetsarbeid.

Det har i 2016 vore ein nedgang av studentar som reiser på utveksling igjennom dei bilaterale avtalene og ei auke i talet studentar som reiser innan Erasmus + program.

### AIØ

Eit viktig verkemiddel for internasjonalisering ved avdelinga er rekruttering av fagpersonale frå utlandet. Dette bidrar til eit utvida kontaktnett som gir eit viktig bidrag til miljøa ved avdelinga. AIØ deltar vidare i fleire internasjonale prosjekt både innan utdanning og forsking.

Gjennom UTFORSK og NORPART programma har avdelinga i 2016 fått midlar til samarbeid med institusjonar i land som India, Sri Lanka, Brasil, Sør-Afrika og Kina. Vidare deltar avdelinga i Global Subsea University Alliance. Her er det etablera fem såkornsprosjekt som har leia fram til eksternt finansierte prosjekt.

Talet på utreisande AIØ-studentar aukar, men for å

auke talet på utanlandske studentar krev det ein større kursportefølje på engelsk. Auken i talet på masterstudentar vil bidra positivt til internasjonalisering gjennom prosjektsamarbeid.

I det nye ph.d.-programmet som blei godkjent i 2016 har ein også satsa tungt på internasjonalisering. Her er det mellom anna obligatorisk for stipendiatare som blir tatt opp at dei tek eit utanlandsopphald i løpet av dei tre åra som utgjer utdanningsdelen på stipendiatperioden.

### AL

I 2016 gjennomførte AL ei kartlegging av internasjonaliseringssarbeidet ved avdelinga. Avdelinga har arbeidd for at fleire langsiktige internasjonale prosjekt blir utvida og får større nedslagsfelt. Det langvarige samarbeidet med Kina innan barnehagelærarutdanninga resulterte i en ny UTFORSK tildeling på 2 millionar for perioden 2017-2020. Det nye prosjektet omfattar forskingssamarbeid, utveksling, og utvikling av eit felles masterprogram.

Ein har vidare arbeidd med å bygge opp ulike samarbeid (studentmobilitet, praksisutveksling, forskingssamarbeid) med fleire universitet i Sør-Afrika, både igjennom SANORD-nettverket og i et prosjekt knytt til University of KwaZulu Natal. Avdelinga har også fått på plass finansiering til eit stort prosjekt i Tanzania gjennom NFR-programmet Visjon 2030 med ei ramme på ca. 15 millionar kronar.

Avdelinga fekk i 2016 nye engelskspråklige tilbod som no blir gitt på høvesvis barnehagelærarutdanninga og fleire av masterprogramma. Ved dei nyetablerte forskargruppene går det også føre seg målretta arbeid med å syte for internasjonal orientering og oppbygging, og vidareutvikling av internasjonale nettverk. Ph.d.-programmet arbeider også med å utvikle tiltak for å legge betre til rette for forskingsopphald ute.

AL er no i gang med å etablere ein samarbeidsavtale (general agreement) med McGill University i Montreal, Canada. Avtalen vil innebere både forskingsrelatert samarbeid og studentmobilitet.

Det nordiske musikknettverket NNME og det nordiske nettverket for barnekulturforskning BIN-Norden blir koordinert og leia frå HVL Bergen finansiert av Nordpluss.

Praksisutvekslinga til Afrika for barnehagelærarstudentane ble for studieåret 2016/2017 samkjørt med utvekslinga for grunnskolelærarstudentane.

### Fellestiltak

I 2016 besøkte forskingsrådgjevarane og internasjonalt kontor Brussel og Noregs delegasjon der. Besøket blei leia

av forskingsdirektøren. Målet med besøket var å bli kjend med EU-systemet og Noregs arbeid særskilt i høve til Horisont 2020 og Erasmus+.

Høgskolen har alltid hatt gode tal for tilsett mobilitet innan Erasmus+. For 2016/ 2017 fekk Noreg færre stipend frå EU og høgskolen fekk som eit resultat redusert tildelinga frå 50 til 27 stipend. Alle vil bli nytta innan utgangen av juni 2016 slik krava er. Interessa er stor og ein ønskjer fleire stipend for 2017/2018.

Eit sentralt tiltak våren 2016 var eit 4 dagars In-house course med «Europa Media trainings» der forskarar, EU-rådgivarar og prosjektøkonomar fekk opplæring i H2020 Proposal development, project management and financial reporting. Vidare har forskingsadministrasjonen hatt ei særskilt oppfølging av utvalde forskarar for vidare satsing mot søknadar til Horisont2020, med møter, kurs, konsultasjonar og vidareføring av informasjon til den enkelte forskar. Det har vore sett av strategiske midlar til ei ordning for støtte til utanlandsopphald for forskarar ved høgskolen, knytt til arbeid med søknad om eksterne forskingsmidlar. Høgskolen har også hatt midlar til prosjektetableringsstøtte (PES-midlar) gjennom Forskningsrådet både i 2015 og 2016.

Parallelt med oppfølginga av forskarane har forskingsadministrasjonen arbeidd med profesjonalisering av eigne tenester. (sjå også under virksomhetsmål 1). Internasjonalisering i forsking var mellom anna også tema for eit seminar under internasjonal veke ved høgskolen hausten 2016.

## **Verksemadmål 5: Vere godt rusta til å utføre opp- gåver og nå mål**

Høgskolen i Bergen har gjennom samlokaliseringa arbeidd med å forbetre og tilpasse oppgåvene i organisasjonen. Høgskolen har vore igjennom år med omorganisering og arbeider systematisk på alle plan for å styrke evna til å nå nye mål. Dette arbeidet ligg til heile organisasjonen. Fagmiljøa må vere rusta til endringar i krav utanfrå, ny vitskap, undervisningsformer osv. På same vis må dei administrative tenestene tilpassast og justerast for heile tida å kunne levere den kvaliteten som er kravd, anten det er dei reine administrative funksjonane, leiarskap, støttefunksjonane ved t.d. bibliotek eller andre tenester.

### **AHS**

Ved AHS har administrasjonen arbeidd med å effektivisere dei administrative prosessane som støtter opp under den faglege aktiviteten. Arbeidet med å legge til rette for heilskapelege prosessar, implementere politikk og retningslinjer er starta og vil fortsette med fullt fokus

også i 2017 i den nye fusjonerte institusjonen.

Gode og tydelege føreseielege rammer, transparens og eit felles sett av verdiar fremmar kvalitet. Endringstakten er høg og verknadane er til dels uføreseielege. Administrasjonen har i 2016 mellom anna arbeidd med å digitalisere deler av kontraktsprosessane, tatt i bruk ny DFØ app for reiserekningar og tidsregistrering, og kvalitetssikra studieprogram og emne.

Meir informasjon er lagt inn i vårt felles datasystem, noko som har gitt økt kvalitet på styringsdata. Det er gjort kvalitetssikringsarbeid på emnenamn, vitnemåltekster og utvekslingsemne.

Møtestrukturen på avdelinga er endra og årshjul er implementert. Verktøy som Office 365 er tatt i bruk og opplæring gitt til medarbeidarar. Alle intranetsider er blitt oppdaterte og effektivisering av fleire prosesser som støtter undervisning er rulla ut og blir no brukt i det daglege arbeidet.

### **AIØ**

Arealsituasjonen ved HiB er ei utfordring trass dei tiltaka som er gjort før, under og etter flyttinga i 2014. Det er fortsatt ei stor oppgåve å skaffe tilstrekkeleg nok kontorplassar for dei mange tilsettingane som er planlagt i tida framover. Fleire av desse skal erstatta overtidsbruk og kjøp av undervisingstenester. For å få tak i godt kvalifisert personell krev det ein god infrastruktur med tanke på lokalitetar og FoU-mogleheter.

I 2017 blir det viktig å avklare både den faglege og administrative organiseringa. Utfallet av desse avgjerslene blir sentrale når vi framover skal byggje den nye institusjonen. Ein må i denne prosessen sørge for at leiarane får tettare administrativ støtte, og instituttleiarane, for å sikre at avdelinga i best mogleg grad kan utføre sine oppgåver med tanke på strategisk arbeid, realisering av planar og ivaretaking av eit godt og sikkert arbeidsmiljø. AIØ har eit godt studentmiljø med linjeforeiningar og studentdemokrati der dekanen vil fortsette uformelle månadlege møter med Studentrådet. AIØ vil og prioritere andre faglege og sosiale arrangement som kan styrke samhaldet mellom tilsette og studentar.

### **AL**

Arbeidet med rekrutteringsprofil, kompetansehevings-tiltak og profesjons- og rettleiarkompetanse er omtalt under dei andre verksemadmåla.

Avdelinga har i aukande grad annonserat dei ledige stillingane sine internasjonalt og har lukast med å få tilsett fleire utanlandske kollegaer og har arbeidd målretta med å legge godt til rette for mottaket av disse.

Avdelinga sin økonomi har vore god i 2016, og har muliggjort en offensiv satsing på kompetanseheving i tillegg til auka innsats på forsking gjennom etableringa av forskagrupper. Begge deler er viktige tiltak for å nå universitetsambisjonen, men samla sett vil rekryteringsprofilen og kompetansehevinga ha store budsjettmessige konsekvensar de nærmeste åra. Det må bli tilført betydelege middel til avdelinga dei kommande åra for at den nye grunnskolelærarutdanninga skal kunne implementerast på ein god måte, samstundes med at ein held oppe aktiviteten innan dei andre utdanningsløpa.

Det er i løpet av 2016 gjort diverse grep for å forenkle rutinar og prosedyrar, mellom anna er rutinar for søknad om FOU-tid digitalisert og forenkla. Også innan praksisadministrasjonen er det sett i gang arbeid med økt bruk av digitale løysingar og elektroniske vurderingar.

### Fellestiltak:

Utdanningsavdelinga har i 2016 jobba med å få kartlagd sakhandsamingsrutinar med tanke på forenkling og standardisering. Det er i 2016 oppretta ein møtestruktur mellom Studieadministrativt kontor og avdelingane for å avklare arbeidsdeling, diskutere sakhandsamarrutinar og felles forståing av regelverk og retningslinjer. Itslearning blei i 2016 oppdatert med ein «strømmeteneste»; straum av informasjon som er stryrt av personleg aktivitet og interesser, samt integrasjon av tredjepartar som Office365 og Outlook for tilsette og studentar. Det blei arrangert opplæring/workshop for tilsette, og superbrukarar på avdelingar er blitt koordinert med felles strategi for informasjon og opplæring. Det blei også forhandla ny kontrakt med itsleraning, men ambisjonen framover er å vedlikehalde sikker drift av itslearning, og samtidig orientere oss mot eit nytt LMS som Uninett har gjort rammeavtale med på vegne av sektoren.

Høgskolen følger nøy opp resultata frå Studiebarometret. Resultata blir handsama i dei ulike fagmiljøa, samt i bl.a. felles Utdanningsutval og Læringsmiljøutval. Det blei sett i verk arbeid for å heve kvaliteten i utdanningane og konkrete tiltak blir implementerte for studieprogram med låg score.

Høgskolen har sidan 2014 arbeidd med å sikre naudsynlege lokale til både studentar og tilsette. I den forbindelse opna høgskolen i 2016 nye lokale i Fabrikkgaten med både lesesalsplassar og kontorarbeidsplassar. Det er vidare sett i gang ein prosess med å projektere eit nytt kurantbygg på nordtomta på Kronstad saman med Statsbygg. Dette arbeidet er godt i gang. Høgskolen har også bygd ut nytt kaianlegg ved dykkarutdanninga i Skålevik. Det er i 2016 lagt planer for vidare bruk av dykkarlektka Storskarven i samband med kaianlegget, noko som vil gi dykkarutdanninga betre moglegheiter til å løyse sine oppgåver.

Høgskolen har lagt til rette for kompetanseutvikling for tilsette og driv kurs i høgskulepedagogikk. Kurs i engelsk og akademisk skriving er eit tilbod seksjonen gir for å rusta tilsette i internasjonalisering og akademisering. Interne nettsider for tilsette er oppdaterte med moderne handbøker for tilsette, leiarar og handbøker for HMS-saker.

Høgskolen legg til rette for at medarbeidarar får utvikle seg vidare slik at dei blir sterkare rusta til å bidra til at høgskulen når sine strategiske mål, jamfør Strategisk plan 2016 til 2020:

- > høgskulen skal leggje til rette for at fleire skal oppnå kompetanse som professor og dosent
- > sikre at organisasjonen har høg kompetanse innan FoU, høgskulepedagogikk og administrasjon, erfaring frå praksisfeltet og digital kompetanse. Dette skjer gjennom rekrytering og ved kompetanseutvikling internt i organisasjonen.

Vi vidareutviklar stadig basiskursa våre i høgskulepedagogikk. Eit samarbeid med Stord/Haugesund er innleia med tanke på å utikle ein felles modell og felles kurs frå hausten 2017.

Møteserien høgskulepedagogisk forum har fortsett sidan 2015. Her møtast undervisarar frå alle avdelingar for å dele erfaringar og lære av kvarandre og saman utvikle kvaliteten på undervisninga.

Auka kompetanse hos dei vitskapeleg tilsette kan illustrerast ved å vise til auka i tilsette med professor-

Professorar (st. kode 1013)	2009	2015	2016
	Årsverk	Årsverk	Årsverk
Helse og sosialfag	2,2	12,4	12
Ingeniør- og økonomifag	4,4	15,2	15,6
Lærerutdanning	7,6	14,4	17,6
Totalt	14,2	42	45,2

kompetanse. I tabellen under er utviklinga i professorårsverk vist frå 2009 og fram til i dag. Får 2015 til 2016 auka årsverk professorar med 3,2.

Sjå tabell forrige side.

Kompetanseutvikling for administrativt personale skjer i hovudsak gjennom individuelle tiltak. Kompetanseutvikling skal vere eit tema i medarbeidarsamtalar. Administrativt tilsette får støtte til kompetanseutvikling frå høgskolens sentrale kompetansemidlar dersom nærmaste leiari meiner kompetansen trengs i høgskolen. Alle slike søknader fekk støtte i 2016.

Alle tilsette har ståande tilbod om kurs i dei fleste vanlige IT verktøy. Høgskolens faste leverandør av IT-kurs er Visma AS.

Arbeidet med leiariutvikling har vore prega av fusjonsarbeidet i 2016. Det blei gjennomført ei større leiarsamling for alle leiariane ved dåverande HiB, HiSF og HSH 21. og 22. november 2016. Temaet for samlinga var endringsleiring.

Det var ei leiarsamling for leiariar ved HiB 14.-15 april 2016, og ei leiarsamling 3. juni 2016. Temaet for begge samlingane var fusjonen.

Det er starta eit program i forskingsleiring, som ledd i ambisjonane om utvikling av forskingsaktiviteten i HVL. Programmet er samlingsbasert, og går over fire samlingar i perioden november 2016 – august 2017. Det er 30 deltakarar i programmet.

Det har blitt gitt tilbod om kollegarettleiring for leiare, og hausten 2016 starta to grupper som blir avslutta våren 2017.

Høgskolen i Bergen er deltakar i Balanseprosjektet. Målet med dette prosjektet er å auke prosentdelen kvinner i faglege toppstillingar i akademia. Balanse-Bergen er eit samarbeid med dei fire institusjonane: Universitetet i Bergen, Havforskningsinstituttet og Høgskolen i Bergen.

Programmet blei etablert i 2013 og har som hovudmål å fremje kjønnsbalanse på seniornivå i norsk forsking, og å styrke den strukturelle og kulturelle fornyinga i forskningssystemet som gjer dette mogleg (Forskningsrådets policy 2013-2017).

Balanse-Bergen starta eit mentorprogram 9. april 2015 og det blei avslutta våren 2016. Her deltok kvinnelige førsteamanuensar som arbeider for å kvalifisere seg til professor. Det var fem adeptar frå HiB. To av dei var professor ved utgangen av 2016 og ei har levert søknad om opprykk. HiB har også fem mentorar med i prosjektet som rettleiarar kvar sin *adept* frå dei fire deltakande institusjonane. Gjennom mentorane fekk dei institusjonell læring om mekanismar som hemmar eller fremjar likestilling.

## Nasjonale styringsparameter

Sjå tabell neste side

## Vurdering av styrings-parameterane

### SEKTORMÅL1: Høy kvalitet i utdanning og forskning

- 1.1 Høgskolen hadde ein liten nedgang i talet på gjennomføring på bachelor i 2016. Endringa frå 2015 er likevel marginal. Høgskolen ligg fortsatt godt over landsgjennomsnittet for sektoren. Høgskolen er tilfreds med at tiltaka for å få studentar igjennom på normert tid ser ut til å verke.
- 1.2 For mastergradane har høgskolen i 2016 ein solid framgang. Talet her ligg godt over landsgjennomsnittet og er ei vesentlig forbetring frå i fjor. Utfordringa i åra framover for HVL er å halde oppe dette snittet ved innføringa av den nye grunnskulelærarreforma.
- 1.3 Høgskolen har for gjennomstrøyminga for tilsette i ph.d.- stillingar fått eit godt tal som her ligg på landsgjennomsnittet på 66%. Talgrunnlaget som prosenten bygger på er likevel lågt då HiB i 2011 tilsette få stipendiatar. Talet her representerer ikkje talet på HiB eigne utdanna stipendiaater då det første doktorgradsprogrammet først blei starta opp i 2015. Talet syner likevel at HiB har ein god oppfølging og ei god tilrettelegging for sine stipendiatar.
- 1.4 Fagleg tidsbruk ligg noko under gjennomsnittet for sektoren. Vi ser jamvel at forskjellane mellom dei tre fusjonspartane ikkje er store.
- 1.5 Høgskolen er fornøgd med skåren på studiebarometeret. Talet viser at høgskolen har hatt gjønngåande god innsats på området. HiB hadde særskilt god svarprosent på undersøkinga, noko som studentorgana bidrog sterkt til.
- 1.6 Talet på publikasjonar ved HiB har vore i vekst og talet på poeng går opp. Den relative andelen ligg for 2016 an til å passere 2014-talet. Dette er gledeleg tatt i betrakting at HiB frå 2015-2016 fekk fleire tilsette. Dette inneber at nye tilsette i vitskaplege stillingar bidrar til å auke den samla publiseringa samstundes med at den satsinga på vitskapeleg produksjonen HiB har hatt, gir den ønska effekten. Samanlikna med andre store høgskolar må HiB fortsette å arbeide for å auke andelen poeng.

STYRINGSPARAMETERE	RESULTAT 2016
<b>SEKTORMÅL 1 Høy kvalitet i utdanning og forskning</b>	
1.1. Andelen bachelorkandidater i et kull som gjennomfører på normert tid (DBH) i %	56,5%
1.2. Andelen masterkandidater i et kull som gjennomfører på normert tid (DBH) i %	75,3
1.3. Andelen ph.d.-kandidater som gjennomfører innen seks år (DBH) i %	66,7
1.4. Faglig tidsbruk (timer) per uke blant heltidsstudenter (Studiebarometeret) i timer.	34,9
1.5. Skår på hvordan studentene oppfatter studiekvaliteten (Studiebarometeret)	4
1.6 . Antall publikasjonspoeng per faglig årsverk (DBH) i poeng	0,5
1.6. Verdien av Horisont 2020-kontrakter per FoU-årsverk (NFR/NIFU) i 1000 €	8,48
1.7. Andelen utreisende utvekslingsstudenter på Erasmus+ av totalantallet på studenter (DBH) i %	1
<b>SEKTORMÅL 2 Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling</b>	
2.1. Andelen mastergradsstudenter sysselsatt i relevant arbeid et halvt år etter fullført utdanning (NIFU/Kandidatundersøkingen) i %	87
2.2. Bidragsinntekter fra Forskningsrådet per faglig årsverk (DBH) i 1000 kr	33,5
2.3. Andre bidrags- og oppdragsinntekter per faglig årsverk (DBH) i 1000 kr	95
2.4. Andelen forskningsinnsats i MNT-fag (NIFU/FoU-statistikken) i %	21
<b>SEKTORMÅL 3 God tilgang til utdanning</b>	
3.1. Kandidattall på helse- og lærerutdanningsene jf. Måltall (DBH) samla tal totalt for HiB	849
<b>SEKTORMÅL 4 Effektiv, mangfoldig og solid høyere utdanningssektor og forskningsstystem</b>	
4.1. Antall studiepoeng per faglig årsverk (DBH)	634,14
4.2. Andelen kvinner i dosent- og professorstillinger (DBH) i %	41,2
4.3. Andelen midlertidige ansatte i undervisnings- og forskerstillinger (DBH) i %	16,5

- 1.7 Verdien på H2020 kontraktar pr FoU-årsverk ligg over landsgjennomsnittet. Det er førebels ikkje mange prosjekt, men som det går fram av rapporten over er det eit pågåande arbeid med å auke denne delen.
- 1.8 Høgskolen har jobba systematisk med studentutveksling og andelen studentar som reiser på Erasmus+ ligg på rundt 25% av dei utreisande. Sett studenttalet under eitt er dette likevel eit litt for lågt tal. Som det går fram av vurderingane i rapporten over, er utfordringa knytt til korleis studieprogramma er utforma med omsyn til kva tid det best egner seg for å reise.

## SEKTORMÅL 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

- 2.1 Høgskolen er svært godt fornøyd med talet på masterkandidatar i relevant arbeid etter avslutta utdanning. Dette viser at høgskolen treff på relevansen i utdanningane sine, og at utdanningane er tilpassa marknaden.
- 2.2 Frå toppåret 2014 har HiB hatt ein liten nedgang i andelen bidragsinntekter frå Forskningsrådet. Nedgangen er ikkje dramatisk, men syner at det er

svært viktig å halde oppe det systematiske arbeidet for å utvikle fleire og kvalitativt betre søknadar til mellom anna Forskingsrådet. Høgskolen har fått fleire tilsette noko som på kort sikt gir negativ utslag på desse tala.

- 2.3 Delen andre bidragsinntekter pr. fagleg årsverk ligg noko under 2014 og 2015. ei del av forklaringa på dette talet er at ein har i mindre grad har hatt kapasitet til å prioritere avslutting av prosjekt i 2016. Dette er eit kapasitetsspørsmål og prioriteringsspørsmål.
- 2.4 Talet på forskingsinnsats på NMT-fag ligg over utgangsverdien for målingane i 2011. Mykje av forskingsaktiviteten ved HiB har vore sentrert rundt utvikling av doktorgradane. Dette har kravd større innsats på alle dei store fagfelta ved HiB.

### **SEKTORMÅL 3: God tilgang til utdanning**

- 3.1 Høgskolen har ein samla oppfylgingsgrad på 88 % på kandidatmåltalla. For Helsefaga ligg dette talet på 95% (ikkje medrekna døvetolk). Avvika her skyldast mellom anna at ein del studieplasser på sjukepleie er på deltid kor det samla talet på kandidatar er 140 og ikkje 180.

Hovudvekta av det samla avviket ved HIB skyldast primært svikt på døvetolkutdanninga og faglærarutdanninga i idrett og kroppsøving. Eit av problema her er at mange studentar startar på desse utdanningane berre med tanke for å gjennomføre første året (ca 50% av opptatte studentar). Når så ein har naturlig fråfall eller sinke i progresjonen, blir måltallet lågt.

For faglærarutdanninga i kroppsøving er problemet mykje det same, at studentar startar på studiet for å berre å ta det første året. Her har trenden vore stabil over fleire år. Ein del av studentane går også over til grunnskolelærarutdanninga – desse representerer i stor grad ei gruppe som har gjennomført 120-150 stp.

I den gamle ALU-utdanninga var det mogleg å få innpassa inntil 120 stp. frå andre utdanningar. Denne moglegheita er avgrensa ved GLU utdanninga. Dette kan tenkast å vere ei årsak til at det har blitt skrive ut færre vitnemål for GLU. Eit anna problem er at dei som søker seg inn for overflytting for å ta fjerde året ved GLU, ikkje blir registrert som fullført, då dei berre avlegg 60 stp. mens registreringa krev 240 stp. Dette er no gjort korrigeringar på for å sikre at vi får registrert dei studentane som ferdig med ein grad etter 60stp hos oss.

Ein del studentar går over på masterutdanningar. Desse ser ut til å vente til begge utdanningane er ferdige før dei ber om vitnemål. Dette gir også eit avvik i måltala. Vidare ser ein også at ved over gangen frå ALU til GLU har fleire av studentane som ikkje hadde fullført fått studierett ved GLU utan å avlegge eksamen der.

### **SEKTORMÅL 4: Effektiv, mangfoldig og solid høyere utdanningssektor og forskingsstystem**

- 4.1 Talet på studiepoeng per fagleg årsverk har gått noko ned og ligg i dag på landsgjennomsnittet. Høgskolen har i same periode hatt ei auke i talet på førstestillingar og intensivert arbeidet med forsking. Dette bidrar til at fleire tilsette må til for å dekkje opp undervisninga og samstundes drive forsking og utvikling.
- 4.2 Delen kvinner i professor og dosentstilling har hatt ei markant oppgang på tre år. I 2011 hadde høgskolen berre 19 kvinneårsverk i desse stillingane. I takt med oppgangen av professorar og dosentar, har dette talet gått markant opp. Mykje av dette kan tilskrivast satsinga på forsking som høgskolen har hatt ved både lærarutdanninga og særleg helsefaga, der det tradisjonelt har vore ei overvekt av kvinner.
- 4.3 Høgskolen har ein oppgang i talet på mellombels tilsette i UFF-stillingar. Vi ser ein liknande tendens også for administrativt tilsette. Dette var også ein tendens vi såg på tilsvarende vis i 2013 - året før samlokaliseringa og omorganiseringa. En god del av dette skyldast usikkerheit knytt til fusjonen, samt fri kjøp av personale i samband med fusjonsprosessane. Eit anna forhold er vakansar som oppstår når eigne tilsette går over i stipendiatsstillingar. Høgskolen ligg fortsatt under gjennomsnittet for statleg sektor, men det må vere eit mål at det i den grad mellombelse tilsettingar blir nytta, må det skje i typisk mellombelse stillingar som stipendiat, post. doc. osb.

### **Middel tildelt over kap. 260 post 50 for 2016 – SAKS-midlar (samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåing)**

Høgskolen på Vestlandet er tildelt 11 mill. kroner over kap. 260 post 50 for 2016 – SAKS-midlar (samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåing). Midlane blei overført til Høgskolen i Bergen, men det var forventa at midlane skulle gå til arbeidet med samanslåing av dei tre institusjonane. Det vises til supplerande tildelingsbrev frå KD av 28.06.2016.

Tall i 1000 kr.

Interimstyret	1 100
Rekruttering rektor	870
Prosjekt "Sikker drift"	7 620
Studentparlamentet	480
Reise og møtekostnadar nærregionane	2 780
<b>SUM</b>	<b>12 850</b>

Midlane er brukt til ei rekke ulike tiltak for å sikre ei god omstilling og samanslåing av institusjonane. I 2016 har det vore spesielt fokus på «sikker drift» ved oppstart 1.1.2017 samt særskilte omstillingsbehov i nærregionane, og midlane er nytta deretter. Blant anna har kvar nærregion fått tilbakeført 0,8 mill kr for å dekkle noko ekstra-utgifter, til dømes auka reisekostnadar. Av desse 0,8 mill har studentparlamenta fått 50 000 kr.

Det har heile perioden vore forventa at HVL ville få ei ny tildeling av SAKS-midlar i 2017, og har difor vald å sjå dei to åra under eit ved fordeling og bruk av midlane. Totalt har det blitt brukt 12,85 mill kroner i 2016. Arbeidet med samanslåing er svært kostnadskrevjande, og tildelte SAKS-midlar vil ikkje kunne dekke dei reelle kostnadane knytt til dette arbeidet.

Tabellen over viser bruk av SAKS - midlane i 2016:

## Middel tildelt over kap. 281 post 01 og post 45

### Følgjegruppe for barnehagelærar-utdanning

Følgjegruppa (heretter; FG) blei oppnemnd i juni 2013. Leiar av FG er Mimi Bjerkestrand. Det faglege sekretariatet for arbeidet er lagt til Senter for utdanningsforskning ved Høgskolen i Bergen. Prosjektleier er Svein Ole Sataøen. Det er til no levert tre hovudrapportar og ein delrapport frå prosjektet. Rapporten frå følgjearbeidet dette året har vore formidla på fleire seminar og konferansar. Det er også levert fleire artiklar som bidrag i formidlingsarbeidet. <https://www.cristin.no/app/projects/show.jsf?id=455094>

I perioden mars 2016- mars 2017 har FG hatt 2 dags møte, 2 to-dagars møte og eitt videoommøte. I tillegg ein to-dagars studietur til Sápmi. På studieturen besøkte vi Samisk Høgskole, Sametinget og ein samisk barnehage. I februar og mars 2016 gjennomfører Følgjegruppa,

i samarbeid med det faglege sekretariatet, møte med alle institusjonane (leiarane, fagtilsette, studentar og praksislærarar) som har barnehagelærarutdanning. Etter fusjonane innebar det 15 møte. Møta ga grunnlag for årsrapport frå arbeidet. I tillegg har vi henta inn diverse skriftelg informasjon frå institusjonane for å supplere datagrunnlaget for rapporteringa.

Rapporten frå FG's arbeid i perioden august 2015- august 2016 var ferdigstilt i september. Tittel: Barnehagelærarutdanninga. Tilbakevendande utfordringar og uprøvde mulegheier. Rapporten vart overlevert Kunnskapsdepartementet i eige møte i oktober. Rapporten vart også presentert og drøfta på eit dags møte ned studieiarar, instituttleiarane, programansvarlege o.a. Her deltok også Kunnskapsdepartementet.

I tillegg har vi i prosjektet for tredje og siste gong, gjenomført ei omfattande questbackundersøking til alle studentane i barnehagelærarutdanninga. Undersøkinga omfattar ein populasjon på om lag 6.400 studentar. Resultata frå omfattande undersøkinga har vorte presentert i eigen rapport ved sida av hovudrapportane frå følgjegruppa. I februar 2016 vart det laga ein samla sluttrapport frå undersøkinga. I samband med rapporten lagde vi i samarbeid med Mediesenteret ved HVL ein videopresentasjon av konklusjonane i rapporten. Presentasjonen vert lagt tilgjengeleg på nettet slik at høgskular og universitet med barnehagelærarutdanning kan laste den og nytte den i arbeidet med å utvikle utdanninga si.

Det er ei prioritert oppgåve for FG å halde open dialog med alle sider ved sektoren. Gruppa og sekretariatet har soleis dette året delteke på ulike møte i NLU, Norsk Forskningsråd, Senter for IKT i utdanningen, Utdanningsforbundet, NLU gruppa som arbeider med revisjon av nasjonale retningslinjer for barnehagelærarutdanninga og andre. Som ledd i informasjonsarbeidet til FG har vi ei eiga nettside som har som ambisjon å halde sektoren oppdatert på arbeidet til FG: <http://blu.hib.no>. Ei eiga Facebook-side er også del av informasjonsarbeidet.

Program/studium:	Fordeling av tildelte studieplasser på revidert nasjonalbudsjett:	KD sine satsingsområde:
Master i programvareutvikling	5	IKT/Helse
Master Areal og eigedom	5	Strat. Sør-og vestl.
Master i innovasjon og leiing, samfunnsvitskapelig retning	5	Strat. Sør-og vestl.
Bachelor sjukepleie	5	Helse
Bachelor i sosialt arbeid	5	Strat. Sør-og vestl./Helse
Bachelor i vernepleie	5	Strat. Sør-og vestl./Helse
PPU	20	PPU
Totalt HiB	50	

Denne sida har pr. dato over 5000 følgjarar og vert brukt svært aktivt for å dele informasjon om ulike sider ved barnehagelærarutdanninga.

Prosjektet er no inne i sitt siste år og skal avsluttast 1. november 2017.

## Middel tildelt over kap. 260 post 50

### Nye studieplassar

Høgskolen i Bergen fekk tildelt 50 studieplassar på revisert nasjonalbudsjett i 2016. Desse studieplassane blei supplert den strategiske tildelinga av nye studieplassar som høgskolen allereie hadde gjort for dei nye studieplassane som blei fordelt på statsbudsjettet 2016.

Fordelinga blei som følgjer: sjå tabell over

Fordelinga av studieplasser tar utgangspunkt i HiB sine strategiske satsingar som er tilpassa regionen og det samfunnsoppdraget HiB har og dei føresetnadene som KD har stilt. Høgskolen er i oppbygging av nokre utdanninger som er strategisk viktige for HiB og regionen, mens andre er forsterking av utdanninger i dialog med sektoren. Tildelinga er nytta i tråd med intensjonane i tildelingsbrevet.

## Middel tildelt over kap. 281 post 45

### Middel til vitskapeleg utstyr

Høgskolen i Bergen fekk i revisert nasjonalbudsjett tildelt 2,9 millionar kroner til vitskapeleg utstyr. Den endelige fordelinga av midlane blei gjort i styrets hand-saming av justert budsjett i oktober 2016 (sak 96/16 - justert budsjett 2016). Føresetnadene for tildelinga var «modernisering av utstyrsparken ved universiteter og høgskoler på Sør- og Vestlandet». Høgskolestyret vedtok i møte i oktober følgjande fordeling av ekstramiddel til vitskapeleg utstyr: sjå tabell under

Fysiologisk testlaboratorium nyttast både av fysioterapeutdanninga og av Idrettsseksjonen. Laboratoriet har eit stort mangfold av testutstyr som nyttast i samarbeidsprosjekt med eksterne partnarar, forskingsprosjekter og studentoppgåver. Laboratoriet har hatt behov for utskifting av utstyr og er i den samanhengen tildelt 650 000 til føremålet. Då midlane blei fordelt relativt seint på året har det ikkje vore gjort investeringar i 2016. desse er ført over til avdelinga sine budsjett for 2017 og øyremerka vitskapeleg utstyr.

SimArena er eit nytt, moderne og godt utstyrt simuleringssenter knytt til helseutdanningane. Det består av 35 laboratorium som blir brukt til undervisning, forsking og utvikling. Laboratoria er utstyrt med topp moderne medisinsk-teknisk utstyr. Dette gir studentane våre heilt unike muligheter for læring. Sim Arena er som det går

Nyinvestering i fysiologisk testlaboratorium (idrettsseksjonen ved Avdeling for lærarutdanning)	650 000 NOK
Investering i nytt utstyr til Sim Arena (Avdeling for helsefag og Senter for kunnskapsbasert praksis)	500 000 NOK
Investeringar i IKT-utstyr (som ledd i digitaliseringssatsinga)	1 750 000 NOK
	2 900 000 NOK

Stilling:	Status:
Stipendiatstilling knytt til engelsk i GLU	tilsett hausten 2016
Stipendiatstilling knytt til PEL i GLU	tilsett hausten 2016
Stipendiatstilling knytt til samfunnsfag i GLU	under tilsetting mars 2017
Post.doc.-stilling i engelsk	tilsett februar 2017 - startar i august 2017
Post.doc.-stilling i matematikk	tilsett våren 2017 -startar i august 2017

fram av annan rapportering her, eit viktig middel i lærings-samanheng for AHS. Midlane er her nytta til supplering av vitskapeleg utstyr i laboratoria.

Høgskolen i Bergen budsjetterte opphaveleg for heile 2016 med 1,75 millionar til IKT-investeringar før revidert nasjonalbudsjett blei tildelt. Gjennom revidert nasjonal-budsjett styrka ein budsjettet med 1,75 millionar til 3,5 millionar. Samla investeringar til AV/IKT og servere i 2016 kom på 4,5 millionar. Høgskolen har satsa tungt på digitalisering av undervisning, forsking og utvikling, og investeringane som her er gjort har bidratt til å styrke dei digitale vitskapelege/faglege hjelpe midla på tvers i organisasjonen til eit nivå som speglar ambisjonane styret sjølv, og KD, har til digitalisering av forsking og utdanning.

Det bekreftast at midlane er nytta og planlagt nytta i tråd med intensjonane i tildelinga.

## Middel tildelt over kap. 260 post 50 og kap. 281 post 01

### Tildeling av middel til rekrutteringsstillingar i grunnskulelærarutdanningane

I samband med statsbudsjettet 2016 og regjeringa sin strategi Lærerløftet – på lag for kunnskapsskolen fekk Høgskolen i Bergen tildelt middel over kap 260 post 50 og kap 281 post 01 til 5 nye stipendiatstillingar.

Alle middel til desse stillingane er tilført Avdeling for lærerutdanning ved HiB der grunnskulelærarutdanninga låg i 2016. Som det går fram i andre delar av rapporten har HiB hatt eit særskilt fokus på å auke kompetanse-nivået innanfor lærarutdanninga. Avdelinga har valt å lyse ut tre av dei tildelte stillingane som stipendiat-

stillingar og to som post.doc. Stillingane blei lyst ut i løpet av budsjettåret 2016 og status ved årsskiftet er som følgjer: sjå tabell over

Høgskulen fekk tildelt 1 949 333 kr over ekstraløyvinga. Dei unytta midla frå 2016 er overført budsjettet for 2017 som vist under og er knytt til vidare finansiering av stillingane. Høgskolen vurderer måloppnåinga så langt som god, og bekreftar at midlane er nytta i tråd med intensjonane.

Sjå tabell under

## Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

Høgskolen i Bergen har vidareført arbeidet i samarbeid med Statsbygg om utvikling av campus på Kronstad, og sluttførte i 2016 romprogrammet knytt til prosjektet.

Samstundes gjekk Statsbygg ut med ein totalentreprise for prosjektet. Høgskolen har hausta god erfaring med etableringa av høgskolen på Kronstad i 2014, som tidligare rapportert, og forventar ein tilsvarande effekt ved utviding av areala ved utvikling av nordtomta.

Sum supplerende tildeling rekrutteringsstillingar i grunnskolelærerutdanningene 2016	1 949 333
Sum utbetalt lønn og sosiale kostnader til øremerkede rekrutteringsstillingar 2016	327 884
<b>Restmidler overført til 2017</b>	<b>1 621 449</b>



# Resultatrapptering Nærregion Stord/Haugesund/HSH 2016

## Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forsking

### Verksemadmål: Eit læringsmiljø med høg kvalitet og internasjonal kontakt

#### Kvalitetsindikatorar

- > Bruk av teknologi og digitalisering av utdanningane
- > Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar (Studiebarometeret)
- > Score på korleis studentane opplever studiekvaliteten (Studiebarometeret)
- > Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus + av det totale talet på studentar (DBH)

#### Tiltak i 2016:

- > Oppfølging av Læringsmiljøkonferansen:
  - Medverknad
  - Mentorordning og førstesemestertiltak
  - Tilbakemelding
- > Koordinering av felles tiltak for læringsstøtte
- > Vidareføre implementering av internasjonal strategi mellom anna med tiltak for å auke delen inn/utreisande studentar og auke omfang av engelskspråklege tilbod
- > Samordning av tiltak for oppfølging av fleirkulturelle studentar

#### Oppfølging av læringsmiljø-konferansen 2016

Læringsmiljøkonferansen 2016 hadde som hovudtema

- > Fusjon – ein ny profesjonshøgskule på Vestlandet (?),
- > Korleis lærer HSH sine studentar best, og korleis får dei vist kva dei kan?
- > Oppfølging av studiebarometeret med særskilt fokus på medverknad
- > Det viktige førstesemesteret – korleis tek vi imot nye studentar og gjev dei best mogleg grunnlag for å lukkast både fagleg og sosialt?

Det vart lagt fram ei oppsummering av konferansen til både Høgskulestyret, Læringsmiljøutvalet og leiargruppa med omtale av innleiingane og oppsummering av gruppearbeida. Avslutningsvis på konferansen vart deltakarane bedne om å svare på kva tiltak som bør verte gjennomført det neste året. I lys av tilbakemeldingane vart medverknad, mentorordning og førstesemestertiltak og tilbakemelding trekt fram som oppfølgingsområde i 2016.

#### Medverknad

Det er lagt vekt på å gje systematisk informasjon til studentane om kva moglegheiter dei har for medverknad. Dette inneber mellom anna informasjon om referansegrupper, tillitsvalde, kvalitetssystem, lover og reglar og

#### Læringsmiljøkonferansen

Omtale i kvalitetshandboka:

*«Læringsmiljøkonferansen er ein sentral arena for kvalitetsutviklinga ved HSH. Her møtes årleg studentar, leiing og tilsette for å diskutere ulike tema med relevans for utviklinga av studiekvalitet og læringsmiljø. Konklusjonane frå konferansen skal resultere i fokusområde og tiltak i handlingsplanane til fagavdelingane, og det skal orienterast om status og resultat for arbeidet på neste års konferanse.»*

informasjon om eksamen. Ved Avdeling for lærarutdanning og kulturfag (ALK) inviterte ein i tillegg tillitsvalde studentar til ein samtale for å gje innspel på forbettingsområde innanfor medverknad. Stikkord som gjekk igjen i samtalane var kommunikasjon, dialog, informasjon og bevisstheit rundt plikter og rettar som student. Det kom eit konkret forslag om å lage ein informasjonsvideo for studentar og faglærarar om kvalitetssystemet. Det vart difor laga ein powerpoint med voiceover som våren 2017 er nytta i oppstarten av semesteret og som har fått gode tilbakemeldingar<sup>1</sup>.

#### Mentorordning og førstesemestertiltak

Alle dei tre fagavdelingane har hatt eit særskilt fokus på tiltak første studieår. Tiltaka er tilpassa dei ulike studia

<sup>1</sup> Presentasjonen er også tilgjengeleg via [http://www.hsh.no/ansattes\\_sider/dokumentbanken.htm](http://www.hsh.no/ansattes_sider/dokumentbanken.htm) (søk på kort introduksjon til kvalitetssystemet)

sin eigenart, men eksempel er oppstartsveker/-samlingar med opplegg som kombinerer fagleg, administrativt og sosialt innhald, forkurs og kartleggingstester innanfor matematikk, samtalar med alle studentane første semester, forventingsavklaring og endra arbeids- og vurderingsformer.

### Tilbakemelding

Kva som er relevante tilbakemeldingar og tiltak for å betre desse varierer mykje på tvers av studieprogramma. Eksempel på tiltak som er gjennomførte på dette området i 2016 er krav om å delta på individuell tilbakemelding på studiekrev, rettleiingstimar med fagtilsett for enkelte emne og frivilleg prøveeksamen med tilgjengeleg sensorrettleiing i etterkant.

Fleire studie har og gjennomført tiltak knytt til organiseringa av undervisning og arbeidsformer, for å få betre og meir hensiktmessige tilbakemeldingar til studentane. Eksemplar på dette er eit prøveprosjekt på økonomi og administrasjon, der ein har erstatta førelesningar med ei rekke studentaktive tiltak hausten 2017. På sjukepleie har ein endra samansetjing og form på studiekrev og på Avdeling for lærarutdanning og kulturfag skal ein utvikle prosedyrar for betre og meir systematisk tilbakemelding til studentane i løpet av våren 2017.

### Koordinering av felles tiltak for læringsstøtte

Frå 2015 har HSH hatt eit prosjekt med mål om å samordne felles tiltak for læringsstøtte: «KULT – Kompetanse, undervisning, læring og teknologi. I tillegg til å følgje opp tilsette som spør om råd og rettleiing og/eller gjennomføre ordinær aktivitet har ein i regi av prosjektet mellom anna hatt dialog med fagavdelingane om behov, utvikla nettsider og gjennomført felles kurs og seminar på tvers av dei ulike delane av læringsstøtte. Eksempel på dette er samling på basiskurset for høgskulepedagogikk med fokus på bruk av digitale verktøy og seminar for nytilsette om utdanningskvalitet.

### Bruk av teknologi og digitalisering av utdanningane

HSH har ei eiga gruppe som fungerer som pedagogisk og teknisk støtte innanfor e-læring og digitale samhandlingsaktivitetar. Dette inneber støtte til både planlegging og gjennomføring av ulike typar nettstøtta undervisning. Eksempel på prosjekt er den nyoppstarta ingeniørutdanninga i Sunnhordland som har fått finansiering frå Norges universitetet.

HSH-miljøet har og delteke på ei rekke konferansar og seminar knytt til bruk av teknologi og digitalisering av utdanningane. I juni arrangerte HSH seminar om bruk av video i undervisninga i samarbeid med UH-nett Vest med 60 deltakarar.

### Videreføre implementering av internasjonal strategi mellom anna med tiltak for å auke delen inn/utreisande studentar og auke omfang av engelskspråklige tilbod

Kvalitetsindikator: Tal på utvekslingsstudentar (inn/utreisande)	Resultat		
	2014	2015	2016
HSH	84 52/32	105 72/39	135 80/55
Avdeling for helsefag (AHF)	36/24	39/23	36/28
Avdeling for lærarutdanning og kulturfag (ALK)	2/2	6/6	12/7
Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (ATØM)	14/6	27/10	32/20

Nasjonalt styringsparameter:

Del utreisande utvekslingsstudentar Erasmus+ av totalt tal på studentar	Resultat		
	2014	2015	2016
	0,23	0,33	0,82

HSH har hatt ein jamn auke frå 2014-2016 både i talet på innreisande og talet på utreisande studentar. Særleg har avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (ATØM) ein stor auke i utreisande studentar. Dette er mellom anna eit resultat av eit målretta fokus mot Briksland<sup>2</sup> og prosjekt finansiert av SIU til samarbeid mellom økonomi og administrasjonsstudiet ved HSH og Indiana University of Pennsylvania (IUP) i USA. Auken viser og igjen i den nasjonale styringsparameteren – del utreisande studentar Erasmus + av totalt tal på studentar, der HSH har gått frå 0,33 til 0,82 frå 2015 til 2016. Sjølv om HSH framleis ligg noko under det nasjonale gjennomsnittet på 0,88, nærmar ein seg no dette nivået.

Ved avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (ATØM) har ein laga eit heilt studieløp på engelsk innanfor ingeniørfag, grunna oppdrag frå UNITAR. Studieåret 2016-17 tilbyr ein 40 stp engelskspråklege emne på branningeniør, 30 stp på master brannsikkerheit, 20 stp bacheloroppgåve, 30 stp på nautikk og 37,5 stp på økonomi og administrasjon.

Ved avdeling for lærarutdanning og kulturfag (ALK) har ein studieåret 2016-17 tre studietilbod som vert marknadsført internasjonalt: Community music, Fjords and Glaciers og Engelsk årsstudium.

På avdeling for helsefag (AHF) vert det gjeve praksisemne på engelsk. I tillegg vert det gjeve simuleringsscaseoppgåver på engelsk der og studentane som er på utveksling deltek.

### Samordning av tiltak for oppfølging av fleirkulturelle studentar

HSH har eit internasjonalt og mangfaldig studentmiljø, og det er viktig at alle studentar vert sett, høyrt og inkludert. Likestillings- og inkluderingsrådet (LIR), eit kompetanseorgan for likestillings- og inkluderingsarbeidet ved HSH, har i 2016 initierte ein plan for samordning av tiltak for oppfølging av fleirkulturelle studentar. Det er gjennomført ei kartlegging av tiltak og behov blant tilsette og resultatet vart presentert for LIR. AHF har haust 2016 hatt eit kvalitetsseminar med oppfølging av fleirspråklege studentar som tema. Dei emneansvarlege ved AHF skal kome med innspel til tiltak som kan setjast i verk inneverande studieår. Desse vil verte innarbeidd i handlingsplanen til avdelinga.

### Studiebarometeret

Studieåret 2016-17 har vi for tredje gong gjennomført lokalt og nasjonalt studiebarometer med samanliknbare spørsmål. I 2016 gjekk svarprosenten på det nasjonale studiebarometret ned til 47%, noko som mellom anna skuldast ein teknisk feil som gjorde at alle svar som vart gjeve ein av dei første dagane vart nulla ut og at mange

studentar då valde å ikkje gjennomføre undersøkinga på nytt.

Tilbakemeldingane som studentane gjev i Studiebarometeret er viktige i HSH sitt kvalitetsarbeid. I årsrapporten trekker vi fram overordna trivnad og tidsbruk. I tillegg vert det laga ein eigen rapport<sup>3</sup> til læringsmiljøkonferansen og høgskulestyret. Den viktigaste oppfølgingsjobben skjer likevel på avdelings- og studienivå. Til dømes kommenterer studieleiarane resultata og korleis dei vert følgde opp i deira kvalitetsrapportering på kullnivå. Studiebarometeret er ei sentral kjelde for programevalueringane som vert gjennomført kvart femte år og det vert utarbeidd avdelingsvise notat som vert lagt fram for råda for FoU og FoU-basert utdanning og følgde opp av dekanar, studieleiarar og andre ansvarlege på fagavdelingane.

### Overordna tilfredsheit

Samla sett har scoren på spørsmålet om i kva grad studentane alt i alt er nøgde med studiet dei går på gått opp frå 4,0 til 4,1 frå 2015 til 2016. Auken skriv seg frå ein auke frå 3,7 til 4,1 på tredje studieår, medan det berre er små endringar for dei andre studieåra.

### Tidsbruk

For andre studieår (som deltek i den nasjonale undersøkinga) er tid brukt på studia relativt stabil (39 timer totalt) og noko høgare enn det nasjonale gjennomsnittet på 35,5. Det er likevel verd å merke seg at det er ein markant nedgang særleg for første studieår frå 2015-undersøkinga til 2016-undersøkinga – der samla tal på timer til studie har gått ned frå 31 til 26 timer.

### Verksemadmål: Kandidatar som er attraktive for den moderne arbeidsmarknaden og som kvalifiserer for studiar på høgare grads nivå.

### Kvalitetsindikatorar

- > Talet på ferdige kandidatar (inkl. kandidatmåltal)
- > Gjennomstrøyming og fråfall
- > Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH)
- > Delen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH)
- > Strykprosent
- > Delen av ABC-kandidatar

<sup>2</sup> BRIKS består av landene Brasil, Russland, India, Kina og Sør-Afrika.

<sup>3</sup> [http://ans.hsh.no/styringshandbok/kvalitetshandbok/Kvalitet\\_i\\_studieprogram/Rapport%20Studiebarometeret%202016\\_17.pdf](http://ans.hsh.no/styringshandbok/kvalitetshandbok/Kvalitet_i_studieprogram/Rapport%20Studiebarometeret%202016_17.pdf)

## Tiltak i 2016:

- > Fokus på betre gjennomstrøyming og redusert fråfall i utdanningane
- > Fullføre programevalueringar:
  - Master i IKT i læring
  - Bachelor i Økonomi og administrasjon
  - Vidareutdanning i pleie og behandling av ikke-helende sår.
- > Gjennomføre programevalueringar:
  - HMS ingeniør og utvalde årseiningar.

Barnehagelærarutdanninga hadde eit relativt lågt opptak i 2013. Opptaket auka i 2014, men i dette kullet har ein hatt relativt høgt fråfall. Ein må difor forvente at ein ikkje når kandidatmåltal i 2017 for denne utdanninga. Det er likevel verdt å merke seg at fråfallet har gått noko ned for påfølgjande kull. I tillegg starta ein i 2014 arbeidsplass-basert barnehagelærarutdanning. Desse studentane skal normert vere ferdig våren 2018, slik at ein i 2018 vil få ein stor auke i kandidatar på barnehagelærarutdanninga. Totalt er det 89 studentar som per i dag studerer på BLU/ABLU som ein kan forvente at normert vert uteksaminert våren 2018.

## Tal på ferdige kandidatar

ALK hadde ein nedgang i tal på kandidatar i 2016, særleg på grunn av redusert kandidattal frå den praktiske pedagogiske utdanninga. For ATØM er det ein svak oppgang i kandidattal, medan kandidattalet for AHF er relativt likt som for 2015.

Sjå tabell under

Til trass for ein liten auke i tal på kandidatar på sjukepleie i 2016, når vi ikkje kandidatmåltal for denne utdanninga i 2016. Kull 2013 hadde høgt fråfall samanlikna med dei seinare kulla, og per hausten 2016 var det 163 aktive studentar på kull 2014 (inkludert studentar som på grunn av t.d. permisjon starta tidlegare år), slik at det er god grunn til å tru at ein når kandidatmåltal for sjukepleie i 2017. For AIO er kandidatmåltalet nådd i 2016 slik som i dei føregående åra.

Faglærar musikk har eit for lågt opptakstal til å kunne nå kandidatmåltal på 20 kandidatar. For PPU nådde ein ikkje kandidatmåltal i 2016, men i 2017 kan ein forvente ein auke på om lag 10 uteksaminerte kandidatar, slik at ein når kandidatmåltal i 2017. Hausten 2016 hadde HSH eit rekordopptak på PPU, slik at ein i 2018 forventar å nå kandidatmåltal med god margin.

Både GLU 1-7 og GLU 5-10 har nådd sine kandidatmåltal i 2016. For GLU 1-7 må ein på grunn av opptakstalet forvente at kandidattalet dei nærmaste åra vil ligge noko lågare eller omkring 20. GLU 5-10 har eit noko høgare opptakstal, slik at ein for denne utdanninga kan forvente at ein når kandidatmåltala dei nærmaste åra.

Studieprogram	Kandidatar 2014	Kandidatar 2015	Kandidatar 2016	Kandidat-måltall KD
Sykepleie	143	136	141	145
AIO <sup>1</sup>	15	17	16	8
BLU	54 <sup>2</sup>	47	37	45
FAMU	4	12	11	20
PPU	90	120 <sup>3</sup>	75	80
GLU 1-7	12	18	20	20
GLU 5-10	24	13	27	20

<sup>1</sup> Sensuren for kulla i som avslutta AIO studiet 2015 og 2016 kom i januar året etter.

<sup>2</sup> Inkludert deltidsutdanning

<sup>3</sup> Inkludert PPU i Ryfylke

Gjennomføringsgrad på normert tid på bachelor- og masterutdanningane

Gjennomføringsgrad på normert tid	2012	2013	2014	2015	2016
<b>HSH (heiltids bachelorutdanninger)</b>	44,7	46	46,6	44,8	46,9
Gj.snitt statlige høyskoler (bachelor)	42,6	43,5	45,2	46,3	46,7
<b>HSH (heiltids masterutdanninger)<sup>4</sup></b>			5,3	15,4	-
Gj.snitt statlige høyskoler (master)	47,5	48,6	49,8	50,2	49,5

Gjennomføringsgrad 2012-2016 (Kjelde: KD-portalen DBH)

<sup>4</sup> Ingen av HSH sine mastergradsutdanninger var kategorisert som fulltidsutdanninger i 2016

## Gjenomstrøyming og fråfall

Sjå tabell over

Gjenomstrøyming og fråfall er eit av områda HSH har retta særskilt merksemd mot dei seinare åra. I desember 2016 fekk difor høgskulestyret eit eige notat på dette området. Etter å ha hatt ein nedgang i gjennomføringsgraden i 2015, har HSH hatt ein auke i 2016, som gjer at gjennomføringsgraden ved HSH no er på line med det nasjonale gjennomsnittet. Gjennomføringsgraden blir både påverka av del studentar som sluttar på studiet (fråfall) og del studentar som brukar lenger tid enn normert på studiet på grunn av til dømes permisjonar, familie- eller jobbsituasjon eller at dei stryk (gjenomstrøyming). Tilstandsrapporten for høgare utdanning har vist at HSH særleg har lågare gjennomstrøyming enn dei andre statlege høgskulane, medan fråfallet dei første tre studieåra om lag er på line med dei andre statlege høgskulane.

Etter ein kraftig auke i studiepoengproduksjonen per heiltidsekvivalent fra 2013 til 2014, har denne vore relativt stabil: Sjå tabell under

Det er store skilnadar på tvers av studieprogramma og på tvers av kull. Vi følgjer difor opp fråfall og gjennomstrøyming på kunnivå og fagavdelingane gjennomfører tiltak tilpassa studia og studentane sin eigenart. Det er også gjennomført ein analyse der vi har sett på forholdet mellom startkompetanse og resultata på dei grads-

gjevande utdanningane ved HSH. Oppfølginga og analysen viser begge at det er klar samanheng mellom fråfall og manglende gjennomstrøyming og resultata i første studieår.

Med bakgrunn i erfaringane med at første studieår er svært viktig for god gjennomføringsgrad har alle studia hatt særskilte tiltak knytt til dette i 2016. Dette er nærmere omtala under verksemdsmålet læringsmiljø med høg kvalitet og internasjonal kontakt.

Fleire av studieprogramma har tiltak for auka gjennomføringsgrad som knytter seg til hele studieløpet. Eksempel på dette er eit eige prosjekt om gjennomstrøyming og fråfall i 2016 som mellom anna har inkludert ein systematisk gjennomgang med tiltak på emnenivå (AHF). Nautikk har ein eigen plan for oppfølging av studentane som dekker hele studieløpet. Oppfølgingstiltaka er både faglege, administrative og sosiale.

Analysen som er gjennomført for forhold mellom startkompetanse og resultat hadde problemstillinga ”Korleis påverkar ulike variablar sannsynlegheten for at ein student har full studieprogresjon etter eitt studieår”.

Det vart gjennomført deskriptive analysar og regresjonsanalysar med følgjande hovudkonklusjonar:

- > Det er meir sannsynleg at kvinner har full studieprogresjon etter eitt studieår enn menn

Studiepoengproduksjon per heiltidsekvivalent	2013	2014	2015	2016
HSH	43,8	48,9	49,9	49,6
AHF	47,9	49,4	52,0	51,4
ALK	42,8	53,1	53,4	53,8
ATØM	42,0	45,4	45,9	45,1

(Kjelde: DBH)



- > Det er meir sannsynleg at aldersgruppene 21-25 år og 26-30 år har full studieprogresjon enn aldersgruppa 16-20 år. For dei andre aldersgruppene gjev ikkje analysane grunnlag for å seie at det er signifikant skilnad.
- > Det er meir sannsynleg at studentar ved grunnskule-lærerutdanningane har full studieprogresjon enn barnehagelærarstudentene. Det er mindre sannsynleg at studentane ved Faglærer musikk, ingeniør, og økonomi og administrasjon har full studieprogresjon enn barnehagelærarstudentane. For dei andre studieprogramma gjev ikkje analysen grunnlag for å seie at det er signifikant forskjell.
- > Høgare karaktergjennomsnitt frå vidaregåande skule, betre norskkarakter og betre matematikkarakter har alle positiv effekt på sannsynlegheten for full studieprogresjon etter eitt studieår.
- > Når vi koplar saman dei ulike karaktervariablane med studieprogramtilhøyrigheit, er ikkje lenger matematiske karakteren utslagsgjevande. Både norskkarakteren og gjennomsnittskarakteren har framleis positiv effekt på sannsynlegheten for full studieprogresjon.


Analysen er gjennomført på tvers av alle studieprogram ved HSH, med studieprogramma som uavhengige

variablar. Dei deskriptive analysane viser at det er store skilnader på tvers av studieprogramma, men kvar for seg vert datasetta for små til at ein kan legge vekt til resultata av studieprogramvise regresjonsanalysar. I samband med fusjonen mellom HSH, HiSF og HIB, hadde det vore svært interessant å gjennomføre tilsvarande analyse for studentane ved den nye Høgskulen på Vestlandet.

### Strykprosent

Sjå figur under

HSH har samla sett ein noko høgare strykprosent enn gjennomsnittet for statlege høgskular. ATØM har relativt høg strykprosent og har hatt ein auke i strykprosenten i 2016. AHF har høgare strykprosent enn gjennomsnittet for statlege høgskular, men hadde ein klar nedgang i 2016. ALK har lågare strykprosent enn gjennomsnittet, men ein liten auke i 2016. Mange av emna med høg strykprosent er på første semester av studieprogramma. Tiltaka nemnde tidlegare er difor i stor grad knytt til desse. Til dømes har ein jobba med innretning og samansetjing av studiekrev og rettleiing, og ein har hatt kartleggingstest og forkurs innanfor matematikk på utvalde studieprogram og emne.



Strykprosent (Kjelde: DBH)

## Del studentar som får karakteren A, B eller C

Del studentar som oppnår karakteren A, B eller C er definert som kvalitetsindikator ved HSH fordi den indikerer del av studentane som kvalifiserer for studium på høgare grads nivå.

Sjå figur under

Del studentar som får A, B eller C er relativt stabil for alle tre fagavdelingane, med små endringar frå år til år. Ein lågare del av studentane ved HSH får karakteren A, B eller C enn gjennomsnittet for statlege høgskular. Deles studentar som får A, B eller C er høgast på ALK og lågast ved AHF.

## Gjennomføring og resultat av program-evalueringar


I samsvar med handlingsplanen vart tre program-evalueringar ferdigstilte ved HSH i 2016: Evaluering av bachelor i økonomi og administrasjon (styrehandsama mai 2016), master IKT i læring (styrehandsama mai 2016) og vidareutdanning i pleie og behandling av ikke-helende sår (styrehandsama september 2016). Programevalueringa som vi planla å starte opp hausten 2016, er utsett på grunn av fusjonen.

For programevalueringane er det nytta både kvantitative og kvalitative datakjelder med mellom anna data frå NOKUT-portalen og studiebarometeret, kandidatundersøkingar, gjennomgang av studiehandbok og andre relevante dokument og intervju med kandidatar, arbeidsliv og sensorrapportar frå eksterne sensorar. Basert på

situasjonsbiletet som vert teikna gjennom datagrunnlaget, gjer dekan og studieleiar vurderingar av resultat og kva tiltak ein vil følgje opp evalueringa med.

Programevalueringa av master IKT i læring viste eit studie med høg tilfredsheit og gode resultat. Studentane ved dette studiet er av dei mest nøgde studentane ved HSH. Kandidatane opplever studiet som relevant, tidsriktig og nært knytt til FoU-verksemda i fagmiljøet. Innanfor undervisning og rettleiing er kandidatane særleg nøgde med faglærarane sine tilbakemeldingar på arbeid og den individuelle oppfølginga. Studentar og tilsette peiker og på at godt samarbeid med administrative støttetester har vore ein avgjerande faktor for opplevd kvalitet i utdanninga. Ein er og oppteken av å vera i kontinuerleg endring for at studieprogrammet skal fortsetja å vere relevant. Dette inneber mellom anna at ein no reviderer studieplanen med planlagt verknad frå hausten 2019, og aktivt jobbar for å knytte til seg nye fagtilsette for å førebu eit kommande generasjonsskifte.

Programevalueringa avdekker likevel at master IKT i læring har utfordringar og forbetringspotensiale på nokre sentrale område: Gjennomstrøyming og fråfall, medverknad, økonomi og internasjonalisering. Evalueringa er følgd opp med fleire tiltak. For eksempel arbeider ein for å gje betre informasjon til søkerar og nye studentar om vanskograd og arbeidsmengd, det er oppretta studieprogramråd med studentrepresentantar tilpassa at studiet er samlingsbasert og nettstøtta. Det vert vidare arbeidd for å få status som teknologisk studie og dermed høgare finansiering, mellom anna med å introdusere nye emne knytt til teknologi og koding. Det er få førespurnader om



Del studentar som får A, B eller C (Kjelde: DBH)

internasjonalisering, noko som er knytt til at studentgruppa hovudsakleg er vaksne studentar i jobb.

Programevalueringa av bachelor i økonomi og administrasjon viste ein positiv tendens for søkerne og resultatet og at studiet har gjeve over 350 kandidatar den siste fem-årsperioden. Ein stor del av studentane kjem frå Haugesundsområdet og nemner nærliek til heimstaden som ei viktig årsak til å velje dette studiet. Kvinnedelen er og høgare enn for andre tilsvarende studie i Noreg. Ein ser at studiet har utfordringar med gjennomføringsgrad, særleg fordi mange brukar lenger tid på studieløpet og tilpassar dette på grunn av arbeids- og familiesituasjon.

Som oppfølging av evalueringa har ein jobba med tidsplanlegging og timeplanlegging med fokus på styrking av studentane si eigentid og samla totale tid brukt på studiet, samt utprøving av nye meir studentaktive undervisningsformer i utvalde emne. I tillegg har ein gjennomført tiltak for betre læringsmiljø og synleggjering av forventingar og relevans for arbeidslivet.

Programevalueringa av vidareutdanning for pleie og behandling av ikke-helende sår viste særskilt gode resultata, mellom anna med svært god gjennomføringsgrad og tydeleg fagleg relevans i arbeidslivet. Ein utfordring som vart peikt på var behov for meir tilrettelegging for praksis for dei av studentane som ikkje er i relevant arbeid under studiet. Ein utarbeider difor kontaktinformasjon for å tilrettelegge for hospitering ved sårpoliklinikkar og liknande. Vidare er det ei utfordring at studiet baserer seg på eit sårbart fagmiljø, og det vert jobba med å knytte studiet opp mot eit breiare fagmiljø.

## Verksemdomål: Vere eit naturlig førsteval for søkerar frå eigen region og eit reelt alternativ for søkerar utanfor regionen.

### Kvalitetsindikatorar

- > Kvalifiserte førstevalssøkarar per studiepllass
- > Kvalifiserte søkerar per studiepllass på GLU 1-7
- > Marknadsdeler på utvalde utdanninger
- > Studievis vurdering av inntakskvalitet og behov for tiltak

### Tiltak i 2016:


Rekrutteringstiltak med særleg fokus på marknadsdeler utanfor kjerneregionen, nasjonale studiar og fleire internasjonale studentar

### Kvalifiserte førstevalssøkarar per studiepllass

I 2016 handsama HSH over 11000 studieønske fordelt på omlag 4300 søkerne. Søkartala til grunnutdanningane viser at ingeniørutdanningane vert påverka av konjunkturmedgangen i industrien ved at færre søker seg til desse.

Samstundes fortset oppgangen for sjukepleiarutdanningane og praktisk pedagogisk utdanning (PPU). Masterutdanningane ved HSH har jamt over gode søkerkartal. Masterutdanningane i brannsikkerhet som starta i 2015, fyller studiepllassane sine i 2016.

For grunnskulelærarutdanningane (GLU) såg vi ein oppgang i 2015, men i 2016 var kvalifiserte førstevalssøkarar per studiepllass tilbake til 2014-nivå. Barnehagelærarutdanninga har hatt motsett utvikling, med ein dupp i 2015, og ny oppgang i 2016.



Talet på kvalifiserte førstevalssøkarar pr. studiepllass, lærarutdanningar 2013-2015 (Kjelde: DBH)  
Utfordringane med rekruttering til lærarutdanningane er godt synlege når denne indikatoren vert framstilt grafisk saman med dei andre utdanningane. Medan barnehagelærarutdanninga og faglærarutdanninga i musikk i år går opp, går begge grunnskulelærarutdanningane tilbake. Det kan vere fleire årsaker til dette, mellom anna skjerpa krav til karakter i matematikk og omlegging til femårig master i GLU frå 2017.

Det er tradisjonelt eit stort fokus på opptaka som skjer gjennom Samordna opptak, men det er viktig å merke seg at for HSH utgjer dette berre omlag ein tredjedel av alle søkerad om opptak pr. år. Dei lokale opptaka er difor ein vesentleg del av HSH sitt studentopptak. Det er ingeniørutdanningane (TRESS), praktisk pedagogisk utdanning (PPU), mastergradsutdanningane og etter- og vidareutdanningane (EVU) som stort sett utgjer dei lokale opptaka.

### **Stabilt høg marknadsdel i Sunnhordland og Nord-Rogaland – resultat av ein medviten strategi for marknadsføring**

HSH har mål om å vere eit naturleg førsteval for søkerar i regionen og eit naturleg val for søkerar utanfor regionen. Demografi og marknadsdeler er viktige indikatorar for å hente inn kunnskap om søkermassen og marknadsposisjon innan dei ulike utdanningsområda. HSH har årleg utarbeida ein inntaksrapport som inkluderer ein analyse av marknadsdelar for å følgje med på denne utviklinga.

Både i Sunnhordland og i Nord-Rogaland har marknadsdelen til HSH vore relativt stabil i perioden 2013-2016. Konkurransen om søkerane er stor, særskilt i dei yngste aldersgruppene. I aldersgruppa 21-23 år i Nord-Rogaland har HSH dei tre siste åra likevel hatt ein stabil del på omlag 28%. Dette er 18 prosentpoeng føre nærmeste konkurrent; UiB.

Marknadsdelane på dei ulike utdanningsområda går litt opp og ned, men dette er mykje på grunn av små tal og store prosentvisje utslag. «Sjukepleie», «økonomi og administrasjon» og «maritim» er dei områda kor HSH har størst del søkerar. På områda «Lærar» og «ingeniør» er det litt meir konkurranse og variasjon frå år til år, men likevel stabilt over tid.

### **Eit grundig arbeid i vår region, større utfordring å nå ut nasjonalt og internasjonalt**

HSH sin strategi for studentrekrytering legg rammer for konsistent rekryteringskommunikasjon og skal sikre best mogelig avkasting på rekryteringsbudsjettet. Den har vore førande for heile HSH og bygger på og understøttar Strategisk plan. HSH har hatt eit rekryteringsteam med ansvar for å følgje opp rekryteringsstrategien og tilhøyrande Handlingsplan for studentrekrytering<sup>4</sup>.

Det var eit mål i strategiperioden (2013-2016) å doble talet på førsteprioritetssøkarar i primærmålgruppa (søkarar 18-24 år) og samstundes redusere fråfallet frå søkeradfrist til semesterstart. For å få dette til deltok HSH i skulebesøksturné på alle vidaregåande skular i Hordaland og Rogaland, og dessutan alle regionale og lokale utdanningsmesser i Sunnhordland og på Haugalandet. Dette er arenaer for personlege møte med

primærmålgruppa vår, og føregår i tidsrommet november til februar. Etter søkeradfristen 15.april held vi aktivt kontakt med søkerane i form av telefonrunde, e-post og brevpost heilt fram til studiestart i august.

Vi møter primærmålgruppa vår i hovudsak på nett, i sosiale medier, på utdanningsmesser og skulebesøk. Hovudkanalen på nett er heimesida www.hsh.no, men HSH har i tillegg dei seinare åra blitt meir tilstade i fleire sosiale medier på ein meir målretta måte, primært Facebook, Youtube, Instagram og LinkedIn. Vi har erfart at personlige møte tyder mykje for val av utdanning til mange av våre søkerar. Vi har difor hatt eit høgt fokus på å finne fleire gunstige høve både til å oppsøke potensielle søkerar til grunn-, master- og vidareutdanningar på ulike arenaer (til dømes omdømmearrangement, mulighetsarena mm.), og inviterte dei inn på campus til ulike typar arrangement (Informasjonskveld, Helsefagleg karrierekveld, Samtidsdagane, Øyoseminaret, Forskningsdagane mm.)

I rekryteringsperioden 2015/2016 gav styret øyremerka midlar til nasjonal rekrytering. Tiltaka vart valt ut i samråd med fagavdelingane på studiar der HSH rekrytterer nasjonalt. Det vart utført m.a. marknadsføringskampanjar på nett, større utsendingar av brosjyrar i post til tidegare HSH-studentar og VGS/FHS, fagleg arrangement i Oslo for branningeniørar, vi deltok på to ekstra messer på Østlandet, vokalgruppa «Sjarm» deltok på nokon utdanningsmesser og vitja samstundes skular i nærleiken av messa.

Som ein reiskap for å måle korleis vi lukkast med nokon av rekryteringsstiltaka til grunnutdanninga, vert det kvart år gjennomført ei Marknadsundersøking. Dette er ei nettbasert spørjeundersøking som vert sendt ut til alle førsteprioritetssøkarar på grunnutdanningane i juni. I marknadsundersøkinga får vi mellom anna svar på når søkerane har gjort sine utdanningsval, korleis dei første gong fekk kjennskap til HSH og kva kanalar dei oppsøkte for meir informasjon. Dette gjev oss ein peikepinn på om dei einskilde rekryteringsstiltaka og prioriteringane er tenelege og verkar. Søkerane svarar at dei stort sett er svært nøgde med informasjonen og oppfølginga dei får i perioden dei er i søkermodus og fram til studiestart.

HSH nyttar seg av studentambassadørar i rekryteringsarbeidet mot primærmålgruppa. I rekryteringsåret 2015/2016 hadde vi rundt 20 studentambassadørar som utførte den omfattande jobben. I Marknadsundersøkinga har vi fått tilbakemeldingar frå søkerar om at dei personlege møta med HSH, enten på ei messe, eit skulebesøk eller besøk på campus, har vore viktig for deira val av studiestad. Vi har og fått tilbakemeldingar om at våre studentambassadørar har opptredd som gode samtalepartnerar og rettleiarar - heller enn pågåande seljarar.

<sup>4</sup> [http://www.hsh.no/om\\_hsh/sentrale\\_dokument](http://www.hsh.no/om_hsh/sentrale_dokument)



Dette er noko vi har vektlagt i vår kursing av studentambassadørane.

I arbeidet med marknadsføring og rekruttering er nettverksbygging ein viktig del. Vi skal mellom anna jobbe for eit godt regionalt samarbeid og samarbeider tett med andre som har interesse av god rekruttering til HSH. Døme på samarbeidspartnarar er Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Haugesundregionen, Karrieresenteret Rogaland og Haugaland Skole & Arbeidsliv. I tillegg samarbeider vi og med tilbydarar av vaksenopplæring i Haugesund, kor vi møter mange potensielle studiesøkarar med innvandrarbakgrunn. Rekrutteringsteamet opplever at samarbeidet med dei nemnde aktørane er veldig godt, og fleire av dei gjev uttrykk for takksemd over at høgskulen er ein aktiv bidragsytar og samarbeidspartner i deira arbeid.

92% av dei kvalifiserte førstevalssøkarane til HSH er enten frå Hordaland eller Rogaland. Medan mange av HSH sine grunnutdanningar vert tilbydd på mange andre studiestader, skil mellom anna branningeniør og nautikk seg ut med at dei vert tilbydd få/ingen andre stader i landet. For desse utdanningane er delen kvalifiserte førstevalssøkarar frå Hordaland 58% og frå Rogaland 74%. Andre utdanningar som rekrutterer frå heile landet er PPU, Master IKT i læring og vidareutdanning i pleie og behandling av ikke-helende sår.

## Verksemdsmål: Finansiell fridom til å ha et høgt nivå på forsking og utvikling

### Kvalitetsindikatorar

- > Tall på EU-søknadar/Partnarsøk og evt. rate for innvilging av søknader
- > NFR-tildeling per undervisings-, forsknings- og formidlingsstilling (1000)
- > Lønsmidlar frå eksternfinansiert FoU og kompetanse-utvikling (1000) inkl. EU
- > Deltaking i internasjonale nettverk (kvalitativt)
- > Verdien av Horisont 2020-kontrakter per FOU-årsverk (Forskningsrådet/NIFU)

### Tiltak i 2016:

- > (Vidareføre) tiltak på avdelingsnivå for å bygge internasjonale nettverk og levere EU-søknadar tilpassa eigenarten til fagområda.
- > Oppretthalde søknadsfrekvensen til Norges forskingsråd og andre nasjonale finansieringskjelder.

Nøkkelen til å etablere finansiell fridom på høgt nivå for forsking og utvikling, ligg først og fremst i å hente inn konkurransesettete forskingsmidlar. Dette har vore ei viktig strategisk prioritering over fleire strategiperiodar. Dei viktigaste og prioriterte kjeldene har vore Norges forskingsråd og H2020. HSH har over ein lengre periode hatt ei rimeleg god utteljing på søknader til Norges forskingsråd. Resultata for 2015 og 2016 syner at vi har vore i ein fase med gjennomføring av fleire store prosjekt, men at desse no er i ferd med å verte avslutta. Fleire prosjekt vart avslutta i 2015 og ytterlegare 2 prosjekt i 2016. Tre store prosjekt skal etter planen verte avslutta i 2017, og eit i 2018. Dette syner at me står ovanfor ei utfordrande fornying av porteføljen.

Ekstern finansiering av FoU inneber deltaking på ein arena med sterkt konkurranser, og med stor risiko for å tape i kampen om dei store midlane. For å nå fram i denne tøffe konkurransen, både om nasjonale og internasjonale kjelder, er det difor viktig å fokusere på søkjer- og prosjektutviklar-kompetanse. Vi er og avhengige av relevante utlysingar for dei kompetansemiljøa vi har på høgskulen. Like viktig er det å fokusere på god kvalitet i gjennomføring av prosjekt, med fokus på god formidling av forskningsresultat.

I tillegg til eksterne finansieringskjelder (særleg NFR og H2020), frigjer vi eigne midlar til forsking og utvikling via den resultatbaserte forskingskomponenten (RBO). Midlar frå grunnløyve vert frigjort i den grad det er rom for det, i tillegg til øyremerka midlar til ph.d-stipendiatar. Tildeling av tid til FoU, småforsk-midlar, og tid til kompetanseutvikling vert tildelt etter søknad.

Tabell Midlar til FoU/kompetanseutvikling finansiert av KD-tildelinga (i 1000-kroner)

	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016
<b>FoU</b>			
Fagleg fornying (i utgangspunktet 10 % av stillinga til fagleg tilsette)	9 232	9 923	10 672
Tildelt FoU-ressursar etter søknad, inkl. tid til programleiring	11 100	13 411	13 932
Små driftsmidlar	403	601	502
<b>Sum FoU utan kompetanseutvikling</b>	<b>20 735</b>	<b>23 934</b>	<b>25 106</b>
<b>Kompetanseutvikling</b>			
Stipendiatar (KD-finansierte)	5 686	5 731	9 316
Kompetanseutvikling finansiert av styret sine strategiske midlar (primært 1.lektorkvalifisering)	5 063	3 500	3 500
Førstelektorkvalifisering og anna faglige kompetanseutvikling (avdelingsnivå)	905	2 157	2 855
<b>Sum kompetanseutvikling</b>	<b>11 654</b>	<b>11 388</b>	<b>15 671</b>
<b>Sum FoU/kompetanseutvikling (KD-tildeling)</b>	<b>32 389</b>	<b>35 323</b>	<b>40 777</b>
Total kostnader KD-tildeling	294 757	303 446	328 115
<b>Del av kostnader til FoU/kompetanseutvikling (KD-tildeling)</b>	<b>11 %</b>	<b>12 %</b>	<b>12%</b>

Kjelder: Rekneskap HSH.

Tabellen over illustrerer utviklinga av omfang midlar av KD løyinga som går til FoU og kompetanseheving. I og med at fagleg kompetansehevingsarbeid i stor grad omfattar FoU aktivitet og publisering, er det ofte vanskeleg å definere kva som er FoU og kva som er kompetanseheving. Vi presenterer difor desse tala samla. Del av kostnader til FoU og kompetanseutvikling har over tid ein jann stabil auke. Auken av midlar til FoU er i stor grad knytt til dei store NFR-prosjekta.

Tabellen på neste side syner lønn til FoU og kompetanseheving frå eksterne kjelder inkludert løn finansiert av NFR og EU, andre offentlege midlar og private midlar. Det er venta ein nedgang i 2017 om vi ikkje klarar å fornye porteføljen med nye store prosjekt. Dette gjeld særleg den NFR-finansierte delen av verksemda.

Tabell Løn til forskning og utvikling/kompetanseutvikling finansiert av eksterne finansieringskjelder (i 1000-kroner)

	2014	2015	B2016	2016	B 2017
NFR	8 384	10 520	8 179	8 891	8559
EU	190	158	98	170	300
Sum	<b>8 574</b>	<b>10 678</b>	<b>8 277</b>	<b>9 061</b>	<b>8 859</b>
Øyremerka midlar KD	3 935	2 438	3 000	5 583	5 918
Statlege etatar	1 529	2 038	1 518	2 765	3 058
Kommunalt/ fylkeskommunalt	553	772	641	554	1 042
Private og stiftelsar	2 114	609	559	503	757
Sum	<b>8 131</b>	<b>5 857</b>	<b>5 718</b>	<b>9 405</b>	<b>10 775</b>
<b>Total løn ekstern finansiert FoU</b>	<b>16 705</b>	<b>16 535</b>	<b>13 995</b>	<b>18 466</b>	<b>19 634</b>

Kjelder: Rekneskap HSH (B-budsjettet)

## Deltaking i Horisont 2020

Internasjonale forskingsmidlar og særskilt H2020 har fått meir merksemd ved HSH dei siste tre åra og HSH har i løpet av kort tid sendt fleire H2020 søknadar. Det er eit uttrykt mål i strategien til HSH at vi aukar søknadstakta og hentar fleire midlar frå H2020. I forhold til FP7 har ikkje berre søknadstakten auka, men HSH er og partnar i sitt første H2020 prosjekt ("CREATIONS"). Til saman har det no vorte jobba med 18 H2020-søknader der 9 vart sendt. 6 prosjektforslag vart ikkje sendt fordi dei vart kansellert i prosessen, og ein del nye forslag er under utarbeiding. I byrjinga av 2017 har det blitt sendt 3 H2020-søknader frå nærregion Stord og Haugesund. EU-forsking/H2020 har og utarbeidd eigne nettsider.

I 2016 har HSH for første gong fått rammeløyve for prosjektableringsstøtte (PES) frå Forskningsrådet på kr 560 000 kr. PES-rammeløyve er ein føresetnad for at HSH kan mobilisere fleire forskargrupper til å söke internasjonale forskingsmidlar. Det gjev fagtilsette moglegheit til å delta på relevante europeiske info- og brokerage events eller konferansar for å bygge nettverk og komme inn i relevante internasjonale miljø som utviklar EU-søknadar. Nokon av midlane vert nyttja direkte til frikjøp når det vert utvikla eller skrive nye internasjonale prosjektsøknadar. Ein anna del vert og nyttja til kompetansehevingstiltak (kurs).

Med tanke på fusjon har vi i 2016 hatt særskilt fokus på H2020 kompetanseheving og internasjonal nettverksbyg-

ging. Dette gjaldt særskilt for nye leiarar via EU-dekanopplæring og studietur til Brussel saman med relevante fagtilsette.

Relevant administrasjon vart og kompetanseheva, og nokon HSH-tilsette deltok på HIB sin in-house EU-kursing. For å kunne mobilisere fleire forskarar og forskargrupper skulle vi og tilby eit eige EU-in house course for fagtilsette i slutten av 2016, men dette vart utsett til 2017 til fordel for eit felles HVL-kursopplegg i forskingsleiring.

ALK posisjonerte seg med å hente den internasjonale GHOU-årskonferansen saman med ein CERN-utstilling til Stord. PES-midlar vart brukt til å invitere utpeika forskarar frå Portugal, USA og Nederland som ALK ønskjer å knytte tettare til det nyoppretta CASE-senteret. I tillegg har to forskarar vore involvert i å etablere CASE-senteret og i å skaffe eit rammeverk for utvikling av fleire søknadar. Fleire prosjektkisser har vorte utarbeida, og nokre av desse vart brukt i dei to H2020-søknadene som ALK har sendt i 2017. Ein annan H2020-søknad innan IKT der ALK skulle vere partnar, vart ikkje sendt av koordinatoren slik som planlagt og gruppa satsa i staden på ein Erasmus+ søknad. I tillegg har ALK byrja å jobbe med en koordinatorsøknad for 2017/2018 på CASE-relaterte temaområde.

H2020-initiativ i AHF ligg innanfor «Active and healthy ageing». Arbeidsgruppa kører for tida ein del intervju som skal verte brukt som bakgrunnsinformasjon for å

styrke den opphavlege søknaden. Utviklinga av prosjektforslaget i katastrofekontekst var i 2016 i ein tidlig fase og skal verte konkretisert i 2017/2018 i samarbeid med nærregion Bergen. I tillegg vart det undersøkt moglegheitene for nettverksbygging og søknads- og prosjektutvikling innan feltet sårbehandling i samarbeid med EU-fageinininga på UiS.

Innanfor ATØM vart det sendt 3 H2020 søknadar med HSH som partner. To av dei var 2-trinnssøknadar, men den 3. søknaden var ein Innovative Training Network (ITN) innanfor Marie Skłodowska-Curie ordninga og denne vart sendt rett før jul 2016. Diverre gjekk ingen av 2-trinnssøknadene vidare til trinn 2. Deretter har den eine forskningsgruppa sett i gang tiltak for å utvide eksisterande kontaktnettverk mot autonome/ubemannisk skip med mål om framtidig søknadsutvikling. Fleire ATØM-forskarar skal no verte involvert i ny søknadsplanlegging.

I forhold til vidare nettverksbygging i ATØM-avdelinga, har ATØM planlagt og gjennomført mange tiltak for å kome seg inn i relevante nettverk med blikk på felles søknads- og prosjektutvikling. To forskarar reiste m.a. til Nordsjøkonferansen i Danmark og til Maritime Days i Finland.

HSH kunne ikkje gå vidare med ”Urban Water Shuttle”-søknaden fordi rett kompetanse ikkje er tilgjengelig i ATØM. I staden har ATØM prioritert å etablere meir felles forskings- og prosjektsamarbeid med NCE Maritime CleanTech og testing og simulering av brann i batteri. HSH ønskjer å påverke utarbeiding av regelverk i samband med framdriftsbatteri på skip og brannsikkerhet. I denne samanhengen har det vorte knytt kontaktar med både Sjøfartsdirektoratet, NCE Maritime CleanTech samt fleire leverandører av maritime batterisystem. Nokon leverandørar er interesserte i å nytte seg av HVL sine testfasilitetar. ATØM har og i 2016 byrja med førebuande planlegging av en søknad til MarTERA som ligg under H2020.

Sjå tabell neste side

### Deltaking i Erasmus+

Internasjonalt kontor har sidan 2014 jobba strategisk med informasjon om fordeler ved utveksling til studenter. Men kontoret bidreg og som støtte i oppfølginga av søknadar om prosjektfinansiering via ERASMUS+. Det er finansiert 2 prosjekt via ERASMUS+ ordningar i 2016, der HSH anten er partnar eller koordinator:

**Global mobilitet.** Prosjektperiode 01.06.2016 til 31.05.2018. HSH vart tildelt 64 400 euro til student- og tilsettmobilitet gjennom Erasmus+ Global mobilitet for auka samarbeid for ATØM med The University of Vale do Itajai – UNIVALI (Brasil).

### Trykker på med meir internasjonalisering

Tone Merete Brekke og Arnstein Gjestland på økonomi og administrasjonsstudiet i HSH har all grunn til å smile. Dei har hanka inn 2 millionar kroner som skal gå til å løfte det internasjonale samarbeidet mellom HSH og Indiana University of Pennsylvania (IUP) i Nord-Amerika mot nye høgder.

Det er Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) som har støtta HSH sitt nyaste prosjekt innan internasjonalisering. Tettare samarbeid mellom Norge, USA og Canada er eit uttalt politisk mål, og HSH fekk tilsegn på friske midlar i god konkurranse med andre høgskular og universitet.

- Studentutveksling er viktig, men her er det også eit mål om få til ein god kopling mellom forsking og utdanning, auka samarbeid med arbeids- og næringsliv og auka mobilitet også for våre tilsette, seier Tone Merete Brekke og Arnstein Gjestland. Dei fortel at HSH og Indiana University of Pennsylvania har samarbeida heilt tilbake til år 2000.

- For to år sidan revitaliserte vi samarbeidet då representantar frå HSH besøkte IUP, og representantar frå IUP kom på gjenbesøk til Norge. - Resultatet var at økonomi og administrasjonsstudentane våre fekk delta på «Discover India Programmet» til IUP.

Og no tar HSH nye steg. - Vi utviklar eit «Discover Norway Program» her på Haugalandet og i Sunnhordland for indiske og amerikanske studentar. Det kjem til å verte veldig spanande. Her har vi med oss lokalt arbeidsliv.

**Strategisk partnarskap prosjekt «SPACE» Strategic Partnership Agents of Change in Education.** Prosjektprioden er fra 01.09.2016 til 31.08.2019. Søknaden vart levert inn i Belgia av Høgskulen Artesis Plantijn. Dei er også koordinator. HSH – ALK er partnar. Hovudmålet til prosjektet er å etablere ein internasjonal studentdrive gründerorganisasjon. Organisasjonen skal etablere eit nettverk av lærarar med spesiell kunnskap av innovativ tverrfagleg kunst/vitskap pedagogiske modellar.

Internasjonalt kontor er pådrivar og legg til rette for å søkje midlar til utdanningssamarbeid gjennom program koordinert av SIU:

**Partnarskap program for Nord-Amerika.** Prosjektperiode 2017-2020. Gjennom Partnarskap program for Nord-Amerika vart ATØM-økonomi og administrasjon tildelt 1,9 millionar til vidare samarbeid med Indiana University of Pennsylvania, USA. Prosjektet inneber studietur til India, sommarskule i USA og studietur for amerikanske og indiske studentar til HVL.



Kvalitetsindikator	Resultat				Ambisjonsnivå
	2013	2014	2015	2016	2017 (sett haust 13)
Tal på EU-søknadar/partnarsøk og evt. rate for innvilging av søknader. Alle EU kjelder.  (indikator fastsett av høgskulestyret h13)	Søknad: 2. DIRT (JPI Water) - HSH partner. CREAT-IT (Comenius, HSH-koordinator.	Søknad: 3. HIPATIA (H2020), HSH partner. CREATIONS (H2020)- HSH partner. WASO (EØS), HSH partner.	Søknad: 2. Scivent, og OpenMinds (HSH partner i begge), (H2020 begge). Begge avslått.	Søknad: Global Science Opera /Youth (ERASMUS+). HSH partner. Avslag.	4 søknader derav 1 som koordinator-.  Så langt: MIRACLES og LR (H2020), FIREMASTER (MSCA ITN) alle med HVL som partner.
	Innvilga: 1. CREAT-IT, (Comenius, utdanningsprogram). Koordinator HSH.	Innvilga: 1. WASO (write a science opera) (EØS). Koordinator: Portugisisk. (PO)	Innvilga: 1 CREATIONS (H2020). Koordinator: Universitaet Breyreuth (GE)	Innvilga: SPACE. (ERASMUS+). Koordinator: Hogeschool Artesis-Plantijn (BE)	
	Avslutta: 1 («Sails» Life-Long-Learning program, HSH partner)	Avslutta: Ingen	Avslutta: 1 Creat-IT (HSH koord)	Innvilga: GLOBAL Mobility Programme 2016-2018. (Erasmus mobilitets midlar). HSH koord.	
Lønn finansiert av EU kjelder (i 1000 kroner)	90	190	158*	170	
Totalt tildelingar frå EU-kjelder (inntekter HSH) (i 1000 kroner)	91	247	162	278	
Verdien av H2020 kontraktar per FoU årsverk (ny KD param. fom 2016)				2,25	

Sluttutbetaling for Creat-It inntekstført i 2016

Etablerte avtaler vert gjennomgått og revidert kontinuerleg, og det vert inngått nye i tråd med interessene til regionalt næringsliv og nasjonale retningslinjer. Grunna låg tildeling av mobilitetsstøtte til tilsettutveksling har dette tilbodet ikkje vorte aktivt marknadsført ut mot tilsette slik som tidlegare. For 2016 vart 12 tilsette tildelt støtte til utveksling. Desse vert fordelt på 10 frå fagavdelingane og 2 administrative tilsette.

### NFR-tildeling

Rekneskapstala syner at det framleis er dei store NFR-finansierte prosjekta som utgjer dei vesentlege delane av finansieringa av forskingsaktivitetane ved høgskulen. Grunna avslutning av store prosjekt utan tilsig av nye store prosjekt, syner tal for 2016 ein nedgåande trend samanlikna med året før. Dette til tross representerer talet eit godt inntektsnivå per UFF samanlikna med UH sektoren.

Høg intensitet i gjennomføringa av dei store prosjekta kan ha gått noko på kostnad av kvaliteten på nye finansieringssøknader. Medan søknadstalet har vore rimeleg stabilt, har utteljingsgraden vore noko nedgåande.

Sjå tabell under

2016 representerer eit år med relativt stabil søknadsfrekvens. HSH er i alt koordinator eller partner i til saman 14 søknadar til NFR i 2016. Dette er prosjektsøknadar der høgskulen er koordinator i dei fleste (10). 6 søknadar ligg framleis til vurdering i NFR, og vi ventar på utfall av desse. Vi har fått avslag på 5 prosjektsøknadar. Løyvde prosjektsøknader (NFR) i 2016 er 3 prosjekt, der eit av prosjekta er eit større innovasjonsprosjekt i samarbeid

med «Kulturtanken» som prosjekteigar. Vi har inntrykk av at det er ei auke av utlysingar og søknader i kategorien «innovasjonsprosjekt». Her er i regelen UH-institusjonar ikkje koordinator, men FoU-partnar.

### Verksemds mål: Ein tydeleg og tidsriktig profil innanfor forsking og utvikling, tilpassa HSH sine faglege satsingsområde

#### Kvalitetsindikatorar

- > Publikasjonspoeng (totalt)
- > Publikasjonar med nasjonalt samarbeid
- > Publikasjonar med internasjonalt samarbeid
- > Publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH)

#### Tiltak i 2016:

- > Utvikle sentermodellar;
- > Maritimt senter
- > FoU senter ALK
- > Sørgje for at senteretableringar i HSH er i tråd med nasjonale kritier for senterdanning (SFI/SFF/SFU) i partnarskap med relevante aktørar på Vestlandet
- > Koordinering av felles tiltak for forskingsstøtte inkl. tiltak for auka publisering

Tabell : Kvalitetsindikatorar forsking og utvikling, verksemds mål

Kvalitetsindikator	Resultat					Ambisjonsnivå 2017 (sett i 2013/14)
	2013	2014	2015	2016		
NFR-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1000) (Kjelde KD portal)	46	57	84	62	60	
Lønn til FoU/Kompetanseheving finansiert via NFR (i 1000 kroner) (Kjelde: Rekneskap HSH)	6 609	8 384	10 520	8 179	-	

HSH har over tid utvikla eit tett samarbeid med arbeidslivet og brukargrupper i regionen. Gjennom fast kontakt, representantar i møter, i referansegrupper osb. vert relevante utdanningar og forskings- og innovasjonsprosjekt utvikla, tilbydd og gjennomført. Høgskulen sin profil er dermed eit resultat av ei langsiktig tilpassing til mange av dei store kunnskaps-, kompetanse- og dugleiksbehova som det regionale arbeidslivet har. Utdannings-, forskings- og utviklingsaktivitetane skal difor ha ei særskild tyding for verdiskaping, utvikling og nyskaping i regionen. Aktivitetane skal også ha nasjonal og internasjonal verdi. Samstundes verdset ein at formidlinga og erfaringutsvekslinga med aktørar i frå andre regionar, frå andre sektorar, miljø eller felt, kan medverke til å utvikle ny kunnskap, nye utdanningstilbod, og nye løysingar. Dette skjer mellom anna ved samarbeid i nettverk, ved partnarskap i FoU-I-prosjekt nasjonalt og internasjonalt, og gjennom formidlinga av FoUI resultat - vitskapelege og brukarorienterte.

### Forskinsprofil og utvikling av sentermodellar

Oppnådde resultat innan forsking ut frå høgskulen sin eigenart vert her gjort greie for gjennom prosjektporføljen, programorganiseringa av FoU, og eit oversyn over aktive og nye prosjekt i 2016. I tillegg vedtok høgskulestyret hausten 2015 at to nye senter skulle etablerast. Desse representerer ei ytterlegare profilering med ei styrking av høgskulen sitt tette samarbeid med offentleg sektor og næringslivsverksemd i regionen.

Programorganiseringa reflekterer høgskulen sin kjernekompetanse, med dei fagleg sterkeste FoU områda. Det er fortrinnsvis innan desse satsingsområda at ressursane vert kanalisiert innan m.a. kompetanseheving (inkludert stipendiatsatsing) og intern og ekstern forskingsfinansiering. Det er utarbeida retningslinjer for FoU-program som gjev kriteria for organiseringa av FoU-programma og forventningar til program- og prosjektleiarar.

Alle programma har tverrgåande fokusområde som viser felles kjenneteikn på FoU ved HSH og representerer ambisjonsnivå, felles verdiar og prioriteringar.

Med forankring i to av FoU-programområda, vart det i 2015 starta ein prosess omkring etablering av to FoU-senter (ref. styresak S79/15, og S80/15). Sentera vert vurdert som eit meir kraftfullt og synleg grep for å utvikle ein tydelegare profil innan fagområde der vi er særskilt sterke, og der høgskulen ser å ha ei særskilt regional rolle. Dette vil og kunne medverke til meir merksemeld omkring vitskapeleg kvalitetsnivå, utvikling av toppmiljø og ikkje minst synliggjering og styrking av det komplekse samarbeidet høgskulen har med sektorar innan regionalt samfunns- og næringsliv:

### Center for Creativity, Arts and Science in Education (CASE)

Bakgrunnen for etablering av CASE var at store mogelegheiter i forskings- og utviklingsarbeidet ved avdelinga ikkje vart nyttta godt nok på grunn av manglande fagleg koordinering og fagadministrativ oppfølging. Dersom potensialet skulle takast ut, og FoU aktiviteten som har utspring i K-PED-programmet vidareutviklast, var det naudsynt med ei sterkare strategisk satsing på dette FoU-området.

CASE skal forsterke, vidareutvikle og spisse ein del av FoU- aktiviteten knytt til ALK sitt faglege satsingsområde. Senteret skal utvikle ny forskings- og utviklingsbasert kunnskap og erfaring knytt til det interdisiplinære spenningsfeltet mellom vitskapsfag og kunstfag (Sciences and Arts), og til forsking på kreative, praktiske-estetiske og kroppsbaserte læreprosessar i barnehage, skule, lærarutdanning og andre opplæringsarenaer.

Senteret ligg under avdeling for lærarutdanning og kulturfag, og er organisert med eit Scientific Advisory Board (SAB) satt ned av dekanen og er samansett av eksterne og interne medlemmer med relevant fagleg kompetanse. Leiar og nestleiar irådet er fagtilsette ved ALK med førstekompetanse. Hovudoppgåva til Scientific Advisory Board er å gje faglege råd knytt til utviklinga av prosjektporføljen ved senteret, samt støtte senteret i arbeidet med å forankre porteføljen i regionalt kultur- og arbeidsliv. Rådet møter minimum to gonger i året, og hadde sitt første møte i oktober 2016. Daglig leiar for senteret vart tilsett i oktober 2016 i 50 % stilling, og har ansvar for å leie, koordinere og følgje opp det administrative arbeidet i samarbeid med leiar og nestleiar i SAB.

Senteret har så langt i 2016 partnar i fleire nye FoU prosjekt. Eit prosjekt kalla SPACE: "Et Erasmus+ prosjekt med partnarar i fem land: Belgia (koordinator), Portugal, Noreg, Irland, Holland. Eit kalla «School and Concert – from transition to dialogue (Disko)», som er eit samarbeid mellom Kulturtanken (tidlegere Rikskonsertane), HSH og regionale skular, finansiert av Forskningsrådet sitt FINNUT program. Fagtilsette knytt til senteret vil delta i desse prosjekta. UH-nett Vest har og løyvd til saman kr. 490.000 til forsterking og vidareutvikling av aktivitetar i DisKo-prosjektet, og i H2020-prosjektet Creations, som og er ein del av CASE sin portefølje.

I august 2016 var CASE og ALK vertskap for den internasjonale forskingskonferansen Global Hands-On Universe (GHOU) Conference 2016 with Galileo Teacher Training Program (GTTP) International Workshop 2016. Fokuset for konferansen var potensielle møteplassar mellom realfag og kunstfag i utdanningane. I tillegg er prosjektet Global Science Opera er valt ut til å være et Flagship Initiative i H2020- prosjektet Creations der HSH

v/CASE er partnarar. Dermed vart ein global direktesendt vitskapsopera (Ghost particles) skapt, produsert og sett opp som eit felles globalt prosjekt. Operaen vart strømma over internett 19. november 2016, og her var sendinga frå Europas partikkelfysikk-laboratorium, CERN, eit av høgdepunkta.

### **Maritimt Kompetansesenter – Maritime Competence Hub**

I november 2015 vedtok styret å utvikle eit maritimt senter. Dette senteret omfattar to dimensjonar. På den eine sida inneber det å samle relevante kompetanseaktørar innan maritim utdanning, forsking, innovasjon og formidling i ein paraplyorganisering. På den andre sida er ambisjonen at dette blir eit fysisk senter som samlar mange av dei ulike kompetanseaktørane innan maritim sektor i eit eige bygg.

#### **Bruker Hurtigruten i ny forsking**

Eit nytt prosjekt i programmet MARSafe er å finne fram til ein god, sikker og trygg evakuering av passasjerskip som seglar under arktiske forhold.

Prosjektleiar Helle Oltedal ved HVL/HSH utdstrupar:  
- Prosjektet går over fire år og sjølve innsamling av data vil gå føre seg i fire omgangar på Hurtigruten sine skip. Alle passasjerar vil ved ombordstiging få utdelt ein infraraud sporingseining. Under sjølve seilasen vil vi gjennomføre ei semi-annonsert evakueringsøving, kor den enkelte passasjeren sine rørsle vil kunne verte følgde. Alle data vert deretter analysert i eit dataprogram, kor ulike kritiske situasjonar som brann eller kantring kan simulerast saman med full evakuering. På denne måten kan vi teste ut både design på skipet og kor effektive prosedyrane er, forklarer ho.

- På verdsbasis har det ikkje tidligare vore gjennomført denne typen evakueringsforskning på fartøy som seiler under ekstreme forhold.

Maritimt Kompetansesenter i Haugesund har som mål å vere eit regionalt senter/samarbeidsorgan for å styrke samspel, synergier og innovasjonsgrad for dei maritime aktørane i Haugalandet, men også i omliggjande regionar. Mogelighetene for å få tildelt nasjonale og globale forskingsmidlar vert vurdert å vere større når dei maritime aktørane i regionen vert kopla til forskingsmiljøa i regionen. Med høg grad av regional og dermed nasjonal relevans, vil mellom anna prosjektsøknader om forskingsmidlar kunne få ein større tyngde. Det er også ei klar oppfatning og ønskje at HSH må vere drivkrafta bak eit slikt senter, der høgskulen sine forskingsaktivitetar,

EVU-verksemd og grunnutdanningar innan maritime, nautiske, og sikkerhetsfag vil vere vesentlege faglege fundament i etableringa og i utviklinga av senteret sine aktivitetar.

Forskningsaktivitetane innan Maritim FoU er mangfaldige og famnar ulike fagfelt. Dette vert illustrert ved eit nytt forskningsprosjekt under program MARSafe, der ei forskingsgruppe ved HVL samarbeider med Hurtigruten omkring evakuering av passasjerskip under krevjande arktiske forhold.

Innan feltet Maritim Sikkerheit går det store NFR (MAROFF-2) finansierte prosjektet RISKOP (Risk in Offshore Operations) inn i avslutningsfase (2017), og under eit seminar hausten 16, gjorde prosjektleiar ein oppsummering av konklusjonane i prosjektet så langt.

#### **Svekket tillit og manglende samarbeid kan skade sikkerheten offshore**

- Det seier dosent Jan R. Jonassen i HSH. Saman med forskarar frå SINTEF og NTNU åtvarar han mot at sikkerheten offshore kan verte svekket som følgje av ein tillitskrise i den urolige olje- og offshore-marknaden. Statoil seier dei vil ta forskingsfunna inn til konsernleiringa.

Saman med andre RISKOP-forskarar frå SINTEF og NTNU publiserer Jan R. Jonassen forskingsfunn frå prosjektet gjennom ein vitenskapelig artikkel ved ein internasjonal risiko- og sikkerhetskonferanse i Glasgow. - Vi er ved eit mogeleg vegskilje, men heile bransjen med oljeselskapa i spissen avgjer korleis det blir. Som forskarar meiner vi at tillit mellom partane; operatørar, leverandørar, arbeidstakrar og myndigheter er kome under press. Svekket tillit fører til mindre openheit, mindre erfaringsdeling, læring og eit dårlegare arbeidsklima. Dette er ein fare for sikkerheten, men også for framtidig innovasjon offshore, meiner dosent Jan R. Jonassen i HSH og legg til: - Dersom dette blir situasjonen kan Norge tape heile konkurransekrafta i offshorenæringa.

Sjølv om 2016 representerer eit år knytt til gjennomførings- og avslutningsfase for store NFR-finansierte forskingsprosjekt, er det likevel fleire interessante og viktige prosjekt i gjennomføringsfase, og nokre som er starta i 2016.

Emris (Emerging Risks from Smoldering Fires) er eit stort NFR finansiert prosjekt (SHP) som er i full aktivitet, og midt i sin prosjektpériode. Dette prosjektet har brei internasjonal deltaking.

Den nyleg etablerte ingeniørutdanninga i Sunnhordland fekk tildelt midlar frå Noregsuniversitetet til utvikling av «Framtidas utdanning i Sunnhordland».

### Gjer ingeniørutdanninga i Sunnhordland meir digital og tettare på arbeidslivet

HSH har i mange år vore i førarsetet når det gjeld å ta i bruk digitale verktøy i undervisinga. No har høgskulen fått kroner 700 000 til å løfta den skredarsydde ingeniørutdanninga i Sunnhordland inn i den digitale verda og tettare på arbeidsplassane til studentane.

- Gjennom digitale undervisningsmetodar skal me i langt større grad utnytta det potensialet som ligg i arbeidsplassen som arena for læring, fortel drivkreftene i prosjektet, Rannveig Litlabø og Aslaug Grov Almås i HSH.

Ved Avdeling Helsefag var det ekstra gledeleg då ei forskingsgruppe vann fram med ein innovasjonssøknad til Extrastiftelsen, for gjennomføring av kursopplegg og utdanning innan Recovery. Her er og levert ein større Innovasjonssøknad til Norges forskingsråd.

### Fekk full klaff med søknad - byggjer opp kurs og utdanning i recovery, eller betringsprosesser.

Extrastiftninga ga 1,5 millionar kroner til prosjektet «Recoverykurs og recoveryutdanning». Prosjektleiarane Kristin Ådnøy Eriksen og Marianne H. Wernersberg jublar.

Det er forskings- og utviklingseininga FOUSAM (felles forskings- og utviklingseining mellom Helse Fonna, Høgskolen Stord/Haugesund og 18 kommunar i Helse Fonna Regionen) som har vunne fram med prosjektet. Prosjektleiar Kristin Ådnøy Eriksen ved HVL/HSH beskriver prosjektet slik:

- I samarbeid med Karmøy kommune vil me utvikle og gjennomføre recoverykurs og recoveryutdanning basert på modell frå "Recovery College" i England. Recovery, eller betringsprosesser, handlar om å følgje opp menneske med psykiske problem eller lidningar, og hjelpa dei til å leve meiningsfulle og gode liv.

I tillegg til aktivitetar innan programområda og senteretableringane viser prosjektopporteføljen til HSH ei resultatoppnåing på forsking ut i frå institusjonen sin eigenart. Ei over sikt over aktive og nye prosjekt i 2016 ligg vedlagt.

### Publisering

Tabell: Publisering HSH 2010-2015

HEILE HSH	2010	2011	2012	2013	2014	2015*	2016*
Tal på publikasjonspoeng	54,6	51,4	50,1	65,3	45,1	67,6	63,4
Tal på publikasjonar	76	63	75	96	63	71	79
Publikasjonar med nasjonalt samarbeid		19	32	27	15	22	26
Publikasjonar med internasjonalt samarbeid		14	14	35	19	19	25
Publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH)						0,34	0,27 **

2015\* Ny berekningsmåte fom 2015.

2016\* Endelige tal klare først den 01.april, 2017.

\*\* Endelige tal beregnast av DBH/NSD, og er klare i april

Mellombelse tal tyder på ein svak nedgang kva gjeld publikasjonspoeng, samanlikna med føregåande år. Samstundes er det ein svak auke kva gjeld talet på publikasjonar.

Etter fleire år med ein positiv trend i omfang publiseringar og poeng, representerer 2014-2016 en nedgående trend.

Sjølv om ein er medviten at det er viktig å publisere og formidle resultat frå forsking, er dette framleis eit sårbart resultatområde der resultata kan svinge monaleg for institusjonen, men og avdelingsvis. Det er i fleire år framheva den rolla einskildpersonar i fagmiljøa har for den totale poengproduksjonen i avdelingane og på høgskulen. Når nøkkelpersoner eit einskild år produserer mindre enn sitt snitt, får det tydelig verknad på heile høgskulen sin produksjon. Det er og eit stort fokus på søknadsskriving og vidareføring av ekstern finansiering av forskingsprosjekt, noko som kan konkurrere om tid og ressursar til publisering.

#### Koordinering av felles tiltak for forskingsstøtte inkl. tiltak for auka publisering

Under dette tiltaket har det m.a. vore fokusert på støtte til utvikling av forskingsprosjekt og søker, betre fagleg synlegheit gjennom nettsider og publisering, betre rammeverk og oppfølging av stipendiatar, og revisjon og gjennomgang av FoU-program i avdelingane.

Fagtilsette i professorkvalifiseringsløp fekk hausten 2016 tilbod om eit kurs i forskingsleiing i regi av HiB. Avdelingane vil oppretthalde senter og programstruktur for FoU fram til ny organisering i HVL er på plass. Det er gjort nokon mindre endringar i strukturen.

Tiltak som verkar inn på publiseringsfrekvensen ligg i hovudsak på fagsida og må verte gjennomført i forskingsprogram og -grupper, men det er og nedsett ei arbeidsgruppe for saker i grenseland mellom FoU og bibliotek. Her er fagfolk, bibliotek og forskingsadministrasjon representert.

Prosjektleiar for FoU-støtte har gjennom dialog med biblioteket fått ein oversikt over eksisterande støttestilbod som skal vere med å legge til rette for fagleg publisering. I tillegg har prosjektet sørja for at det vart gjennomført workshopar i bruk av Cristin for fagtilsette hausten 2016.

#### Verksemadmål: Utdanning basert på forsking og utvikling

##### Kvalitetsindikatorar

- > Tal på internasjonale forskrar knytt til FoU-arbeid i eigen institusjon
- > Tal på bachelor- og masteroppgåver skrive i tilknytting til FoU-arbeid i eigen eller samarbeidande institusjon, praksisfelt eller arbeidsliv
- > Studentdeltaking på konferansar eller seminar i regi av fagmiljøa

##### Tiltak i 2016:

- > Vidareføre og vidareutvikle avdelingsvise tiltak for samspel mellom FoU og utdanning med utgangspunkt i HSH sine ti kjenneteikn for FoU-basert utdanning

##### Internasjonale forskrar knytt til FoU-arbeid i eigen institusjon

Professor II-ane tilfører mellom anna spisskompetanse til undervisning og forsking og er viktige bidragsytarar i søkerprosessar til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder. HSH har seinare år knytt til seg 8 Professor II-ar som har sin hovudarbeidsplass ved internasjonale institusjonar.

Ved alle større FOU-prosjekt ved HSH er det i tillegg både nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar.

##### Bachelor- og masteroppgåver knytt til FoU-arbeid i eigen eller samarbeidande institusjon, praksisfelt eller arbeidsliv

Bachelor- og masteroppgåvene ved HSH er i all hovudsak knytt til FoU-arbeid, praksisfelt eller arbeidsliv. Ved ALK og AHF er mange av problemstillingane praksisrelaterte, medan ein på ATØM arbeider for å ha samarbeid med næringa for utarbeidning av relevante problemstillingar og rettleiing. Eksempel på tiltak for å auke delen bachelor- og masteroppgåver knytt til HSH-tilsette sin FOU-aktivitet er dialog mellom emneansvarlege og FOU-programleiarar på AHF. Det er og verd å merke seg at både ingeniør og økonomi og administrasjon ved ATØM har utvikla praksisemne, samt at nautikk har søkt om midlar til integrert praksis gjennom MARKOM2020.

Innanfor dei tekniske utdanningane er dette sjeldan på nasjonalt nivå og viktig for at også desse studia skal vere praksisnære.

### **Samarbeid med næringslivet om bacheloroppgåver på ingeniørstudiet**

Dette inneber mellom anna at alle studentane ved ingeniørutdanningane både har intern og ekstern rettleiar og er knytt til eit firma når dei gjennomfører oppgåva<sup>5</sup>:

Sjå tabell under

Samarbeidet med arbeidslivet i utvikling, gjennomføring og oppfølging av studentane sine bacheloroppgåver gjev effektar både gjennom studentane sitt læringsutbytte og resultata av studentane sitt FoU-arbeid. I tillegg til at HSH kårar beste bacheloroppgåve ved ingeniør, vert det delt ut 20 000 kroner, til beste brannoppgåve, i samarbeid med Firesafe. Dei to beste oppgåvene med relevans for den petromaritime næringa får utdelt 10 000 kroner under Subsea Operations Conference.

### **Studentdeltaking på konferansar eller seminar i regi av fagmiljøa**

Både bachelor- og mastergradsstudenter deltek på konferansar og seminar på ulik måte og i ulik grad, avhengig av kvar dei er i sitt studieløp. Forskingdagane er ein viktig arena både for at våre forskarar får presentert sine resultat for studentar og andre og for at studentane kan delta aktivt. Vi vil her særskilt trekke fram konferansen som vert arrangert av studentane på lærarutdanningane og barnehagelærarutdanninga (sjå eigen omtale). Konferansen vart og omtala i Kvalitetsmeldinga<sup>6</sup> og nominert til utdanningskvalitetsprisen i 2016. I tillegg vil vi trekke fram at ein på ingeniørutdanninga har avsett eigne reisemidlar, slik at studentar kan delta på mellom anna Interflam-konferansen og legge fram sine bacheloroppgåver der.

På mastergradsnivå vert studentane trekt med i relevante workshops, seminar og konferansar. Eksempel på dette er i FoU-prosjektet EMRIS der masterstudentar både har delteke i workshops og deltek på eksperiment. Eit anna eksempel er master IKT i læring, der studentar mellom anna deltek på BETT i London saman med faglærarar knytt til studiet.

### **Underveis – forskarkonferanse for og av studente på lærarutdanningane ved HSH**

UNDERVEGS er ein open forskarkonferanse som vert arrangert for og av grunnskulelærarstudentane og barnehagelærarstudentane ved HSH. Konferansen er den første i sitt slag i Norge og skal vere ein lærings- og formidlingsarena for forsking og utvikling (FoU) i utdanninga. I 2016 vart konferansen arrangert for skjette gong og nytt av året var at og barnehagelærarstudentane var med som arrangørar og deltakarar. I tillegg til eksterne innlegg, inkluderer programmet bachelorstudentar, masterstudentar og forskarar sine framlegg av eigne forskings- og utviklingsprosjekt.

Den årlege konferansen vert arrangert i veke 17 og går over to dagar. Innhold knytta til læraryrket og forsking vert vektlagt. Tema varierer fra år til år: Ferdigheter for fremtiden, Lærelyst, En skole for fremtiden, En skole for alle, De usynlige barna og Trygge barn: Hvordan går det? Ideen om ein studentdriven FoU-basert konferanse kom opp ved starten av dei nye grunnskulelærarutdanningane i 2009, som del av prosjektet ”Institusjon, region og samfunn”. Dette var særlig relatert til punktet ”Skolen i samfunnet” i Stortingsmelding nr. 11 (2008-2009) Læren – rollen og utdanningen.

Intensjonen er at konferanse som metode vert brukt systematisk for å ivareta progresjon og kunnskapsutvikling slik at studentane øver på å ha eit forskarblikk på eige studium og framtidig yrke, og utvikle kritisk og analytisk haldning til forsking. På denne måten vert

<b>Bachelorprosjekt Våren 2016 branningeniør</b>				Ajour:	
				14.04.2016	
				Ant. Stud.:	
Gruppe	Navn	Oppg. Tittel	Intern veileder	Ekstern veileder	Ext. Veil/Firma
B01		Brann i toløpstunnel med tett rushtrafikk			
B02		Sammenheng mellom fuktighet i treverk og tiden til overtenning			
B03		Egenskaper til 3-lags vinduer ved brannpåkjenning			
B04		Brann i fôringsskåle og generell beredskap			
B05		Evakuering av tunnel; Nødvendigheten av evakueringsrom i Norske tunneler.			
B06		Røykventilasjon i undersjøiske tunneler			
B07		Numerical study of downscaling the Runehamar tunnel fire test			
B09		Rømning / isolasjon ventilasjonskanaler			
B10		Utvikling av metode for valg av aut. Slokkleanlegg			

5 Vi har her valt å ikkje ta med namn på studentar og rettleiarar

6 <https://www.regjeringen.no/contentassets/ae30e4b7d3241d5bd89db69fe38f7ba/no/pdfs/stm201620170016000dddpdfs.pdf>

studentane integrert i det akademiske fellesskapet, med en progresjon i ansvar og oppgåver, tilpassa kvar dei er i studieløpet.

Studentane gjev tilbakemeldingar om at dei opplever konferansen som lærerik, interessant, men og krevjande:

*"Eg meiner at innhalDET i konferansen er relevant, men organiseringa blir tidkrevjande og litt utanfor studiet"*

*"Det er svært relevant for utdanninga mi. Eg har fått eit heilt nytt syn på profesjonen"*

## Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

**Verksemdomål: HSH skal vere ei drivkraft i regions-utviklinga gjennom sin samfunnskontakt og samfunnskontrakt.**

### Kvalitetsindikatorar

- > Resultat av møte i avdelingane sine råd for samarbeid med arbeidslivet
- > Del av masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (NIFU/Kandidatundersøkinga)
- > Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk (DBH)
- > Andre bidrags- og oppdragsinntekter utanom EU og Forskningsrådet per fagleg årsverk (DBH)
- > Del av forskningsinnsats i MNT-fag (NIFU/FoU-statistikken)

### Tiltak i 2016:

- > Sterk involvering av og dialog med RSA og andre relevante samarbeidspartnarar på institusjons- og avdelingsnivå om omstillingsbehov i det regionale arbeids- og

Å leve «tett på» regionen gjer at høgskulen lettare fangar opp og avstemmer ulike behov – for å kunne tilby gode og relevante etter- og vidareutdanningar og ta del i prosjekt av ulik karakter. Men gevinstane er større enn som så: vi sikrar relevans i studieporteføljen, vi bidrar til regional vekst og utvikling, og vi får moglegheit til å drive eit utstrakt arbeid med kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling.

Ein ekstra gevinst er at høgskulen får god tilgang på kompetente rettleiarar og gjesteførelesarar frå arbeidslivet, og vi får tilgang til kanalar og møteplassar for rekruttering av studentar både til vidareutdanningar – men og til seminar.

Innan helsefaga har høgskulen eit nært samarbeid med kommunar og helseføretak om praksisopplæring og vidareutdanningar. FoU-eininga for samhandling (FOUSAM), er ei felles forskings- og utviklingseining mellom Helse Fonna, høgskulen og 19 kommunar i regionen. FOUSAM er med på sikre eit unikt og godt trepartssamarbeid som har hausta mykje ros og merksemrd.

I avdeling for lærarutdanning og kulturfag møter høgskulen jamleg i etablerte nettverk som Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS), NordR, Haugalandsløftet og Ut-danning i Ryfylke. Dei siste åra har høgskulen og delteke i region Midthordland. Dette er viktige møteplassar for alle partar.

Innanfor avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag har nautikkutdanninga vår faste møter både med reiarlag og andre bedrifter som driv med maritim opplæring. Økonomisk/administrativ utdanning har tett samarbeid med arbeidslivet i regionen gjennom bruk av førelesarar, rettleiarar til studentane sine bacheloroppgåver og som aktørar i forskingsprosjekt.

HSH er gjennom sitt fagmiljø med i i Norwegian Tunnel Safety Cluster - ei klynge med utgangspunkt i Rogaland. Klynga har som mål å bidra til sikrare tunnelar og færre ulykker. Dette er viktig for trafikantane, for brann- og redningsmannskapa, for transportnæringa og heile lokalsamfunn. Skal vi få til dette, må vi samarbeide og vi må lære av kvarandre på tvers av tradisjonelle bransjar og sektorar. Dette er ein del av Arena programmet som

### Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv

Gjennom mange år har HSH bygd opp eit stort og viktig nettverk både lokalt og regionalt - og på tvers av både fylkesvise og andre grenser. Dette nettverket har vore særsviktig for høgskulen sin vekst, utvikling og omdømme. Oftare og oftare opplever vi at høgskulen vert involvert og teke med i viktige fora og prosjekt i regionen.

er eigm av Siva, Forskningsrådet og Innovasjon Norge. Arena programmet er første nivå i Norwegian Innovation Clusters. Dei to neste er Norwegian Centre of Expertice (NCE) og Global Centre of Expertice.

Samarbeidet med industrinettverket Atheno i Sunnhordland, Stord Næringsråd, Haugesundregionens næringsforening, Maritimt Forum for Haugalandet og Sunnhordland, Samarbeidsrådet i Sunnhordland og Haugaland vekst gjev oss eit unikt høve til å utvikle faglege, attraktive og skreddarsydde etter- og vidareutdanningstilbod av kortare eller lengre art, og tilpassa arbeidslivet sine behov. Ingeniørutdanninga i Sunnhordland er eit døme på dette samarbeidet, samarbeidet om Velferdsteknologi på Haugalandet eitt anna.

To andre viktige felt for HSH sin samfunnskontakt er Haugaland vekst og Samarbeidsrådet i Sunnhordland sine rekrutterings- og omdømmeprosjekt. Dette er viktige møteplassar for å treffen framtidige studentar og medarbeidarar, men like viktig er dette ein plass for å bygge nettverk med andre deler av arbeidslivet i regionen og for å samfunnsrette høgskulen.

I 2016 har høgskulen jobba vidare med samarbeidsavtalene som ein har med ulike idrettslag i regionen. Her kan ein informere om studietilbod, vurdere tilbod om skreddarsydde utdanninger, samarbeide om studentoppgåver, og dra vekslar på kvarandre gjennom karrierekveldar og andre arrangement.

Eit teikn på høgskulen si viktige rolle i regionen er tildelinga av æresprisen De fykende måker til Liv Reidun Grimstvedt for stor innsats som rektor på HSH og arbeidet for å fremme høgskulen si viktige rolle i samfunns- og næringsliv.

### Råd for samarbeid med arbeidslivet

HSH har eit institusjonelt råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA). Rådet er samansett av sentrale samfunnsaktørar i regionen, og skal medverke til å ivareta og utvikle HSH si regionale rolle.

I 2016 er det to saker som RSA har konsentrert seg om: Fusjon og omstillinga på Vestlandet. Medlemmene i RSA har ved fleire høve gjeve uttrykk for at dei ser gode moglegheiter for å vidareutvikle utdanningstilbodet og forskingsporteføljen innanfor den nye Høgskulen på Vestlandet. Dei ser at ein fusjon vil gi auka kvalitet i alle utdanninger og tilføre nye tilbod. Og dei forventar at ein fusjon vil styrke og vidareutvikle høgskulen og regionen sine faglege styrker; til dømes innan sikkerheit, det maritime, helse- og for lærarutdanning.

Medlemmene har og formidla eit ønske om at det vert oppretta eigne RSA for kvar nærregion i nye HVL. Dette

vil verte drøfta og vurdert i den nye høgskulen. RSA har og vore opptekne av at ein skal utarbeide forskingsstrategiar i kommunane i tida som kjem. Her ønskjer medlemmene i RSA at den nye høgskulen vert ein aktiv medspelar.

Som kjent har regionen den siste tida opplevd sterke auke i arbeidsløyse som følgje av nedgang i ordreinngangen i den konjunkturutsette arbeidsmarknaden. Høgskulen har fått tildelt studieplassar og jobba med innretning av studieportefølje som kan vere ein del av omstillingstiltaka i regionen. Også i 2016 har vi vore i dialog med ulike verksamder, næringsforeiningar, NAV med fleire. Høgskulen har presentert ulike moglegheiter for kompetanseheving innan høgskulen si ramme med utgangspunkt i både eksisterande studietilbod og nye studieplassar. Kvar månad er høgskulen med på såkalla «mulighetskaféer» både i Sunnhordland og på Haugalandet.

I tillegg til RSA på institusjonsnivå, har høgskulen oppretta eigne samarbeidsråd med arbeidslivet på alle tre fagavdelingane. Her tek vi vare på behovet for eit meir spissa fagleg fokus på relevans i utdanning og FoU. Avdelingane sine råd for samarbeid med arbeidslivet er rådgjevande overfor dekan ved å gje innspel til:

- > Samhandling for auka kvalitet og innovasjon i utdanning, FoU og arbeidsliv
- > Studieportefølje og kompetansebehov
- > Kvalitetsutvikling i utdanning og praksisstudium

Erfaringane våre med RSA viser at desse fora i stor grad er med på å sikre relevans og auke kvalitet og innovasjon i høgskulen sin studie- og FoU-portefølje.

### Del av masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning

NIFU si kandidatundersøking gjennomført i 2015 fokuserer på i kor stor grad nyuttanna masterkandidatar er råka av nedgangskonjunkturen. Då for få svar kom inn frå HSH sine masterkandidatar i denne undersøkinga vert ikkje resultatet av for HSH i forhold til sysselsetting av masterkandidatar offentleggjort. I 2016 vart det gjennomført ei programevaluering av masterstudiet IKT i læring, og som ein del av kvalitetssystemet vart det gjennomført ei kandidatundersøking i samband med denne. I denne undersøkinga kjem det fram at 100% av studentane har fått jobb etter fullført utdanning. Det er ikkje overraskande i og med at 91% var i jobb under utdanninga. Dei fleste masterstudia ved HSH er tilpassa studentar som allereie er i arbeid og vert gjennomført på deltid. Det vert derimot spanande å følgje master i brannsikkerhet som har både heiltid- og deltidsløp, og som utdanner kandidatar til ein meir konjunkturutsett sektor.

INNTEKTER (1000 KR)	Rekneskap		
	2014	2015	2016
Totale inntekter HSH	-329 400	-352 821	-379 970
Inntekter Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet utan NFR/EU	-20 039	-25 573	-24 933
Del av BOA utan NFR/EU	6,10 %	7,20 %	6,60%
Inntekter NFR/EU	-11 195	-16 747	-13 509
Del av NFR/EU	3,40 %	4,70 %	3,60%
Del av inntekter frå BOA			

### Del av inntekter frå bidrags og oppdrags-finansiert aktivitet

Tabellen over viser inntekter og del av inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) og inkl. inntekter frå NFR/EU. Inntekter frå NFR/EU er vesentleg for FOU-aktiviteten ved Høgskolen Stord/Haugesund.

Endringa i NFR inntekt per fagleg årsverk: 2015 var eit år der fleire NFR-prosjekt hadde aktivitet, både i oppstartsfasen og avslutningsfasen. I 2016 er derfor samla inntekt frå NFR 3,5 mill kr lågare enn i 2015 (13,2 mill kr i 2016), og vi har fått om lag 15 nye faglege årsverk. Begge desse tilhøva gjer at NFR-inntekt per fagleg årsverk går ein del ned frå 2015. Vi har likevel eit forholdstal som er høgare enn i 2014.

Andre bidrags- og oppdragsinntekter: Dei andre BOA-inntektene er nokså stabile med f.eks. oppdragsinntekter på 17,6 mill kr i 2016. Nedgangen i forholdstalet skuldast i all hovudsak auka tal fagtilsette.

Tabellen under visar aktiviteten høgskulen har innanfor FOU og EVU dekkja av andre kjelder enn KD. Tabellen viser at høgskulen har noko nedgang i aktiviteten innanfor

FOU dekkja av NFR/EU. EVU-aktiviteten som er ekstern-finansiert har auka frå 2015 til 2016. FOU dekkja av andre kjelder er noko høgare enn 2015. Totalt sett har HSH ei god utvikling og auke i aktivitet frå 2015 til 2016.

### Forskinsinnsats i MNT- og profesjonsfag

NFR-prosjekta EMRIS (Emerging risks from smoldering fires) og RESP-MATH (The impact of teachers feedback practice on students outcome in Mathematics) er prosjekt som tydeleggjer innsats retta mot MNT-fag og profesjonsfag.

EMRIS har ein klar relevans og målretta aktivitet ovanfor industriell aktivitet og sikkerheit, både regionalt og i vidare perspektiv.

RespMath har ein klar relevans mot skule og utdanning med utstrakt samarbeid mellom UH-nett Vest institusjonar, og dei respektive praksisfelta innan skule og grunnopplæring.

Høgskulen har og ein MNT-stipendiatstilling som vil bli tilsett i 2017.

Løn finansiert av BOA	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016
FoU (utan NFR og EU)	4 359	3 476	3 822
FoU (NFR og EU)	8 574	10 667	9 061
Etter- og vidareutdanning (EVU)	7 512	8 613	12 128
Andre prosjekt	501	764	23
<b>Totalt løn finansiert av BOA</b>	<b>20 946</b>	<b>23 520</b>	<b>25 034</b>

Løn finansiert av BOA

Elles er det verdt å nemne at høgskulen har tresemesterordning for dei som manglar opptakskrava for bli teken opp på ingeniørfag. Eit anna viktig samarbeid går mot Renatesenteret og tilbodet «Entør-realflagstrenings». Her er høgskulen sine studentar flinke mentorar inn mot elevar i vidaregåande skule.

## Verksemadmål: HSH skal vere ein synleg høgskule ved høg grad av formidling og deltagking i demokratiutviklinga

### Tiltak i 2016:

- > Integrere Samtidsdagane i undervisninga på tvers av studium/fagavdelingane
- > Gjere alle deler av HSH sine nettsider tilgjengelege på engelsk med særleg fokus på websider for FoU, og synleggjering av FoU i HSH sine formidlingskanalar.

Høgskulen har i 2016 hatt eit omfangsrikt og mangfaldig formidlingsarbeid utover vitskapelege kanalar og arenaer. Dette viser seg gjennom ulike arrangement, seminar, debattar, opne forelesingar, karrieredagar, faglunsjar, skulebesøk, open dag, doktorgradspresentasjonar, kronikkar, rapportar, musikklausjar, mediekontakt, studentpresentasjonar mm.

Målet er å synleggjere kjerneverksemda vår - og tilføre samfunnet og det store publikum nyttig og relevant kunnskap.

Høgskulen har som mål å vere ein viktig samlingsplass i regionen. Høgskulen skal drive kunnskapsdeling, inspirere og utfordre - og medverke til danning. Under omtaler vi deler av arbeidet.

### Samtidsdagar

Dette årlege seminaret rettar søkjelyset på dagsaktuelle tema i den norske samfunnsdebatten - i år for åttande gong. Gode samarbeidspartnarar er vidaregåande skular og folkehøgskular i regionen. I år var tema «Vold i nære relasjoner» og «Flyktningkrisa i Europa». Innleiarar var mellom anna: Inga Marie Thorkildsen, Jon Gangdal, Frøy Gulbrandsen med fleire. I år har ein i stor grad lukkast med å kople seminaret til studentane sine fag- og læreplanar, og ein har i langt større omfang enn før kopla tema saman med læreplanmål i den vidaregåande skulen. I tillegg er seminaret blitt å rekne som «kompetanseheving» for mange av samarbeidspartnarane våre i praksisfeltet, både innan barnehage, skule og helsefeltet.

Dette året har høgskulen og i langt større grad klart å trekke eigne forskrarar inn i arrangementet, både med innlegg og presentasjonar - men også som samtalepartnarar i debattar. Dette vil ein utvikla vidare. Samtidsdagane er og ein viktig del av det heilskaplege læringsmiljøet på campus Stord, kor god trivsel, tilhørsle og felles møteplasser utanom utdanningane er naudsynt for læring, modning og vekst.

### Forskningsdagar

Tema i 2016 var «Grenser» og høgskulen utvida i år programmet ved å kople dagane saman med internasjonal dag, og to viktige seminar: «Norge og verda - internasjonalisering i eit utdannings- og forskningsperspektiv» og «Grenser for solidaritet - Velferdsstatens status og framtid». Desse seminara blei ruta inn mot studentane si undervising, slik at dei fekk god relevans og ikkje vart «enkelstunts» lausrivne frå undervisinga og studiet. Forutan seminara fylgde høgskulen opp med forskingstorg ved begge campus, formidlingsdag, bestill ein forskar (eit tiltak kor høgskulen sine faglærarar og forskrarar reiser ut til vidaregåande skular for å snakke om forsking og tema som har samanheng med elvane sine læringsmål). Årets Forsknarnatt var eit samarbeid med Haugesund Folkebibliotek, Haugesund bildegalleri og Karmsund Folkemuseum. Forskningsdagane er eit stort arrangement og løft for høgskulen kor ein samarbeider tett med arbeidsliv og kommunar om program og gjennomføring.

### Undervegskonferanse

Den studentdrivne to-dagars-konferansen «Undervegs» involverer studentane i grunnskulelærar- og barnehage-lærarutdanninga. Konferansen er den første i sitt slag i Norge og er ein lærings- og formidlingsarena for forsking og utvikling i utdanninga. Tema varierer frå år til år, og studentane held i konferansen frå A til Å. Konferansen fekk god omtale i Regjeringa si «Kvalitetsmelding» som blei lagt fram i januar 2017.

### Seminar med samfunnslivet

Høgskulen sitt gode samarbeid med samfunnslivet opnar og for at høgskulen kan bli ein møteplass og arena for viktige seminar. I samband med biskop Halvor Nordhaug sin visitas i Sunnhordland prosti hausten 2016, inviterte Kyrkja og høgskulen til felles seminar kring tema: «Oppturar og nedturar i næringslivet». Her var 50 aktørar frå dei store verksemndene i regionen på plass i lag med kommunar, kyrkja, høgskule, NAV, næringsforeiningar mfl. Ein fin arena for høgskulen for å møte viktige aktørar, og for å møte regionen kring viktige tema som «omstilling».

## Opne førelesningar

Å nytte seg av kompetansen til høgskulen sine mange professor II-ar har vore eit viktig mål i 2016. Med desse fagkretene på besøk går vi ut i nettverka og inviterer opent inn. Her deler vi på kompetansen og gir studentar, tilsette og arbeidslivet «spisskompetanse» med internasjonalt tilsnitt. Dette har vore ein suksess og gjer høgskulen til ein viktig, interessant og attraktiv arena for kompetansebygging. Den same «modellen» nyttar vi i stor grad rundt vidareutdanningane, kor høgskulen jamt og trutt har inne fagelg sterke gjesteførelesarar i forskingsfronten.

## Falturiltu

Dette er den største nynorskarnebokfestivalen i landet. Den vert arrangert i Sunnhordland kvar haust. Høgskulen er ein sentral samarbeidspartner og involverer studentar og tilsette gjennom eigne- og felles produksjonar som til dømes: konserter, utstillingar, studentopera og litteraturseminar.

## Nettsider på engelsk

HSH har jobba med å revidere og utvikle gode nettsider på engelsk. Ikkje minst er det viktig i det internasjonale arbeidet, for å synleggjere studietilbodet og FOU-aktiviteten. Dei fleste forskingsområda er no på engelsk, og arbeidet vert vidareført i den nye høgskulen.

## Sektormål 3: God tilgang til utdanning

**Verksemdomsmål: HSH skal ha eit tidsriktig utdanningstilbod med høg kvalitet som viser og styrker høgskulen sin eigenart og gjev mogelegheit for livslang læring**

### Kvalitetsindikatorar

- > Tal på masterstudentar
- > Studietilbod utvikla og/ eller revidert på grunnlag av etterspurnad og kompetansebehov i arbeidslivet
- > Kandidatmåltal for helse- og lærarutdanningar (styringsparameter KD)

### Tiltak i 2016:

- > Femårig lærarutdanning i samarbeid med HiB og HiSF
- > Setje i gang ingeniørutdanning i samarbeid med lokalt næringsliv i Sunnhordland
- > Setje i gang bachelor i musikk
- > Etablere ph.d i nautiske operasjonar føre sett godkjenning frå NOKUT
- > Dimensjonere studieporteføljen og vurdere opprettning av fleire deltidsutdanningar og meir fleksible utdanningar

Gjennom eit mangeårig, godt samarbeid med arbeidslivet i regionen, har HSH ytterlegare styrka sin posisjon som leverandør av fleksible, skreddarsydde utdanningar.

Studietilbodet til HSH har reflektert dei kunnskaps-, kompetanse- og ferdighetsbehova som det regionale arbeidslivet har etterspurd. Studieporteføljen har vore kjenneteikna av å vere profesjonsretta, samfunns- og arbeidslivretta og inneholdt studie som er forskingsbaserte, praksisnære og attraktive.

Tidsriktige utdanningar er «rett utdanning til rett tid», med det relevante innhaldet som kandidaten og arbeidslivet treng. I tillegg kan utdanningar vere tidsriktige i forhold til innhald, innretting og organisering av utdanninga. Studieporteføljen har vore forankra i avdelingane sine utdanningsstrategiar. Dette er for å sikre at den langsiktige innrettinga gjev kontinuitet og kvalitet. Årleg vurderer avdelinga kvalitet og relevans i studieporteføljen i dialog med arbeidslivet, med mål om å kunne fange opp og ta hand om behova i regionen- både på kort og lang sikt. Alle vitnemålgjevande program ved HSH har mått gjennomføre programevalueringar minimum kvart femte år. Styret har vedteke ein rulleringsplan for programevalueringar i sin handlingsplan. Våren 2016 og tidleg haust vart evalueringar av Master IKT i læring, Økonomi og administrasjon og vidareutdanning i pleie og behandling av ikke-helende sår lagd fram for Høgskulestyret. HSH gjennomførte ikkje nye evalueringar hausten 2016 grunna fusjonsarbeid.

Etter ynskje frå lokalt næringsliv har HSH starta opp eit nytt ingeniørtilbod på Stord hausten 2016. Utdanninga er eit tilpassa løp for søkjrarar med fagteknisk bakgrunn (fagskule). Studiet gjev ein bachelorgrad og vil kunne passe inn inntil 60 studiepoeng frå fagskulen. Dei resterande 120 studiepoenga vert tekne på to år, parallelt med at studentane er i jobb. Dei naudsynte forkursa vart gjennomført våren 2016, medan sjølvre ingeniørstudiet starta hausten 2016. Studiet er eit samarbeid mellom HSH og

Atheno AS. Det er to retningar på studiet; bachelor i ingeniørfag, maskin for fagteknikarar og bachelor i ingeniørfag, elektro for fagteknikarar.

### Ph.d-satsinga

I september 2016 vart ph.d.-studiet i nautiske operasjonar akkreditert av NOKUT. Studiet er ein fellesgrad mellom NTNU Ålesund, UiT Norges Arktiske Universitet, Høgskolen i Sørøst Norge (HSN) og Høgskulen på Vestlandet, nærregion Stord/Haugesund (HVL) og er det første studiet i Noreg med fire samarbeidande institusjonar. Studiet skal utdanne kvalifiserte kandidatar til undervisning og forsking, medverke til formidling- og innovasjonsarbeid, og medverke til anna verksemder det vert stilt krav til vitskapeleg innsikt og eit operasjonelt maritimt fokus. Studiet er sett i gang og har offisiell opning 16.februar i Tromsø. Per 2016 har studiet fått tildelt 12 stipendiatar, og av desse har HVL fått tre.

Første samling for stipendiatare vil vere i mai 2017. Dei startar med fellesfag og alle fire institusjonar har likeverdige bidrag i dette faget.

Gjennom 2016 har det vore jobba med å få akkreditert ein felles mastergrad i Maritime Operations saman med University of Applied Sciences Emden/Leer i Tyskland. HVL fekk akkreditert graden i februar 2017. Studiet er planlagt å starte i september 2017, føresett at den blir godkjent av det tyske akkreditteringsutvalet i ZeVA. Gjennom master i Brannsikkerhet, Master in Maritime Operations og ph.d i nautiske operasjonar kan campus Haugesund tilby tre fullstendige løp frå bachelor til ph.d

### Grunnskulelærarutdanninga

Frå hausten 2017 vert grunnskulelærarutdanningane gjort om til femårige integrerte masterutdanningar. Overgang til femåring lærarutdanning har difor vore eit svært viktig område for styret gjennom 2016. Lærarutdanninga stod i ei særstilling gjennom heile 2016, og er ei stor endring som kom i tillegg til arbeidet med fusjon. Dei tre høgskulane har jobba tett med dette.

Sidan Høgskolen i Bergen fullt ut kunne akkreditere dei femårige grunnskulelærarutdanningane sjølv, vart dei akkreditert etter HiB sitt kvalitetssystem og studieforskrift av styret ved HiB i desember 2016.

### Fleksible utdanningar

Høgskulen har og gjennom 2016 prøvd å kome i møte arbeidslivet sin etterspurnad etter samlingsbaserte og fleksibelt organiserte studielibod. Arbeidslivet er i omstilling og kompetanse vert løfta opp som ein viktig faktor for å lukkast i den framtidige arbeidsmarknaden. Med høg arbeidsløyse har det vore viktig med god dialog med mellom anna NAV, kommunar, næringsforeiningar,

organisasjonar og enkeltverksemder for å forstå behova og potensialet til arbeidslivet, og for å organisere studielibod av mindre omfang slik at dei ikkje kjem i konflikt med til dømes dagpengeregelverket. Det har og blitt prioritert å delta på moglegheitskafeiar, seminar, konferansar og arrangement for å synleggjere høgskulen, og for å gjere kompetanseheving ved høgskulen til eit naturleg valalternativ ved omstilling. Høgskulen har god breidde i fleksibelt organiserte studielibod som rettar seg mot studentar som kombinerer jobb og utdanning: ABLU, GLU deltid, PPU, ingeniørutdanning i Sunnhordland og masterutdanningar i tillegg til vidareutdanningar.

Ein del av vidareutdanningstilboden er etablert i fast studieportefølje, og lista over faste tilbod har i løpet av 2016 blitt utvida. Innan helsefag er det komme på plass nye emne i både rehabilitering og i avansert klinisk sjukepleie, samt omsorgsteknologi. Lærarutdanninga har ein auke i vidareutdanningar knytt til dei nasjonale satsingane «Kompetanse for kvalitet» og «Kompetanse for framtidens barnehage». Vidareutdanningar knytt til økonomi og administrasjon har i hovudsak gått på ettermiddag eller kveld slik at det er mogleg for studentane å kombinere jobb og utdanning.

- > Våren 2016 tok 490 studentar, fordelt på 18 tilbod, vidareutdanning.
- > Hausten 2016 tok 627 studentar, fordelt på 20 tilbod, vidareutdanning.
- > Eitt tilbod er 100 % nettbasert, medan det er ein auke i tilbod som har nettstøtte i form av streaming eller andre digitale arbeidsmåtar.
- > Nye tilbod i løpet av 2016:
  - Omsorgsteknologi
  - Avansert klinisk sjukepleie, del 2
  - Matematikk 1, 5-10
  - Matematikk 2, 5-10
  - Andrespråkspedagogikk
  - Læringsmiljø og pedagogisk leiing i barnehage

### Bachelorutdanning i musikk

HSH starta i 2016 studieliboden bachelor i Community Music. I dette studiet er det første året felles med Faglærar i musikk og årsstudiet i musikk. Frå Norsk Kulturskoleråd Hordaland vart det meldt inn behov for musikkpedagogar med kompetanse til å undervise store grupper.

Faglærarutdanninga i musikk har vore ein del av HSH si studieportefølje sidan hausten 2008, og har i periodar hatt utfordringar med rekruttering. Då lærarkravet vart innført for faglærarutdanninga i 2015, opplevde HSH ein nedgang i kvalifiserte søkerar og ein valde difor å gjere nulloppnak dette året. I 2016 var det grunnlag for å starte studiet igjen. Utdanninga går i dag med eigne emne, men ein har søkt etter å finna treffpunkt med det nystarta



Studiepoengproduksjon (60 stp einingar)	Resultat			
	2013	2014	2015	2016
AHF	560,6	582,4	606,8	622,6
ALK	555,1	603	604,1	639,4
ATØM	658,8	705,8	732,5	712

studiet Community music og med årseininga i musikk. På denne måten kan ein undervise inntil 27 studentar samstundes

Det er viktig å sjå utdanningsløpa under eitt; Faglærarutdanning og Community music, der master i kreative fag kjem inn som ei naturleg forlenging av eit femårig studieløp. Særleg viktig er det å kunne tilby profesjonspedagogikk for heile studieløpet i samband med den nye 5-årige grunnskulelærarutdanninga.

### Kandidatmåltal for helse- og lærarutdanningar

Kandidatmåltal for helse- og lærarutdanningar var 327. Sjå vidare omtale under sektormål 1 og omtale av Kandidatar som er attraktive for det moderne arbeidsmarknaden som kvalifiserer for studiar på høgare grads nivå.

### Auka studiepoengproduksjon

Jamt over har HSH hatt eit aukande tal på studentar til alle avdelingane både innan bachelor, master og etter- og

vidareutdanning. Innanfor helse- og lærarstudia har det vore mogleg å prioritere mellom utdanningar slik at alle studieplassane har vært fylt opp. Tal på produserte 60-stp einingar har auka med 1,6% mellom 2015 og 2016

Sjå tabell over

### Tal på masterstudentar

Fleirtalet av HSH sine studentar har vore bachelor- eller vidareutdanningstudentar. Hausten 2016 hadde HSH 173 masterstudentar, noko som utgjer 5,1 % av den totale studentmassen. Dette er ein ytterlegare auke frå 2015 (156) og 2014 (127).

ALK har den største delen masterstudentar med 79 studentar fordelt på studiane master i IKT i læring og master i kreative fag og læreprosessar. Begge gjennomførte nytt opptak i 2016. AHF har gjennomført nytt opptak på master i klinisk helse- og omsorgsvitskap og hadde ein liten auke på tal på studentar. Master i brannsikkerhet har til saman 37 studentar på heiltid og deltid.

## Sektormål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem

Verksemldsmål: HSH skal ha kompetansenivå og –breidde tilpassa vår eigenart

### Kvalitetsindikatorar

- > Opprykk/kvalifisering til:
  - Dosent/professor
  - 1.lektor/1.amanuensis
- > Del førstekompetanse
- > Tal på ph.d-stipendiatar
- > Tal på tilsette i førstelektoralop
- > Tal på nyttilsette med førstekompetanse
- > Gjennomstrøyming stipendiatar og første lektorkandidatar
- > Tal på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)
- > Del av kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)
- > Del av mellombels tilsette i undervisnings- og forskingsstillingar (DBH)

### Tiltak i 2016:

- > Å betre støttesystemet for oppfølging av stipendiatar og kandidatar i førstelektoralop.
- > Fortsetje arbeidet for fleire KD-finansierte og eksternt finansierte stipendiatstillingar.
- > Igangsetjing av arbeidet med kompetanse planar for fagavdelingane i lys av fusjon.
- > Vurdere institusjonelle tiltak og/eller faste rammevilkår for å rekruttere og halde på kompetanse på førstenivå og toppnivå

### Auka del førstekompetanse

HSH kan vise til ein auke på 3,6 prosent i førstestillings-/dosent-/professorkompetanse fra 2015 (34,8 prosent) til 2016 (38,3 prosent).

Mange nye tilsette med førstekompetanse saman med liten avgang i same gruppe, er hovudårsaka til auken i del førstekompetanse, men auken blir og bremsa av nyttilsettingar utan førstekompetanse. Nyrekruttering av førstekompetanse var derfor eit viktig element i til-

taksplanen for rekruttering av tilsette som vart iverksett i 2016, og resultata av dette arbeidet kjem tydeleg fram i tabellen under.

For å auke mengda av førstestillingskompetanse har HSH og hatt ei tydeleg satsing på kompetanseheving til førstekompetanse langs begge karrierevegar dei seinare åra. Dette gjev seg utslag i opprykka til første- og toppkompetanse.

Nokre indikatorar for kvalitet	Resultat	
	2015	2016
1. Nyttilsette (UFF ) med førstestillingskompetanse	2,1	7,1
2. Nyttilsette (UFF) utan førstestillingskompetanse	10,5	10,9
3. Opprykk til dosent/professor	3	0
4. Opprykk til førstelektor/førsteamanuensis	4	4
5. Aldersavgang med førstestilling-/dosent-/professorkompetanse	3,6	0,5
6. Annan avgang med førstestillings-/dosent-/professorkompetanse	0,2	2,8

Tabell: Indikatorar innanfor tilsettingar og avgang i 2015 og 2016 (Institusjonen si kompetanseoversikt )

## Satsing på kompetanseheving

Styret har tildelt ein monaleg del av dei strategiske midlane til kompetanseheving og kompetanseutvikling dei siste åra. I 2016 vart det tildelt 3,5 millionar kroner til kompetanseutvikling. Storparten av midlane var øyremerka tid til kompetanseheving for kandidatar i førstelektorløp.

HSH vart tildelt 5 stipendiatstillingar i 2016, og vi har då 20 KD-finansierte rekrutteringsstillingar. I 2016 vart 2 tildelt øyremerka til nautikk, 2 vart tildelt øyremerka grunnskulelærarutdanning (1 vart nytta til professorkvalifisering), og ei nytta til MNT-fag. Alle stipendiatstillingane er fylt opp/ er i tilsettingsprosess. Markom 2020, som er KD-finansiert kompetanseheving innan nautiske utdanninger, gjev 5 millionar kroner til ulike kompetansehevande tiltak i denne utdanninga i 2016.

HSH hadde til saman 42 tilsette som var inne i eitt av kvalifiseringsløpa i 2016. Av desse var 24 stipendiatar og 18 i førstelektorløp:

ALK hadde 7 stipendiatar og 9 i førstelektorløp – og av desse er alle i aldersgruppa fra 25–50, med unntak av ein i førstelektorløp som er i alderen 56–60 år.

ATØM hadde 8 stipendiatar og 1 i førstelektorløp. Dei fleste stipendiatare er i aldersgruppa 24–40 år (6), medan 2 stipendiatar og ein i førstelektorløp er i aldersgruppa 41–50 år.

AHF hadde 9 stipendiatar og 8 i førstelektorløp. Stipendiatare i avdelinga er spreidde med omsyn til alder og ein finn dei i aldersgruppene fra 25–55. Dei som er i førstelektorløp er eldre og i aldersgruppene fra 41–65.

## Opprykk i 2016

Tal på opprykk varierer noko frå år til år: Medan det var relativt mange opprykk til professor og dosentkompetanse i 2014 og 2015, var det ingen i 2016. Tilsvarande hadde mengd opprykk til førsteamanuensis ein topp i 2014. Satsinga på førstelektor på ALK og AHF har gitt effekt i 2015 og 2016, slik at ein har fått til saman sju opprykk til denne stillingskategorien dei to siste åra. I 2017 er det allereie kome opprykk til både professor og dosent, og det er venta fleire opprykk til både førsteamanuensis og førstelektor.

Sjå tabell under.


## Nærare om avdelingsvis utvikling i del førstekompetanse

Del førstekompetanse og utviklingstrekk varierer mykje på tvers av dei tre fagavdelingane. Vi vil derfor gå nærmare inn på utvikling og årsak til denne for dei tre fagavdelingane.

**AHF** hadde 28,5 prosent førstestilling-/dosent-/professorkompetanse i 2015 og nådde 32 prosent førstekompetanse i 2016, som er ein auke på 3,5 prosent.

Talet på årsverk generelt i avdelinga har vore stabilt i 2015–16, og dette mellom anna, gjer at avdelinga no byrjar å sjå resultat av ei sterkare satsing på kompetanseheving. Etter ein svak nedgang i 2014, har AHF auka mengda førstekompetanse med nærmere 10 prosent frå 2014–2016, nærmere bestemt frå 22,8–32%.

**ALK** hadde 33,8 prosent førstestilling-/dosent-/professorkompetanse i 2015 og nådde 35,6 prosent førstekompetanse i 2016, som er ein auke på 1,7 prosent. At ein ikkje



har hatt større auke i mengda førstekompetanse skuldast i hovudsak at ein samstundes har hatt ein stigning i talet på stillingar utan førstekompetanse, som har verka utjamnande.

**ATØM** hadde 41,3 prosent førstestilling-/dosent-/profesorkompetanse i 2015 og nådde 45,6 førstekompetanse i 2016, som er ein auke på 4,3 prosent. Avdelinga hadde ein reduksjon i mengda frå 2014–2015, men har i perioden 2013–2016 auka delen førstekompetanse med 1,6 prosent. Det er i første rekke utfordringar med rekruttering av tilsette med førstekompetanse som er årsaka til at mengda ikkje har auka meir enn dette:

### Støttesystem for oppfølging av stipendiatar og kandidatar i førstelektorløp

Ei arbeidsgruppe vart oppretta for å sjå på heile stipendiatløpet og utvikle ei handbok for stipendiatar, samt tilhøyrande malverk. I tillegg vart det planlagt å opprette eit stipendiatforum.

Stipendiathandboka er utarbeida og har blitt følgd opp gjennom ei rekke tiltak. Ein funksjon som administrativ stipendiatkontakt har blitt oppretta for å følge stipendiaten frå tilsetting til disputas, og som mellom anna skal ha ansvar for kommunikasjon og hente inn informasjon frå gradsgjenvande institusjon. Det er utarbeida ei funksjonsskildring for denne funksjonen. Dette arbeidet vil og verte teke med inn i arbeidet med å bygge støttetenester for stipendiatar i HVL.

### Kvinner og tal på årsverk

I institusjonen er det i 2016 tilsett 62 prosent årsverk kvinner, og prosenten er noko lågare for faglege stillingar (61 prosent) enn for administrative stillingar (65 prosent). Desse tala har vore stabile dei siste åra.

Tal på kvinner i dosent- og professorstillingar i verksemada i 2016 utgjorde 35 prosent som er noko høgare enn det som er snittet i sektoren (28 prosent), Sjå tabell under:

I 2016 hadde HSH 11,8 årsverk i professor I-stillingar, og kvinnelege professorar utgjorde 35,6 prosent. Vidare hadde HSH 1,8 årsverk som professor II, der kvinnelege professorar utgjorde 66,7 prosent.

HSH hadde i 2016 4,9 årsverk med dosentkompetanse (dosent I og II). Del av kvinnelege dosentar utgjorde 43 prosent som utgjer ei lita stigning frå 2015.

### Mellombels tilsetting

Å redusere talet på mellombels stillingar ved universitet og høgskular, er ei målsetting i sektoren. HSH har difor eit særskilt auge for delen av stillingar som er mellombels i verksemda. Sjå tabell under.

Det er ein auke i bruken av mellombels stillingar i verksemda frå 2015 til 2016 for «tilsette i undervisings- og forskarstillingar» på omlag ein prosent. Bruken av mellombels stillingar i denne tilsettgruppa er likevel redusert frå 2014 med meir enn tre prosent. Auken er difor ikkje eit uttrykk for ein meir utprega bruk av mellombels stillingar i verksemda.

### Kompetanseutvikling for teknisk- og administrativt tilsette

HSH gir tilsette moglegeheter for kompetanseutvikling som bidreg til å oppfylle høgskulen si målsetjing og den tilsette sine kompetansebehov.

I 2016 har teknisk/administrativt tilsette delteke på fagleg oppdatering som eigen seksjon har ansvar for, og dessutan på interne kurs og seminar, som:

- > Skrivekurs på to dagar med til saman 35 deltakrar
- > Førstehjelpskurs på kvar studiestad med til saman 38 deltakrar
- > Prosjektleiing med 17 deltakrar.
- > Fire dagars Engelskkurs med 21 deltakrar.
- > Fire har delteke på eksternt Seniorkurs
- > Kurs i Rettleiing vart utsett til 2017 grunna fusjonsarbeidet.

	2013	2014	2015	2016	Snitt statleg sektor
Del av kvinner i dosent- og professorstillingar (%)	30,77	33,33	37,5	35,29	28,04

Kjelde: DBH

For nytilsette vart det etablert eit nytt Introduksjonsprogram med fem steg, og her deltok 17 nytilsette på Frukostmøte med leiinga og 16 deltok til saman på Seminar om utdanningskvalitet, som vart gjennomført på kvar studiestad. Dei nytilsette inngår vidare i ei faderordning og gjennomfører på ein månad ei seksjonsvandring som gjer dei kjend med verksemda; det vil sei: sentrale funksjonar og tenester i administrasjonen, samt eiga avdeling.

Tilsette i administrasjonen kan òg søkje arbeidsgjevar om støtte til individuell vidareutdanning, og i 2016 fekk 12 medarbeidarar løyve til kompetanseheving.

## **Verksemadmål: HSH skal vere ein attraktiv samarbeidspartner for kunnskapsutvikling og utdanning**

### **Tiltak i 2016:**

- > Fusjonsdrøftingar med Høgskolen i Bergen og Høgskolen i Sogn og Fjordane
- > Rullere/revidere faglege satsingsområde for avdelingane i lys av fusjon
- > Jamleg orientering av styret om framdrift i alle deler av fusjonsarbeidet

### **Fusjonsdrøftingar med HiB og HiSF**

Hausten 2015 valde Høgskolen i Bergen (HiB), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) å gjennomføre ei utgreiing for å sjå om det var grunnlag for å setje i gang ein fusjonsprosess med målsetjing om å bygge ein stor og slagkraftig høgskule på Vestlandet. På bakgrunn av utgreiinga gjekk dei tre institusjonane i fusjonsforhandlingar våren 2016.

### **Forhandlingsfasen**

Forhandlingsutvalet var samansett av rektor og direktør ved HiB og HSH, og rektor og styreleiar ved HiSF. Gjennom våren gjennomførte forhandlingsutvalet fleire gode og konstruktive møte. Møta var prega av ei felles vilje til å lukkast med forhandlingane med bakgrunn i dei intensionane for ein ny institusjon som det var semje rundt i utgreiingsarbeidet. Hovudfokus var fusjonsavtalen som vart godkjent i dei tre høgskulane sine styremøte den 9. juni. Høgskulestyra vedtok same dato å søkje Kunnskapsdepartementet om å fusionere dei tre høgskulane med namnet Høgskulen på Vestlandet (HVL). Regjeringa gav i statsråd 17. juni 2016 klarsignal for fusjon mellom dei tre institusjonane.

Våren 2016 oppretta dei tre høgskulane sine interne referansegrupper- eit forum for innspel, tilbakemeldingar og diskusjonar til støtte for forhandlingspartnarane. Referansegruppene var samansette av tillitsvalde og studentar og hadde møte i forkant av forhandlingutvalet sine møte.

Parallelt med fusjonsforhandlingane vart det arbeida med fusjonsprosjektet i interimsfasen. I april vart det difor oppretta eit felles fusjonssekretariat på tvers av dei tre høgskulane, samansett av høgskuledirektørane ved HiB og HSH, viserektor FoU ved HiSF og medarbeidarar frå ulike område i administrasjonen ved dei tre høgskulane. Sekretariatet støtta forhandlingsutvalet med utgreiingsarbeid i forhandlingsprosessen fram til fusjonsvedtak i juni. I interimsfasen (planleggingsfasen) vart det avklart at fusjonssekretariat skulle utøve støttefunksjonar opp mot prosjekta i fusjonsprogrammet og førebu styresaker til interimsstyret.

Ei felles informasjonsside, fusjonsinfo.no, vart oppretta i desember 2015 og fungerte som ein felles informasjonsportal der saker vart publisert i etterkant av møte i forhandlingsutvalet. Det vart og gjennomført allmøte og informasjonsmøte ved dei tre institusjonane.

Fusjonsavtalen mellom dei tre institusjonane fastslo dei førande målsetjingane og prinsippa for den nye høgskulen. Fusjonsprogrammet vart etablert i tråd med desse.

### **Interimsfasen**

Interimsstyret vart valt og oppnemnt i august 2016 og gjekk over til fast institusjonsstyre 1.1.2017. Interimsstyret var ansvarleg for alle vedtak som gjaldt den nye institusjonen, medan dei sittande høgskulestyra var ansvarlege for drifta av dei tre høgskulane.

Programorganisasjonen vart vedteken i det første interimsstyremøtet i Bergen 16.9.2016, med interimsstyret som programeigar og øvste mynde i programorganisasjonen. Forhandlingsutvalet fortsette i interimsstyret som eit innstillingsråd og sikra kontinuitet frå forhandlingsfase til interimsfase. Innstillingsrådet følgde opp prinsippa i fusjonsavtalen og drøfta saker før dei vart lagt fram for interimsstyret. Innstillingsrådet peika ut ein ansvarleg som hadde innstillingsmynde til interimsstyret i samråd med styreleiar, var representant for arbeidsgjevar i interimsfasen og som sikra god saksgang mellom fusjonsprogrammet og innstillingsrådet.

Fusjonsprogrammet etablerte ei programorganisering på tvers av dei tre institusjonane, samstundes som den ordinære drifta i dei tre institusjonane gjekk føre seg i dei tre lineorganisasjonane. For at den nye institusjonen skulle kunne tre i kraft som ei juridisk ny eining 1.1.2017, måtte ein først og fremst samkøyre administrative funksjonar, prosessar og system. Det innebar at den faglege verksemda i mindre grad vart påverka av fusjonsprosessen i

interimsfasen, med unntak av lærarutdanninga- grunna den nye femårige masterutdanninga som trer i kraft hausten 2017.

Målsetjinga med fusjonsprogrammet var å planlegge verksemda ved HVL, slik at den nye høgskulen kunne verte etablert 1.1.17. Erfaringar frå andre fusionerte institusjonar i sektoren vart sett til, men vår prosess mellom tre partar baud på ein større kompleksitet. Dette freista ein å ta høgde for i programutforminga. Programmet vart delt i seks prosjekt, og prosjekta hadde ulik storleik og ulikt omfang.

Allereie i mars 2016 starta arbeidet med å vurdere kva for nokre system og regelverk som måtte vere på plass til fusjonstidspunktet, og kva for tiltak som var naudsynt for å sikre ei forsvarlig administrativ drift frå fusjonstidspunkt og fram til ein fullt integrert institusjon. Arbeidet vart organisert i prosjektet Sikker drift, som hadde som si hovudoppgåve å sikre driftskritiske funksjonar i samband med fusjonen ved å utgreie og føreslå naudsynt samordning av IT-system, administrative system, regelverk og forskrifter. Det vart oppretta i alt 9 koordinerande arbeidsgrupper med representantar frå alle tre institusjonar.

Tida prosjekta rådde over var den mest kritiske faktoren i fusjonsprosessen. Tida mellom fusjonsvedtak og fusjonstidspunkt var kort, og det var difor naudsynt å ha fokus på framdrift og dei mest kritiske prosjekteleveransane først. Den formelle medverkinga vart ivaretaken gjennom etablering av felles IDF, som i interimsfasen var samansett av 18 hovudtillitsvalde og hovudverneombod frå dei tre fusjonerande institusjonane. I tillegg var styringsgruppene samansett av fleire representantar frå tenestemannsorganisasjonane og studentane. Det vart gjennomført innspesseminar i forkant av arbeidet i prosjekta, og det vart lagt opp til uformelle høyringsmøte i tilknyting til delleveransar frå prosjekta. Formelle høyringar vart holdne i tilknyting til prosjekta sine sluttleveransar.

Leveransane i dei ulike prosjekta i fusjonsprogrammet har ulike tidsrammer, og prosjekta vil fortsetje sitt arbeid og etter fusjonstidspunktet, men vil då formelt vere ein del av den nye institusjonen. Frå fusjonstidspunktet og fram til den nye lineorganisasjonen er implementert er det etablert ei mellombels organisering som varetok den daglege drifta i HVL, og det vidare arbeidet i fusjonsprogrammet vert ivaretake innanfor denne.

Både interimsstyret og driftstyra fekk jamlege orienteringar frå fusjonsarbeidet gjennom heile 2016.

1.januar 2017 vart HVL sett i kraft utan vesentlege avvik.

## Rullere faglege satsingsområde for avdelingane i lys av fusjon

Sidan hausten 2014 har HSH hatt fusjon som hovudfokus, først i fusjonsdialog og -forhandling med Universitetet i Stavanger, deretter med Høgskolen i Bergen og Høgskulen Sogn og Fjordane. Høgskulestyret har sidan 2012 hatt ei offensiv haldning i forhold til samanslåing med høgare utdanningsinstitusjonar, som eit ledd i utviklinga av Vestlandet som utdanningsregion. Arbeidet med å revidere dei faglege satsingsområda har difor vorte påverka av fusjonssonderingar, -dialogar og -forhandlingar.

Ved ATØM laga dekan og studieleiarar ein tidsplan og prosess saman med dei andre dekanane og studie-/instituttleiarane slik at fagmiljøa vart godt kjende. Første møte var i Bergen i slutten av mai. Dekanane hadde eit nytt møte i juni og har hatt faste møte på skype kvar fjortande dag. Det har vore gjennomført fagmøte på tvers i alle miljø.

ALK gjennomførte samlingar på 1-2 dagar for alle fagmiljøa før september 16, og AHF har i tillegg til møte gjennomført ei kartlegging av faglege interesser og tyngdepunkt på avdeling i lys av fusjon.

I prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi i fusjonsprogrammet, vart det hausten 2016 gjennomført 11 samtalar med avdelingane ved alle dei tre fusjonerande høgskula, samt doktorgradsmiljøa, om 1-3 faglege særtrekk som ein meinte kunne vere med å bidra til å byggje profilen ved den nye høgskulen på Vestlandet. Totalt 91 tilsette og studentar deltok. Fleire kriterium vart lagt til grunn for samtalane, mellom anna komplementaritet og mogelegeheter for felles utdanningsløp med lokale særpreg, mogelegeheter for synergiar og tverrfaglege/tverrprofessionelle satsingar og særpreg i høve til regionsperspektivet (vestlandsk kultur og tradisjon og samarbeid med arbeids- og næringsliv).

## Verksemdmål: HSH skal ha eit velfungerande kvalitetssikringssystem som sikrar god styring, leiing og medverknad

### Tiltak i 2016:

- > Implementering av funksjonsskildringar og kopling mellom fag og administrasjon
- > Leiarutviklingsprogram
- > (Vidare)utvikling av kvalitetssystemet for studiar med særskilte krav

HSH sitt kvalitetssystem vart godkjend av NOKUT i 2015. I 2016 har ein i liten grad gjennomført endringar i kvalitetssystemet, men for nokre av områda vert det jobba med å operasjonalisere aktivitetane. Eit eksempel er praksis innanfor sjukepleie: Ein har revidert læreplanen for praksis og etablert eit praksisnett, og i 2016 har ein jobba med å tydeleggjere årshjul og retningslinjer for administreringa av praksis. Eit anna eksempel er prosedyre for å sikre at UNITAR-studiet<sup>7</sup> vert følgd opp. I tillegg har vi lagt vekt på å sikre at alle dokument i dokumentbanken er oppdaterte, for at dei tilsette skal finne malar og eksempel på ein enkel måte.

Aktivitetane i kvalitetssystemet er i all hovudsak følgde opp i tråd med kvalitetshandboka, men på nokre område har ein vald å redusere aktiviteten og heller prioritere arbeid knytt til fusjonen. Dette gjeld først og fremst programevalueringa av HMS-ingeniør og at omfanget av kvalitetsrapporteringa på kullnivå vart redusert for nokre av studieprogramma. HSH har sendt høyringssvar både i samband med ny studiekvalitetsforskrift og ny studietilsynsforskrift. Dette har og vore eit høve til å gjøre endringane i lover og forskrift kjende og diskutere kva konsekvensar endringane bør og må ha for kvalitetssystemet. Dei nye forskriftene er og viktige premissjevarar for det nye kvalitetssystemet for HVL som ein så vidt har starta arbeidet med i overgangen til 2017.

### Opplæring nye leiarar og implementering funksjonsskildringar

Ved inngangen til 2016 var ein stor del av studieleiarane og dekanane nye i sine funksjonar. Det vart lagt stor vekt på å gjennomføre ei systematisk opplæring av desse funksjonane og som del av den opplæringa vart det utarbeidd funksjonsskildringar for alle dekanar og studieleiarar. Det vart og gjennomført ulike seminar som spesielt var retta mot leiarane.

Det er og utarbeidd funksjonsskildringar for enkelte andre faglege funksjonar. Dette arbeidet blir viktig å vidareføre i etableringa av HVL, der tydeliggjering av ansvarsfordeling mellom leiar for studieprogrammet og til dømes emneansvarleg blir særsviktig for å sikre at krava i mellom anna studietilsynsforskrifta blir oppfylt.

Det er også utarbeidd funksjonsskildringar for hoveddelen av alle administrative funksjonar. Dette vil vere viktige verktøy i samband med utviklinga av den nye HVL-organisasjonen.

### Leiarutviklingsprogram

Leiarutvikling var ei prioritert personalpolitisk satsing i verksemda i 2016 – i tråd med gjeldande Personalpolitisk plan for Høgskolen Stord/Haugesund. Leiarane deltok i opplæringstiltak gjennom våren, og fekk tilbod om utviklingstiltak gjennom hausthalvåret.

<sup>7</sup> FN-finansiert ingeniørstudie

Første felles leiarsamlinga for lineleiarar med persona-lansvar frå HiSF, HiB og HSH vart arrangert i november, og meir enn 90 leiarar deltok frå dei tre fusjonerande høgskulane. Til saman deltok 20 leiarar frå HSH. Tema for to-dagars samlinga var Endringsleiing og føredrags-haldarane frå NHH og AFF var henta inn for å undervise og fasilitere samlinga. Endringsverkstaden hadde fokus på kunnskapsformidling, men gav òg rom for at leiarane kunne arbeide med og planlegge eige endringslandskap det kommande arbeidsåret. På leiarsamlinga såg leiarane særskilt på følgjande spørsmål: Kva verknad har organisa-sjonskultur for endringa du skal leie? Kva for eit endrings-landskap står vi i? Kva er endringsleiing? Korleis bygge kapasitet for endring inn i eiga eining? Kva for faktorar er verksame i endringsprosessar?

Internt i verksemda har fagleg og fagleg administrati-ve leiarar fått tilbod om miniforedrag med tema innan grunnleggjande leiing i biblioteka på kvar studiestad. Foredraga var og opne for medarbeidarane. Tematikk ein var innom var: Tett på! -Leiing og endring, Møtestruktur, Er leiing det same i alle verksemder og for alle medarbei-darar? og Prosjektleiing.

Programleiarane representerer viktig fagleg leiing av kompetanseutvikling i avdelingane i verksemda. Pro-gramleiarane fekk difor tilbod om å delta på eit felles Leiarutviklingsprogram i forskingsleiing for HiSF, HSH og HiB, der sistnemnde inviterte til programmet som starta opp i november. Seks programleiarar frå HSH deltek i programmet.

### Tildeling og kriterier for FoU

Alle fagtilsette ved HSH har 10 % av stillinga si sett av til fagleg fornying. I tillegg kan den einskilde søkje om meir tid til Forsking og utvikling (FoU). HSH har dei siste åra fordelt ressursar til forskings- og utviklingsarbeid i ein årleg søknadsprosess. Avdelingsleiinga ved dekan handsamar søknadene og tildeler ressurs. I 2016 vart det utvikla ny felles utlysningstekst, kriteriesett og søkernds-mal for dei tre fagavdelingane ved HSH. All FoU-akti-vitet (medrekna kompetanseheving) skal verte knytta til faglege satsingsområde og strategiar (FoUI-strategi og Internasjonal strategi), og støtte opp under HSH sine kjenneteikn på FoU-basert utdanning. HSH har eit mål om å drive FoU-basert utdanning, auke talet på publikasjonar, hente inn fleire eksterne forskingsprosjekt, bygge internasjonale faglege nettverk og auke FoU-samarbeidet med arbeidslivet. Ved tildeling vert følgjande punkt mel-lom anna vektlagt: Relevans i forhold til faglege satsings-område og målet om FoU-basert utdanning, tidlegare FoU arbeid og publikasjonar, relevans og tilknyting til undervisningsaktiviteter i avdelinga, samt involvering av studentar i FoU-prosjekt.

Project title	Duration	Project owner
<b>Norges forskingsråd</b>		
Skole og konsert – fra formidling til dialog (DiSko) (Innovasjonsprosjekt, FINNUT)	2017-2020	Kulturtanken
Utvikling av Recovery College i Helse Fonna-regionen (Forprosjekt, HELSEVEL)	2016	HVL
Rammebevilging PES 2016	2016	HVL
Integrating Science of Oceans, Physics and Education (iSCOPE) (INTPART)	2015-2018	UiB - (bioCEED)
Emerging Risks from Smoldering Fires (EMRIS) (SHP)	2015-2017	HSH
Responsive Teaching and Student learning-The impact of teachers feedback practice on students outcome in mathematics (RESPMATH) (FINNUT)	2014-2018	HSH
Skills development for realizing the workforce competence reserve (SKILLSREAL) (FINNUT)	2014-2017	HSH
Risk in Offshore Operations (RISKOP) (MAROFF 2)	2013-2017	HSH
Improvisation in Teacher Education; Curricula and Practice in dynamic interplay (IMTE) (SHP)	2012-2016	HSH
Learning in the 21st Century; Capitalizing on students strengths - Compensating for desired capabilities (L-21) (PRAKUT)	2012-2016	HSH
Mirror, mirror on the wall (SAMKUL)	2013-2016	NTNU
Operational Logistics and Business Management in High Arctic Oil & Gas Operations (MAROFF 2)	2013-2016	UiN
<b>Norgesuniversitetet</b>		
Framtidas ingeniørutdanning i Sunnhordland	2017-2018	HVL
Lærar for ein dag	2016-2017	HSH
Aktiv læring med bruk av SimPad	2016-2017	HSH
Multimodal læringsressurs i Kunst og håndverk: Fagdidaktikk for aktiv læring.	2016-2017	HSN
<b>EXTRASTIFTELSEN</b>		
Recoverykurs og utdanningsopplegg	2017-2019	HVL
<b>NORDPLUS</b>		
Promoting learning and development in multisensory environments with assistive technology solutions (SPEDUTECH)	2014-2016	HSH
<b>Horizon 2020</b>		
Developing an Engaging Science Classroom (CREATIONS)	2015-2018	Univ. Bayreuth
<b>ERASMUS+</b>		
GLOBAL MOBILITY Programme	2016-2018	HVL
Strategic Partnership: Agents of Change in Education (SPACE)	2016-2019	HVL
<b>Partnership Program with North America</b>		
Building global perspectives through developing North America-Norwegian Collaboration 2017-2020	2017-2020	HVL

Kjelder: Prosjektporlefølje HSH, aktive prosjekt i 2016 og vidare (HVL)

## Supplerande tildelingsbrev i 2016, 23.6.16

I revidert nasjonalbudsjett i 2016 vart Høgskolen Stord/Haugesund tildelt 15 studieplasser til PPU, og 25 strategiske studieplasser/Sør- og Vestlandet (frie), med oppstart hausten 2016.

Høgskolen Stord/Haugesund har hatt svært god søkering til PPU-tilboda som går på deltid/samlingsbasert. Til tilboda som starta hausten 2016 hadde vi ca. 750 søkerarar, fleire fekk ikkje plass, og vi hadde for det nye kullet ca. 190 registrerte studentar. Vi har til saman ca. 280 registrerte studentar på dette tilbodet no.

Dei ekstra tildelingane knytt til PPU vart nytta for å auke opptakstala, og vi nytta også delar av tildelinga gitt til frie studieplassar her.

Dei frie strategiske studieplassane/Sør- og Vestlandet vart nytta til internasjonale tilbod knytt til lærarutdanning, vidareutdanning i omsorgsteknologi og som nemnt ytterlegare større opptak innan PPU. Omsorgsteknologi er eit studietilbod som det også er stor interesse for i regionen, og som vi i samarbeid med arbeidslivet har etablert. På dette tilboden hadde vi ca. 70 søkerarar og det er ca. 50 registrerte studentar.

## Supplerande tildelingsbrev i 2016, 28.6.16

I revidert nasjonalbudsjett i 2016 vart Høgskulen Stord/Haugesund tildelt 2 mill kr til vitskapleg utstyr. Dette er nytta fullt ut til utstyr knytt til sjukepleielaboratorium, nautikksimulatorar og brannlaboratorium.

## Supplerande tildelingsbrev i 2016, 30.11.16

HSH fekk tildelt kr. 600 000 til å gjennomføre forkurs i matematikk for opptak til grunnskolelærarutdanninga. Dette er tildelt i tråd med rapporterte påmeldte kandidater og gjennomførte kurs. Viser til denne rapporteringa.

## Markom2020

MARKOM2020 er eit nasjonalt prosjekt som skal bidra til å heve kvaliteten i maritim profesjonsutdanning. Prosjektet blir eigmeldt av NTNU i Ålesund, Høgskolen Stord/Haugesund, Høgskolen i Sørøst-Norge og Universitetet i Tromsø, og er finansiert over statsbudsjettet. Til grunn for prosjektet ligg ”Stø kurs – Regjeringens strategi for miljøvennlig vekst i de maritime næringer” og MARUT-utvalget sin rapport ”Maritim profesjonsutdanning – forslag til ny nasjonal struktur for maritim offisersutdanning”.

Prosjektet blir administrert av Høgskolen i Sørøst-Norge. MARKOM2020 har ei styringsgruppe med deltakarar frå kvar av dei fire institusjonane, studentane og frå organisasjonar knytt til maritim næring. For prosjektperioden 2011-2016 har det vore konsestrasjon om fire fokusområde; utdanning, FoU, SAK og rammevilkår.

HSH har bruk om lag 5 mill. kr i 2016 av MARKOM-midlar.

Kort omtale av prosjekt HSH er direkte involvert i :

- > Også i 2016 har HSH fått tildelt prosjektmidlar til kompetanseheving og professorkvalifisering. Per 2016 er 1 bachelorgard ferdigstilt, 1 mastergrad ferdigstilt, 1 doktorgrad ferdigstilt, 4 er i pågående masterløp, 1 i ferd med å ferdigstille doktorgrad og 3 er i kvalifiseringsløp mot professor. I tillegg finansierer vi 2 professor II-stillinger og ein førsteamanuensis II innanfor nautiske fag.
- > HSH fikk i 2016 tildelt midlar for å planlegge og utvikle ei maritim mastergradsutdanning. Søknad vart sendt NOKUT hausten 2016, og har resultert i ei mastergradsutdanning i «Maritime operasjoner» som vart akkreditert av NOKUT 13/2-17. Utdanninga er ei 120sp internasjonal fellesgrad, og HSH skal drive denne i samarbeid med Hochschule Emden/Leer i Tyskland. Utdanninga startar opp hausten 2017.
- > HSH har og i 2016 arbeidd med utvikling av pensum innanfor relevante og kritiske område; Sjørett og Sikkerhetsledelse. Hovudmålet til tiltaket har vore å utvikle faget sikkerhetsledelse for høgare maritim utdanning med tilhøyrande pensum som tilfredsstiller STCW og pensumutvikling til faget sjørett. Tiltaket for pensumutvikling i sikkerhetsledelse går etter planen, og skal ferdigstilla i løpet av 2017. Tiltaket for pensumutvikling i sjørett utgår etter at tiltaksperioden tek slutt i 2016.
- > HSH har leiarvervet i det nasjonale rådet for høgare maritim utdanning, HMU. Dette tiltaket vert finansiert av MARKOM2020, og inkluderer HSH, UiT, NTNU Ålesund, HSN, Sjøkrigsskolen, Norsk Sjøoffisers-forbund, Det Norske Maskinistforbund, Norges Rederiforbund og Sjøfartsdirektoratet. HSH står for sekretariatsfunksjonen som følger med leiarvervet.
- > Vi har og ferdigstilt eit prosjekt som har vore ei fullskala utprøving av ein simulatorbasert virtuell familiarisering for IMR fartøyet Edda Fauna. Basert på tidlegare VR-tildeling og monaleg eigenfinansiering av HSH er det gjort eit viktig forarbeid og pilotstudier som er dokumentert gjennom publisert rapport i HSH sin eigen skriftserie. Dette forarbeidet har blitt teke vidare gjennom utprøvingsprosjektet og har leia fram til ein artikkel som er sendt inn til ein journal for publisering.





## DEL IV

# Styring og kontroll

---

## Overordna vurdering HVL

Det statlege kravet til internkontroll i dei statlige verksemndene går ut på at verksemndene skal ha system som ivaretar internkontrollløysingar som er tilpassa risiko og vesentlegheit. Slike heilskaplege løysingar sikrar ein gjennomgåande god forvaltnings-kvalitet.

HVL byggjer sitt internkontrollsysteem og risikostyring på dei tre fusjonerande høgskulane HiSF, HiB og HSH og vil i 2017 basert på desse, utvikle vidare ein heilskapleg modell for HVL. I samband med oppstarten av HVL har styret vedtatt eit årshjul for verksemdstyringa ved HVL som er implementert frå og med 2017.

# Overordna vurdering HiSF/Nærregion Sogn og Fjordane

Styret i HiSF har utarbeidd tiltak for internkontroll som skal sikre at verksemda når dei tre målsettingskriteria:

- > målretta og effektiv drift
- > påliteleg rapportering
- > overhalde lover og reglar

For at HiSF skal kunne ivareta desse målsettingskriteria og kunne gjennomføre samfunnsoppdraget og føringane som er gitt i tildelingsbrevet, har styret ved høgskulen vurdert følgjande:

## Kontrollmiljø

HiSF har ei tydeleg organisering med definerte roller og ansvar. Budsjett og ansvar for internkontrollen på avdelingane og seksjonane, er tydeleg definert gjennom stabs- og linjefunksjonar.

## Risikostyring

I høgskulen sitt arbeid med risikostyring har vi teke utgangspunkt i det overordna risikobiletet (sjå modell nedanfor). Gjennom dette synleggjer vi både arbeidet vårt med risiko og risikostyring, samt noverande risikobilete.


Styret i HiSF har tidlegare handsama ei eiga sak om risikostyring. I denne saka vart det peikt ut fem område som skulle prioriterast med omsyn til risikostyring. Desse er:

1. Rekruttering av studentar
  - a. God studiekvalitet
  - b. Godt studiemiljø
2. Rekruttering av medarbeidarar – rekruttere og utvikle fagleg tilsette
3. Kompetanse og FoU - fokus på kvalitet
4. Ekstern samhandling
5. Økonomisk robust organisasjon

Dette synleggjer eit bilet av HiSF sine overordna utfordringar og kva som blir vurdert som risikoområde i forhold til HiSF sine hovudmålsettingar i høgskulen si strategi. Modellen nedanfor viser også kva for dimensjonar vi ser for å vere mest kritiske i forhold til vårt ansvar for å svare på samfunnsoppdraget.

DFØ sine modellar for risikostyring vert nytta som grunnlag i vårt arbeid. Figur 4 skildrar modellens innhald og logikk.

## Overordna risikovurdering ved HiSF



Figur 3: Overordna risikovurdering ved HiSF

### Håndtering av risiko i mål- og resultatstyringen



Figur 4: Handtering av risiko i mål- og resultatstyringa

DFØ sine modellar for risikostyring vert nytta som grunnlag i vårt arbeid. Figur 4 skildrar modellens innhald og logikk

litsvalde/verneombod har ei viktig rolle. Men skal denne sjølvkontrollen fungere, må det vere ein kultur for å varsle dersom nokon opptrer på ein uakseptabel måte.

### Innverte i prosessen

I tildelingsbrevet går det fram at risikostyring skal vere integrert i mål- og resultatstyringa.

Styret har ansvar for at det blir etablert eit system for risikostyring som omhandlar:

- > Vurdering av akseptabel risiko
- > Risikoelement som det skal takast omsyn til etter at akseptabel risiko er vurdert
- > Vurdering av risikostørleik for kvart risikoelement
- > Tiltak for å redusere risiko
- > Vurdering av restrisiko etter at tiltaket er satt i verk

Dette gjeld spesielt dersom leiarar gjer seg skuld i misbruk av stillinga si på ein eller annan måte. Det kan vere vanskeleg for ein underordna å protestere dersom ein leiar kjem med eit pålegg som er tvilsamt i høve til overordna reglar og vedtak. Det er viktig å vere tydeleg på at det er lov å varsle, men òg på at dette også er forventa.

### Informasjon og kommunikasjon

Høgskulen har ei nettside som er fungerer godt for å kommunisere ut informasjon til alle i organisasjonen. Saksutgreiing og vedtak for styresaker og andre råd og utval blir publisert og gjort kjent. Rektor si oppfølging av styrevedtak og at institusjonen driver i samsvar med dei overordna mål og føringar som departementet og styret set. Det er difor viktig at mål og ansvar for styring og kontroll internt blir informert/kommunisert i organisasjonen og deretter følgt opp.

HiSF tilfredsstiller òg kravet til relevant regnskapsrapportering både internt til styret og til departementet. Høgskulen har ikkje hatt vesentlege merknader frå Riksrevisionen og heller ikkje hatt overskridinger av budsjettet. Vi legg til grunn at risikovurdering og internkontroll er tilfredsstillande ivaretatt i HiSF.

### Kontrolltiltak

HiSF har etablert kontrollaktivitetar som reduserer risikoar til akseptabelt nivå. Høgskulen har kontrolltiltak for at lover og reglar blir følgde. Vi har innført ei arbeidsdeling der fleire er involverte i økonomiske transaksjonar, og vi gjennomfører ein relativt detaljert gjennomgang av rekneskapen i ettertid, der større avvik frå budsjettet må forklarast. Dette betyr at risikoen for å bli oppdagat, klart er til stades. Det vil vere vanskeleg å få til eit underslag i HiSF utan at fleire samarbeider.

Dei kontrollrutinane vi har gjennomgått så langt, bygger på at fleire har eit forhold til ei ”arbeidsoppgåve”, og at det er sjølvkontrollerande. Dette kan gjelde både tilhøve knytt til økonomiforvaltning, og til HMS-arbeid der til-

## Tiltak for avbyråkratisering- og effektivisering - HiSF

Redusjonen i løvinga knytt til tiltak for avbyråkratisering og effektivisering er i budsjettet er lagt inn som generelle kutt i organisasjonen, og ikkje knytt til spesielle område. Likevel arbeider vi med konkrete tiltak som:

Redusere reisetid ved å ha interne møte på Skype. Ved å velje møte via Skype framfor fysisk frammøte ved deltaking av tilsette frå dei to campusane våre, gjer at ein kan spare inntil tre timer i reisetid (tur/retur) pr. person. Skype-møte krev òg at vi må ha ryddige og strukturerte møte; småprat i det eine lokale vert opplevd som støyande for dei som sit i det andre lokale. I fusjonsarbeidet har skype-møte vore hyppig brukte. Vi har spart oss for mykje reisetid og oppnådd effektive arbeidsdagar.

Minimalisere møteaktiviteten og halde effektive møte ved strukturert og god møteleiing. Møta vert òg forsøkt lagt til anten starten av eller slutten av dagen, slik at kan ha ei god arbeidsøkt i tillegg.

Utdelte møte og kurs vert strøymde slik at tilsette kan følgje møtet/kurset frå kontoret framfor å møte opp.

## Sikkerheit og beredskap HiSF

I KD sitt tildelingsbrevet til HiSF går det fram under samfunnssikkerheit og beredskap at HiSF i årsrapporten for 2016 skal rapportere på fire punkt. Desse fire punkta vert gått gjennom nedanfor.

### 1. Er det gjennomført /revidert ein ROS-analyse i 2015 eller 2016?

I 2015 vart det utført ROS-analyse av uønskte hendingar, som kan ramme HiSF. Analysen er lagt fram og diskutert i leiargruppa, og er korrigert etter innspel frå denne gruppa. ROS-analysen listar opp ni uønskte hendingar i HiSF. Gjennom ROS-analysen vart ni hendingar definerte som uønskte hendingar ved HiSF.

I tillegg vart det i 2015 utført ei eiga ROS-analyse for IT sikkerheit i HiSF.

Vi er godt i gang med å implementere CIM som krisehandteringsverktøy i samarbeid med dei to andre høgskulane.

### 2. Er det gjennomført og evaluert ei kriseøving i 2016?

I januar 2015 hadde HiSF eit omfattande kurs i kriseleiing over to dagar, inkludert kriseøving i samarbeid med andre aktørar som Sivilforsvaret, Politiet og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

På bakgrunn av at vi hadde ei større øving i 2015, har vi i 2016 valt å gjennomføre og evaluere øvingar i form av sms-varslingar.

### 3. Gjere kort og overordna greie for verksemda si oppfølging av dei fem tiltaksområda i Handlingsplan for informasjonssik-

kerhet i statsforvaltninga, herunder beskrive verksemda sitt styringssystem for informasjonssikkerhet.

## Overordna Vurdering

Styret ved Høgskulen i Sogn og Fjordane vedtok i januar 2016 eit styringssystem for informasjonssikkerhet. Dette styringssystemet bygger på malar og tilrådingar frå Uninett (<https://www.uninett.no/infosikkerhet/styrings-systemer>).

## Sikkerhet i digitale systemer og tenester

Høgskulen i Sogn og Fjordane nyttar fellesnester for sektoren, der desse er tilgjengelege. Dette er fellesnester som Uninett i stor grad har forhandla fram rammeavtalar for, og som vert utvikla og drifta av eksterne leverandørar, t.d. FSAT. System, tenester og infrastruktur som vert drifta og utvikla lokalt, vert realisert med ønske om så stor grad av redundans som mogleg. Alle system følgjer oppgraderingssyklusen til leverandørane.

## Digital beredskap

Det er i 2016 ikkje gjennomført øvingar med tanke på å øve den digitale beredskapen. Det er gjennomført testar knytt til sentral it-infrastruktur med tanke på bortfall av ekstern straumkjelde.

## Nasjonale felleskomponentar

Høgskulen i Sogn og Fjordane tilbyr ikkje felleskomponentar til andre i sektoren.

## Kunnskap, kompetanse og kultur

Det vert årleg gjennomført opplæringsdag for alle nytilsette ved høgskulen. Informasjonssikkerheit er eit av fleire tema for denne dagen. Høgskulen har også delteke på Nasjonal sikkerhetsmåned, og då sett ekstra fokus på informasjonssikkerhet både blant tilsette og studentar.

### 4. Er styringssystem for informasjonssikkerheit innført?

Vi har utarbeidd plan for styringssystem for informasjonssikkerheit, som vart behandla i HiSF-styret i 2016.

Avslutningsvis kan vi kommentere at vi har hatt større planar om å arbeide med dette feltet enn vi faktisk har greidd å gjennomføre i 2016. Arbeidet med fusjonen og å sikre drifta frå starttidspunktet 1.1.17 har kravd mykje av våre administrative ressursar. Vi ser no krise- og beredskapsarbeidet i ein større samanheng i ein ny høgskule og vil arbeide aktivt med å få på plass ein god krise- og beredskapsorganisasjon. Vi er mellom anna i gang med innføring av kunnskapsCIM, og vil gjere risikoanalyse som ein del av dette arbeidet.

## Lærlingar

Vi har tre lærlingar innanfor fagområdet IKT. Læretida er på 1,5 år. Vi tek inn éin lærling pr. år, og får den på måten

ein kontinuitet blant lærlingane. Vi auka med éin lærling i 2016.

## Brukbarorientering

Studiebarometret vart gjennomført hausten 2016. Dette er eit verktøy for å finne informasjon om studentane si oppfatning av kvaliteten.

I tillegg gjennomfører høgskulen sjølv ei årleg kandidatundersøking som vert sendt ut til alle ferdige kandidatar. Denne stiller mellom anna spørsmål om kandidatane si oppfatning av arbeidstilhøve og kor nøgde dei var med studieopphaldet, i tillegg til administrative tenester. 78 % seier at dei studieadministrative tenestene var gode eller svært gode.

## Likestilling, diskriminering og til-gjengeleghet

HiSF har nytta Universitet og høgskulerådet (UHR) sin mal for rapportering på likestilling. Rapporteringa er lagt ved som eige vedlegg; «Høgskulen i Sogn og Fjordane - oppfølging av aktivitets- og redegjørelsесplikten etter likestillingsloven – 2016».



# Overordna vurdering HiB/Nærregion Bergen

HiB har igjennom dei seinare åra hatt eit overordna risikostyringssystem som har tatt utgangspunkt i verksamdsmåla og kritiske suksessfaktorar. Høgskolen har samstundes ikkje hatt eit fullgodt system for internkontroll noko som tidlegare internrevisionar har vist. I 2015 blei det oppretta ei arbeidsgruppe for internkontroll som har vidareutvikla internkontrollsystema til HiB for å sikre samspelet mellom mål og strategi.

Direktoratet for økonomistyring (DFØ) etablerte i 2016 eit samarbeidsforum for statlige virksomheter knytta til internkontroll. Høgskolen deltok i forumet og i dette arbeidet forplikta høgskulen seg til å forankre arbeidet i leiinga, vidareutvikle internkontroll system og sette av ressursar. Høgskulens representantar deltok i erfatingsutveksling med dei andre verksemduene i forumet og på alle samlingar gjennom året.

I 2016 blei det som ein konsekvens av deltakinga i forumet gjennomført ei kartlegging av 'risikomodenheit' i dei administrative avdelingane ved HiB. Kartlegginga syntetiserte at det var variasjon mellom dei ulike delane av administrasjonen og i vurderinga av modenskap av dei ulike sidene ved internkontrollen ved HiB.

Eit anna tiltak var risikostyringseminar for alle tilsette i sikkerdrift-arbeidet i samband med fusjonsførebuingane. Dette tiltaket hadde både som mål å vareta risikostyring som ein del av fusjonsarbeidet, og sikre at risikostyring er eit sentralt område før ein etablerer dei nye, felles løysingane. HiB arbeider for at internkontroll og risikostyring blir forankra i alle ledd i organisasjonen som ein naturleg del av den daglege verksemstyringa. Dette arbeidet blir vidareført i den nye Høgskulen på Vestlandet.

## Tiltak for avbyråkratisering og effektivisering

HiB har sidan Høgskolen gjennomgjekk omorganiseringa og flytinga i 2014 hatt som mål å effektivisere drifta mellom anna gjennom økt grad av digitalisering. Høgskolen har sett dette som naudsynt både av omsyn til brukarane, men også av omsyn til budsjetttsituasjonen. Dette er eit arbeid som både har rørt ved forvaltninga av den faglege verksemda og den administrative verksemda. Det er igangsett prosjekt retta mot digitalisering og effektivisering av t.d. eksamenar og digitalisering av møtehandteringa.

Seksjon for personal- og organisasjonsutvikling har innført elektronisk system for handsaming av jobbsøknadar. I 2016 innførte høgskulen Public 360. All sakshandsaming skjer no elektronisk. Systemet både effektiviserer

og sikrar dokumentasjon i tråd med offentleglova. Høgskolen har utvikla gode dokumentasjonssystem for alle våre rutinar, regler og retningslinjer som gjeld Helse-, miljø og sikkerhet, personalrelaterte tilhøve (t.d. permisjonar, ferie, lønn, velferd osb.) og leiarhandboka. Tilsette vert slik meir sjølvhjelpe og talet på kor mange som kontaktar personalseksjonen og lønnskontoert har minka som følgje av dette. Målingar viser ca. 6000 brukarar per kvartal av «Personaltorget» (Compendiahandbøkene).

I samband med fusjonsarbeidet er det avgrensa i kva grad ein organisasjon kan avbyråkratisere då fusjonsprosjektet kjem i tillegg til den ordinære drifta og krev ressursar. Jamvel har ein gjennom fusjonarbeidet i stor grad hatt nytte av videomøte som supplement til ordinær møteverksemd. Samarbeidet mellom institusjonane har for ein stor del vore digital.

## Tryggleik og beredskap ROS-analyser i 2015 og 2016

Høgskolen har tatt i bruk KunnskapsCIM i arbeidet med ros-analyser. Det har blitt gjennomført totalt 47 ROS-analysar med 171 tilhøyrande uønskte hendingar på høgskolen i 2016. Det er i tillegg blitt laget tiltakskort i Kunnskaps-CIM.

## Kriseøvingar i 2016

I 2016 er det gjennomført ein Tabletop-øving. I tillegg har det vore gjentatte øvingar på innkalling av beredskapsgruppene igjennom Kunnskaps-CIM. Kriseleiar har også kalla inn beredskapsgruppa til 5 reelle hendingar.

Høgskolen deltok også i ein Tabletop-øving med Beredskapsforum Bergen som ledd i eit fellesmøte med beredskapsetatane og UH-institusjonane i Bergen. Denne øvinga blei leia av smittevernlegen i Bergen.

## Oppfølging av tiltaksområde i Handlingsplan for informasjonssikkerheit i statsforvaltninga Styring og kontroll

HiB har hatt informasjonstryggleik godt forankra i leiargruppa. I 2016 blei det gjennomført ei internrevision på inninformasjonstryggleik og personvern, som avdekte svakheiter på ulike område. HiB fekk positive tilbakemeldingar på kvalitetssystem, katastrofeplan, reglement, retningslinjer og rutinar. Høgskolen bør likevel vidareutvikle risikostyringssystemet med klårare rammeverk for gjennomføring av risikovurderingar på ulike område. Forarbeida til revisjonen bidrog til ein omfattande heilskapleg gjennomgang av dei ulike delane av det digitale informasjonsregimet ved HiB.

### Tryggleik i digitale tenester

HiB sine digitale tenester er for ein stor del knytt til UNINETT sine tenester. HiB har gode rutinar for tryggleiken for dei sistema vi sjølv leverer. Revisjonen av informasjonstryggleiken viser at HiB treng ei betre oversikt over databehandlarar også via UNINETT og syte for gode avtaler som synleggjer tredjepartar, samt ein betre systemoversikt.

### Digital beredskap

HiB har ein god digital beredskap. Det har ikkje vore gjennomført beredskapsøvingar for IKT i 2016. I 2016 heldt ein eit møte i sikkerhetsforum der digital beredskap og personvern var eit tema særleg med tanke på innfasinga av dei nye EU-reglane for personvern. Gjennom revisjonen har HiB avdekt utvalde område som skal viderutviklast innanfor HVL.

### Kunnskap, kompetanse og kultur

HiB sin policy frå 2009 legg opp til gode rutinar for opplæring i organisasjonen både av tilsette og studentar. Revisjonen i 2016 viser også at HiB har gode rutinar og retningsliner for opplæring og kompetanseoverføring. Revisjonen syner likevel område for oppfølging vidare med tanke på å sikre enda betre kunnskap og kompetanse i organisasjonen.

### Styringssystem for informasjonstryggleik

HiB sitt styringssystem for informasjonstryggleik er nedfelt i HiB sin IT-policy frå 2009. Som nemnt over har denne vore del av internrevisjonen av informasjonstryggleik og personvern, og på bakgrunn av revisjonen har HiB fått anbefalingar om område som bør forbetra. I desse ligg det rutinar for avvikshandtering.

Erfaringane frå revisjonen i 2016 vil bli tatt med vidare i arbeidet med å utforme heilskaplege løysingar for HVL.

### Lærlingar

Høgskolen i Bergen ble i 2015 godkjent lærebedrift i IKT-fag og tok i den samanhengen inn ein lærling på IT-avdelinga. Høgskolen hadde i 2016 totalt tre lærlingar. Ein av desse blei ferdig utdanna i vårsemesteret. I hausteamesteret stod vi igjen med 2 innan IKT-fag. Høgskolen har tidlegare gjennomført ei kartlegging for å identifisere fleire moglege fagområde for å bli lærebedrift.

### Brukarorientering

HiB er ein del av undersøkinga Studiebarometeret i regi av NOKUT som måler ulike sider ved studiekvarden og er ei kvalitetsundersøking på studia ved HiB målt opp mot andre samanliknbare institusjonar. HiB har også vore del av kandidatundersøkinga til NIFU. Høgskolen skårar jamt over godt på undersøkingane og har gode tal. Dette ser ein også delvis speglar i dei kvantitative målingane som går fram av rapporten elles, kor gjennomføringsgraden ved HiB er god. Svarprosenten for høgskolen sett under eitt har vore høg.

### Likestilling, diskriminering og mangfold

Høgskolen har eigen handlingsplan for likestilling og arbeider aktivt for betre kjønnsbalanse, mangfold og tilgjengeleghet. Dette er også nedfelt i høgskolens strategiske planer.

Vi syner til vedlagte rapport for likestilling, diskriminering og mangfold.

# Overordna vurdering HSH/Nærregion Stord/Haugesund

---

Økonomireglementet §§ 4 og 14 og bestemmingane pkt. 2.4 omhandlar heile verksemda og eit breitt spekter av krav til intern kontroll. Det kan nemnast mål og resultattoppnåing, planlegging/disponering innanfor ressursrammene, oppfølging av føringar frå overordna myndighet, effektiv ressursbruk, god forvaltingsskikk, god styringsinformasjon, påliteleg og nøyaktig rekneskap.

Ei generell og overordna vurdering er at Høgskolen Stord/Haugesund har hatt god styring og tilfredsstillande kontroll innanfor dei krav som blir stilt, og vi hadde ingen merknader frå Riksrevisjonen i Dokument nr. 1 i 2016.

I 2015 reviderte NOKUT Kvalitetssikringssystemet til Høgskolen Stord/Haugesund. Dette vart godkjent, og det var fleire områder som vart framheva som spesielt positive i tilbakemeldinga. HSH har sett på kvalitetssikringssystemet som ein så sentral del av styringa at vi har hatt eit eige verksemstmål under sektormål 4 knytt til dette. Sjå derfor ytterlegare kommentarar der.

I 2016 har vi sluttført arbeidet med skildringar av funksjonar og prosessar for å klargjere ansvar og for å få effektive og kvalitatitt gode arbeidsprosesser. Dette blir no eit viktig grunnlag for det arbeidet som skal gjerast inn mot ny organisasjon.

Vidare i dette kapittelet er det rapportert på ulike område som departementet har bedt om konkret tilbakemelding på:

## Redusere og fjerne tidstjuvar

Høgskolen har ikkje arbeidd med større konkrete 'tidstjuv'-prosjekt i 2016, men ser framover inn i ny organisasjon i HVL som m. a. skal ha fokus på effektiv organisasjon og digitalisering. Dette er sentralt i arbeidet med tidstjuvar.

Høgskolen Stord/Haugesund har i 2016 sluttført arbeid med funksjonsskildringar. Dette dannar grunnlag for vidare arbeid med administrativ organisering, ansvar og mynde og struktur for HVL i 2017.

Høgskolen har i 2016 jobba etter fastsette årshjul på ulike nivå, og styringsstrukturen og dei gjennomgåande styringsprosessane er godt implementert. Her også vil ein framover måtte etablere nye prosessar i HVL, og HSH kan bidra inn med sine erfaringar.

## Samfunnssikkerheit og beredskap

I tildelingsbrevet er ein bedt om å rapportere på konkrete spørsmål knytt til samfunnssikkerhet og beredskap. Tilbakemeldinga til KD under er basert på desse spørsmåla.

Ein samla ROS-analyse vart gjennomført seinst haust 2014, og ferdigstilt i januar 2015. Denne ROS-analysen vert no brukt som grunnlag for eit oppdatert risikobilete for nærregion Stord/Haugesund. Det er revidert ROS-analyse for brann i 2016. Den er oppe til ny revisjon i mars 2017.

Det er ikkje gjennomført kriseøving i 2016. Det blir planlagt ei kriseøving i samarbeid med lokale nødetatar våren 2017 i nærregion Stord/Haugesund. Det er i tillegg etablert ei lokal arbeidsgruppe for å revidere beredskapsplanen for nærregion Stord/Haugesund i løpet av 2017.

Avvik og sikkerheitsbrot blir meldt på eige skjema for alvorlege hendingar som er tilgjengelege på intranett, ved hjelp av HSH sitt meldingssystem Sei-iFrå, via verneombod, tillitsvalte eller munnleg til nærmeste leiar eller studieleiar.

HSH sitt meldingssystem Sei-iFrå er eit web-basert oppfølgingssystem. Viss melder eller mottakar vurderer meldinga som alvorleg, eller av andre årsaker arkivverdig, skal den arkiverast i arkivsystemet Public 360, om nødvendig i anonymisert form. Det er ikke meldt avvik etter personvernlova § 2-6 i 2016.

3 saker er i løpet av 2016 eskalert som informasjonssak til direktør (lagringsfeil, epostfeil, cryptovirus). Det er ikkje gjennomført ein 'ledelsens gjennomgang' av informasjonssikkerhet i 2016. Før 1.1.2018 vil HVL ha innført eit felles avvikshandteringssystem.

HSH sin overordna policy har vore at internkontrollen/styringssystemet på informasjonssikkerheitsområdet skal vera ein integrert del av verksemda sitt heilsakaplege styringssystem, i tråd med Forvaltningsforskrifta § 15, ISO/IEC 27001 og anbefalingar frå UNINETT.

Vidare utvikling av internkontrollen/styringssystemet for informasjonssikkerhet vil skje i eit fellesprosjekt for alle dei tre nærregionane i HVL. Den overordna policyen vil som ein del av det arbeidet bli vurdert på nytt.



Det er foreslått ein gjennomgang av styringssystemet i samarbeid med UNINETT, men det er per dags dato ikkje gjort eit endelig vedtak.

## Lærlingar

HSH har heile tida fire lærlingar i IKT- og servicefaget. Det blir rekruttert to nye kvart år. Vi er også godkjent for å ha lærlingar i kontorfaget. Det vart av ulike grunnar likevel ikkje tatt inn lærling i kontorfag i 2016.

## Likestilling, diskriminering og tilgjengelighet

Det er laga eigen rapport om likestilling, diskriminering og tilgjenge. Sjå vedlegg.





## DEL V

# Framtidsutsikter

## Overordna risikovurdering

Styret drøfta verksemds mål i styremøtet 16.2.17. Det vart ikkje gjort nok å systematisk risikovurdering, men drøftinga kan leggast til grunn for ei overordna vurdering.

2017 er fyrste driftsåret til Høgskulen på Vestlandet. Det mest kritiske er å få på plass fagleg profil, og fagleg og administrativ organisering. Dette er grunnfundamentet for å starte arbeidet med å nå ambisjonane i fusjonsavtalen. På desse områda har styret planar i 2017. Styret vil få ulike strategiske saker til avgjerd i 2017, og vil elles bli orientert om framdrift i for eksempel OU-programmet.

Med geografiske avstandar som HVL har, er det ein

føresetnad at ein lukkast med ambisjonane om å ha sterkt fokus på digitalisering - både fagleg og administrativt. Betring innan internasjonalisering er også peika på av styret som avgjerande for å nå dei faglege måla framover.

I 2017 er det også viktig å oppretthalde eit hovudfokus på kjerneverksemda, spesielt studenten og kvalitativt gode studium, og å fortsetja den tette kontakten med nærings- og arbeidsliv i nærregionane.

## **Verksemadmål, tiltak og styringsparameterar**

Fastsetjing av verksemadmål og tiltak er vanskeleg i ein situasjon utan fastsett strategiplan. Verksemadmåla er derfor basert på fusjonsavtalen, og vil bli vurderte vidare i strategiplanarbeidet i 2017-18.

På bakgrunn av den overordna risikovurderinga har styret fastsett verksemadmål og tiltak for 2017. Tiltaka som er skisserte under kvart verksemadmål, er i utgangspunktet vurderte mot 2017. Det er også skissert tiltak i 2018-2020. Dette er for å vise at tiltaka er av meir langsigktig karakter, eventuelt at det er sentrale tiltak som ikkje kan starte før i 2018.

Sjå tabell neste side.

## **Nasjonale styringsparameter og ambisjonar**

KD har fastsett nasjonale styringsparameter der institusjonane skal vere særleg merksame på korleis resultata utviklar seg.

I det vidare strategiplanarbeidet vil det bli vurdert om HVL i tillegg skal nytte eigne styringsparameterar knytt til verksemadmåla. På grunn av manglende strategi og andre plandokument er det foreslått at vi i 2017 berre brukar dei nasjonalt definerte styringsparameterane. Ambisjonsnivået i 2017 for dei nasjonale styringsparameterane er vanskeleg å fastsetje pga. manglende ny organisasjonsstruktur. Vi foreslår å legge til grunn eit ambisjonsnivå om lag på det resultatinivået som HVL har samla i 2016.

Sjå tabell side 91.

## **Planlagde byggeprosjekt**

I innspel til budsjett 2018 spelte vi inn aktuelle byggeprosjekt for HVL. Vi gjentek delar av innspelet til budsjett 2018 på nytt :

*Den nye Høgskulen på Vestlandet har dei siste åra hatt stor aktivitetsauke, og det er derfor stort arealbehov i form av både nybygg og også rehabilitering/renovering ved fleire av kampusane. Den beste måten KD som eigar kan bidra til at den nyfusjonerte høgskulen når sine ambisjonar er gjennom tildelingar i statsbudsjettet til nybygg/husleigeauke/utstyr og rehabilitering/renovering. Alternativet er at HVL må nytte handlingsrommet til investeringar i bygg, som kurantprosjekt. Ved kurantprosjekt må institusjonen sjølv dekke både auka husleigekostnader og utstyr. Når vi no har fleire prosjekt som kan koma innunder definisjonen for kurantprosjekt vil det i sum bli kostbart for HVL å finansiere alt som kurant-*

prosjekt.

*Som del av fusjonsprosessen får styret framlagt saker i 2016 og 2017 om samla eige areal, arealbehov og moglege løysingar.*

*Det er arealbehov og utbyggingsprosessar ved fleire kampusar. Desse er kome ulikt langt i plan- og beslutningsprosessar. Dei største prosjekta vil vi koma attende til med nødvendig dokumentasjon, men melder dei no.*

*Det største bygget er knytt til Bergen og Kronstad. Aktivitetsauken dei siste åra har vore så stor at hovudbygget var for lite då det stod ferdig. Ved å bygge eit tilleggsbygg vil ein kunne samle meir av aktivitetene rundt hovudbygget. I Haugesund har aktivitetsauken frå bygget der stod klart på slutten av 90-talet også vore så stor at det er behov for nye areal. Ein utgreiar her Maritimt senter i samarbeid med regionen. Kampus Førde har fortsatt behov for større undervisningslokale og fleire kontor. Ein er i gang med å vurdere alternativ for vidare utbygging sidan dispensasjonen for å nytte Lettbygget går ut 1. september 2017.*

*I Sogndal blir no Gymnasbygget ved kampusen renovert og ombygd. Her søker vi om utstyrsmidlar. Me søker også om renoveringsmidlar til Fossbygget i Sogndal. Vi vil på nytt ta opp behovet for tilskot for å dekke ekstra kostnad knytt til rehabilitering av den verna Gymsalen på Stord.*

Dei ulike prosjekta har kome ulikt langt i planprosessen: Gymnasbygget i Sogndal er lagt fram for KD for regjeringsgodkjenning.

Kronstad II er under planlegging, det er lytt ut totalentreprise, tilbod blir vurdert, men prosjektet er ikkje styrehandsama.

Lokale i Førde er under planlegging, alternativ blir vurderte, men har ikkje vore styrehandsama.

Maritimt senter i Haugesund er under planlegging, men har ikkje vore styrehandsama.

Rektor kjem til å kontakte KD for å drøfte den utfordrande situasjonen knytt til infrastruktur.



Verksemndsmål /utviklingsmål		Moglege tiltak	2017	2018 - 2020
1. <b>HVL skal vere ein samla institusjon</b>		Etablering av organisasjonen og videre plan for implementering. Kompetansekartlegge HVL ansatte.	x	x
		Prosess og utarbeidning av strategiplan for HVL.	x	x
		Lage plan og rammer for samordning av fag- og undervisningstilbod.	x	
		Utvikle, etablere og starte digitaliseringssatsinga, jfr. forprosjekt.	x	
		Samordning og effektivisering av administrative prosesser.	x	x
2. <b>HVL skal gjennom utdanning, forsking, innovasjon og samhandling bidra til bærekraftig utvikling på Vestlandet.</b>		Vidareføre dagens gode samarbeid med regionen sitt arbeids- og næringsliv, vidareutvikle samarbeidsstrukturar.	x	x
		Kartlegge utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen, for å få større fagleg og administrativ kraft i samhandlinga med samfunns-, arbeids- og næringsliv.		x
		Satse på og utvikle sterke og dynamiske forskingsmiljø på tvers av nærrEGIONAR, fag og profesjonar.	x	x
3. <b>HVL skal ha fleire nasjonale og internasjonale FOU miljø som støtter oppunder universitetsambisjonen.</b>		Utarbeide plan for universitetsambisjonen.	x	
		Kartlegge kompetansebehov jfr universitetsambisjonen.	x	x
		Legge til rette for å etablere nye forskargrupper.	x	
		Målretta nytting av rekrutteringsstillingar.	x	x
		Drive og utvikle ph.d.-program på sentrale fagområde for Høgskulen på Vestlandet.	x	x
		Utarbeide strategi for utdanningskvalitet		x
4. <b>HVL skal prioritere internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og aktivitet, i tillegg til å auke internasjonalisering av utdanningane heime og ute.</b>		Utarbeide strategi for internasjonalisering, heime og ute.		x
		Utvikle system og tilsettmobilitet.	x	x
		Auke antallet inn- og utvekslingsstudentar, spesielt Erasmus+	x	x
		Auka eksternfinansiering gjennom EU	x	x
5. <b>HVL skal ha ein av dei leiande grunnskolelærer-utdanningane i Norge</b>		Utvikle og implementere ny 5-årig lærarutdanning.	x	x
6. <b>HVL skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for kvalitet i utdanninga</b>		Dei største profesjonsutdanningane skal bli tilbudd i alle dei tre nærrEGIONANE		x
		Det skal vera utdanning på masternivå på alle studiestadene		x

STYRINGSPARAMETERAR	RESULTAT 2016 HiB, HiSF, HSH	MÅL HVL 2017
<b>SEKTORMÅL 1: Høg kvalitet i utdanning og forsking</b>		
1.1 Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH) i %	HiB 57,6 HiSF 62,4 HSH 46,9	58
1.2 Delen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH) i %	HiB 75,3 HiSF 48,4 HSH -	60
1.3 Fagleg tidsbruk (timer) per veke blant heiltidsstudentar (Studiebarometeret)	HiB 34,7 HiSF 34,4 HSH 39,7	35
1.4 Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometeret)	HiB 4 HiSF 4,1 HSH 4	4
1.5 Tal på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH)	HiB 0,49 HiSF 0,54 HSH 0,27	0,4
1.6 Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (NFR/NIFU) i 1000 €	HiB 8,48 HiSF 4,6 HSH 2,25	6
1.7 Andelen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH) i %	HiB 1 HiSF 0,41 HSH 0,82	0,6
<b>SEKTORMÅL 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling</b>		
2.1 Delen mastergradstudentar sysselsatt i relevant arbeid et halvt år etter fullført utdanning (NIFU/Kandidatundersøkinga)%	HiB 87 HiSF 87 HSH -	87
2.2 Bidragsinntekter fra Forskningsrådet per fagleg årsverk (DBH) i 1000 kr	HiB 33,5 HiSF 40,5 HSH 62,3	40
2.3 Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH) i 1000 kr	HiB 95 HiSF 118,5 HSH 62,3	100
2.4 Delen forskingsinnsats i MNT-fag (NIFU/FoU-statistikken)(2015-tal) i %	HiB 21 HiSF 18 HSH 34	22
<b>SEKTORMÅL 3: God tilgang til utdanning</b>		
3.1 Kandidattal på helse- og lærarutdanningane jf. Måltall (DBH)	HiB 849 HiSF 338 HSH 327	1500
<b>SEKTORMÅL 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem</b>		
4.1 Tal på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)	HiB 634,2 HiSF 619,2 HSH 557,7	615
4.2 Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)	HiB 41,2 HiSF 23,5 HSH 37,7	38
4.3 Andelen midlertidige tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (DBH)	HiB 16,45 HiSF 10,44 HSH 14,23	15

## Budsjett 2017 – disponering av løyving

HVL har for 2017 budsjettert med 2,058 mrd kr i driftsinntekter. Grunnløyvinga frå KD utgjer 1,879 mrd kr (91%). Inkludert i dette er SAKS-tildeling på 39 mill kr.

Det er budsjettert med 114 mill kr i tilskudd og overføringer frå bidragsfinansiert aktivitet (5,5%), og 60 mill kr i salgs- og oppdragsinntekter (2,9%). Inntekter frå bidrags- og oppdragsverksemda inkl. sal utgjer til saman 174 mill kr (8,5%).

Tildelinga frå KD er fordelt på dei tre nærregionane (gamle høgskulane) ut frå den inntekt som ville blitt tilført desse i 2017. Ein del av desse rammene er trekt ut for å finansiere eit felles budsjett for HVL i tillegg til SAKS-midlar. Intern budsjettfordeling i nærregionane i 2017 følgjer dei gamle høgskulane sine budsjettfordelingsmodellar. Ny budsjettfordelingsmodell for HVL vil bli utvikla i 2017, og blir tatt i bruk til budsjettfordelinga for 2018.

Oversikta under viser høgskulen sitt ordinære budsjett for 2017:

Driftsinntekter :	I tusen kr
Inntekter frå statlege løyvingar	1 883 000
Tilskudd og bidragsinntekter	114 000
Oppdrags- og salgsinntekter	61 000
Sum inntekter	2 058 000
Driftskostnader :	
Lønnskostnader	1 276 000
Varer og tenester	710 000
Investeringar	72 000
Sum kostnader	2 058 000
Resultat	0





DEL VI

# Årsrekneskap

---

Dei tre fusjonspartane i HVL leverer i dette kapittelet kvart sitt rekneskap for drifta i 2016. I tråd med krava frå KD signerer styret for HVL på kvart enkelt av dei tre rekneskapa. Drifta til HVL sine interimsaktivitetar inngår i rekneskapen til kvar av høgskulene i rekeneskapsåret 2016.

# Høgskulen i Sogn og Fjordane

## Leiarkommentarar til rekneskapen per. 31.12.2016

### Institusjonen sitt føremål

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) er lokalisert i Sogndal og Førde. Høgskulen har eit breitt tilbod av yrkesnære utdanningar og ca. 4.000 studentar og 340 tilsette. HiSF skal tilby høgare utdanning og forsking av høg fagleg kvalitet. Vi skal òg sørge for å spreie og formidle resultata frå den faglege verksemda. Høgskulen ser det som eit særleg ansvar å medverke til kunnskapsutvikling og kompetanseheving i Sogn og Fjordane.

HiSF si hovudoppgåve er å utdanne studentar som lukkast og å utvikle forsking som kan medverke til endringar i samfunnet.

### Fusjon

1. januar 2017 fusjonerte Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane til den nye Høgskulen på Vestlandet (HVL). I 2016 løyvde Kunnskapsdepartementet kr 11 millionar til arbeid i samband med samanslåing av dei 3 institusjonane, denne løyvinga var utbetalt til Høgskulen i Bergen.

### Stadfesting på at rekneskapen er avglat i samsvar med reglane og opplysninga om revisor

Rekneskapen per 31.12.16 gjev eit dekkande biletet og er avglat i samsvar med reglane om økonomistyring i staten og reglane i dei statlege rekneskapsstandardane,

rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement.


Riksrevisjonen er HiSF sin revisor.

### Vurdering av institusjonen si drift i perioden


Aktiviteten på utdanning i 2016 er ei vidareføring av studium, men det er òg nye studium: Master i Climate Change Management, Bachelor i ingeniørfag - bygg og anlegg og årstudium Personleg trenar, som starta hausten 2016. Rekrutteringa i 2016 har vore god. Til bachelorstudia rekrutterer vi unge heiltidsstudentar frå heile landet. Vi har òg god søknad på masterane våre, og det samla studenttalet ved høgskulen har aldri vore høgare. I 2016 passerte vi 4.000 studentar. HiSF kan vise til god gjennomstrøyming, noko som gir god studiepoengproduksjon og grunnlag for god inntektsutvikling.


Totalt for 2016 er løyvinga frå KD kr 379 millionar. Samanliknar vi med løyvinga for 2015, er det ein auke i løyvinga for 2016 på 15 millionar. Sals- og leigeinntekter er vesentleg inntekter frå oppdragsverksemda og utgjer 13 millionar for 2016. Det er ein reduksjon på 10 mill. kroner i høve fjoråret, noko som skuldast ferdigstilling av store prosjekt og endring i inntektsføring. Tilskot og overføringer er inntekter frå bidragsverksemda og utgjer 32 millionar - ein auke i høve 2015 på 9 mill. Grafen under viser korleis inntekter fordeler seg på dei 3 inntektsgruppene for 2016 og 2015:

#### Inntektsfordeling 2016



#### Inntektsfordeling 2015





Lønskostnadane er den største utgiftsposten ved HiSF. Av samla driftskostnader utgjer lønskostnadane 65 % i 2016, ein auke frå 64 % samanlikna med 2015 og 2014. I kroner har vi hatt ein auke i lønskostnadane på kr 29 millionar i høve til fjoråret. Auken i lønskostnadane kan forklarast med auke i tal årsverk og lønsauke.

Andre driftskostnader utgjer 33 % av totale driftskostnader i 2016, og er ein reduksjon i høve til 2015. Reduksjon i høve til 2015 er på kr 318.000,-. Dette skuldast hovudsakleg ein reduksjon i husleige til Statsbygg i samband med at vi gjekk ut av lokal a på Sandane frå 1.juli i 2015. For andre postar har det vore ein auke som skuldast generell prisstiging.

Avskrivingane er 2 % av driftskostnader i 2016, noko som er ein reduksjon i høve 2015. Det skuldast at vi var ferdige med avskrivingane på IT/AV utstyr i 2015, innkjøpt til Høgskulebygget i 2012.

Resultat i perioden viser ein reduksjon då to avdelingar har nytt verksemدskapitalen til overføring drift i 2016. Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap

Vi får avvik når vi samanliknar resultatrekneskapen med budsjetterte inntekter og kostnader. Dette skuldast at vi budsjetterer den ordinære drifta. Budsjetterte inntekter består av løvning frå KD og dekningsbidrag frå oppdrags- og bidragsverksemda, i tillegg til nokre andre mindre inntektpostar. Inntekter og kostnader i samband

med oppdrags- og bidragsverksemda blir budsjettert og følgt opp på kvart enkelt prosjekt. Ved samanstilling av rekneskapen i note 31 er totale inntekter og kostnader frå ordinær drift og frå oppdrags- og bidragsverksemda slått saman, medan budsjettet berre inneholder ordinære drift og dekningsbidrag frå oppdrags- og bidragsverksemda.

I høve til budsjettert kostnadsramme syner den ordinære drifta eit mindreforbruk på om lag kr 10 millionar. Dette utgjer 3 % av budsjett og ligg godt innanfor normal uvise. Marginane er små, og det er viktig å ha ei tett økonomisk oppfølging gjennom heile året.

Sjå tabell neste side

## Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

HiSF arbeider for å kunne ha god og effektiv infrastruktur med samla aktivitet på Fosshaugane Campus i Sogndal og på Vie i Førde.

Statsbygg har kjøpt Gymnasbygget av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Bygget ligg på campus-området i Sogndal. Det har vore ein prosess internt på korleis det nye bygget bør sjå ut for å dekke høgskulen sine behov i framtida. I samarbeid med Statsbygg har vi kome fram til ei god og arealeffektiv løysing på Gymnasbygget, som

Avdeling/institutt/seksjon	Rekneskap 2016	Kostnads- budsjett 2016	Totalt overskot 2016
Fagavdeling	169 353	169 011	-844
Fellestenester	144 283	155 067	10 784
<b>Totalt HiSF</b>	<b>313 636</b>	<b>324 078</b>	<b>9 940</b>

Tall i tusen kr

vil eigne seg godt for HiSF si verksemد. Statsbygg har mottatt tilbod som omfattar rehabilitering og ombygging. Prosjektet blei lagt fram for Kunnskapsdepartementet i desember for regjeringsgodkjenning. Det er venta at innflytting i Gymnasbygget kan skje i august 2018. Statsbygg er ansvarleg for rehabilitering og ombygging, men høgskulen må investere i inventar, utstyr og ikt i bygget. Det er sett av 17 mill. kroner til føremålet.

I samband med innflytting av Gymnasbygget blir det frigjort areal i Fossbygget. For å få ei effektiv arealutnytting må vi bygge om delar av Fossbygget. Der trengst både kontor og undervisningsrom.

Campus Førde har framleis behov for større undervisningslokale og fleire kontor. Her er det førebels avsett midlar til ombygging for betre utnytting av areala. Ein er òg i gang med å vurdere alternativ for vidare utbygging, sidan dispensasjonen for å nytte Lettbygget snart går ut. Høgskulen har soikt midlar utanfor ramma for å dekke auka husleige som følgje av ei utbygging. Det ligg i dag føre to alternativ. Det eine er nybygg, men ein har så langt ikkje fått svar frå Statsbygg om kor mykje areal som kan realiserast innanfor det eksisterande tomtarealet i høve til arealplanen. For det andre har høgskulen tilbod om å leige areal hjå Helse Førde, i deira planlagde nybygg. I så fall må det skrivast intensjonsavtale mellom høgskulen og Helse Førde før sommaren 2017.

## Utvikling i avsett del av tilskot til løyvingsfinansiert verksemd

Avsett del av løyvingsfinansiert verksemd frå KD er ved utgangen av 2016 83 millionar kroner. Av dette utgjer avsetning til inventar og utstyr om lag kr 29 millionar. Denne avsetninga er planlagt nytta i samband utstyrsinvesteringar til Gymnasbygget, ombygging Fossbygget og endring Campus Førde.

Ser vi samla på avsetnadar frå løyvingsfinansiert verksemd KD, er desse auka med kr 4 millionar i 2016. Auken i avsetnadane relaterer seg hovudsakeleg til avsettingar i samband med planlagde investeringar.

Ikkje inntektsført løyving og bidrag har ein avsetnad pr. 31.12.2016 på kr 20 millionar, ein auke på 5 millionar i høve 2015. Dette skuldast fleire nye BOA-prosjekt der vi har motteke tilskotet, men er heilt i startfasen av prosjektet.

## Eigenerklæring styring og kontroll

Styret i HVL er ansvarleg for at høgskulen har gode og sikre system for risikostyring og intern kontroll. Det er styret sitt ansvar å:

- > sørge for å etablere ei forsvarleg risikostyring og intern kontroll på basis av ei vurdering av aktuelle risikoar slik desse er omtala i «Årsrapport for HiSF»
- > ha fokus på endringar i høgskulen sine risikoar
- > ha fokus på at høgskulen si risikostyring og intern kontroll er dokumentert, og blir gjennomført og overvaka på ein forsvarleg måte

Høgskulen sitt kvalitetssystem viser den etablerte internkontrollen.

Styret stadfestar etter beste vitende at Høgskulen i Sogn og Fjordane har oppfylt krava til styring og kontroll som beskrive i Statens Økonomireglement § 4 og § 14, i tillegg til bestemmelsane i punkt 2.4. Styret vurderer at HiSF har hatt tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å gjennomføre den administrative forvaltninga med tilstrekkeleg kvalitet. Dette med basis i høgskulen sin storleik, kompleksitet, vesentlegheit og gjennomført risikovurdering.

Riksrevisjonen er verksemda sin revisor.

Bergen 9. mars 2017

Arvid Hallén  
Styreleiar

Ingrid Moe Albrightsen

Ingrid Moe Albrightsen  
Styremedlem

Aina Berg

Aina Berg  
Styremedlem

Gunnar Birkeland

Gunnar Birkeland  
Styremedlem

Sissel Johansson Brenna

Sissel Johansson Brenna  
Styremedlem

Cecilie Fredheim

Cecilie Fredheim  
Styremedlem

Kari Kjendalen

Kari Kjendalen  
Styremedlem

Sondre Riisøen

Sondre Riisøen  
Styremedlem

Ragnar Gjengedal

Ragnar Gjengedal  
Vara for styremedlem  
Tom Skauge

Marit Ubbe

Marit Ubbe  
Styremedlem

Trond Ueland

Trond Ueland  
Styremedlem

Gunnar Yttri

Gunnar Yttri  
Styremedlem

Christine Øye

Christine Øye  
Styremedlem

# Høgskolen i Bergen

## Leiarkommentarar til rekneskapen per. 31.12.2016

### Institusjonens formål

Høgskolen i Bergen skal være ein utdannings- og forskingsinstitusjon som legg vekt på kunnskapsutvikling, nyskapning, kultur og livslang læring. Høgskolen skal tilby profilert kompetanse som er søkt av studentar og etterspurd av samfunns- og næringsliv. Høgskolen skal prioritere profesjonsutdanningane og forsking og utviklingsarbeid som støtter denne verksemda. Høgskolen har som overordna strategisk ambisjon å oppnå universitetsstatus.

### Rekneskapsprinsipp

Høgskolen har gjennomført statsoppdraget innan dei rammene som departementet har sett for institusjonen, ref. høgskolens tildelingsbrev for 2016. Det har ikkje inntreft forhold av vesentleg betydningar for høgskolens resultat og økonomiske stilling etter regnskapsårets slutt. Regnskapet er avgjort i samsvar med reglane i dei statlige rekneskapsstandardane.

Ledelseskommentaren er satt opp i tråd med dei rapporteringspunkt som er gitt av departementet i brev av 15.12.16. Høgskolen legg eit omfattande arbeid ned i oppfølging og rapportering av rekneskapet både internt

og eksternt, og utfører fortløpende internkontroll og risikovurderingar innan høgskolens økonomiforvaltning. Institusjonens revisor er Riksrevisjonen.

### Vesentlige endringar i resultat og balansepostar i forhold til tidligare årsrekneskap

Høgskolen blei i perioden 2011-2013 tildelt til saman 348 mill. kr i utstyrsløyving i forbindelse med høgskolens nybygg på Kronstad, noko som fører til at regnskapstala ukorrigert ikkje blir samanliknbare. Per 31.12.16 hadde høgskolen brukt heile denne løyvinga. Då desse midlane har blitt brukta over 4 år har dette gitt ein tidligare uforholdsmessig høg avsetting samt også avvikande driftsresultat samanlikna med tidligare år.

Høgskolen hadde i 2016 eit negativt driftsresultat på 52,2 mill. kr., mens resultatet i 2015 var eit negativt resultat på 14,15 mill. kr. Korrigert for utstyrsløyvinga har høgskolen eit negativt resultat på om lag 18,17 mill. kr. Dette betyr at resultatet i forhold til løyving, fråtrekt utgifter til nybygget, er redusert frå +3,45 i 2015 til -1,63%.

Sjå tabell under

Inntektssida er økt i 2016 samanlikna med 2015, med 6,56 %, mens utgiftene har økt med 10,02 %. Korrigert for utstyrsløyvinga har inntektene økt med 4,62 %, mens kostnadane har økt med 9,71 %. Justert for utstyrsløyvinga er det den statlige løyvinga og inntekt frå tilskott og overføringer som har økt, mens både sals- og leigeinntekter og oppdragsinntekter er noko redusert samanlikna med 2015.

Løn og sosiale kostnadar er økt med 11,77 % og utgjer no 58,7 % av dei totale driftskostnadane, noko som er ein auke i forhold til 2015 (57,75 %). Denne auken skuldast i all hovudsak ein betydelig auke i talet på tilsette. I løpet av 2016 har høgskolen hatt ein auke i talet på tilsette på 50 årsverk, frå 836 til 886, men ein ser ikkje den økonomiske heilårseffekten av desse tilsettingane fullt ut per 31.12.16. Andre driftskostnadar er auka med 5,27 % i forhold til 2015, noko som mellom anna skuldast auka husleigeforvaltninga til nye lokale, samt også utgifter i samband med HVL-fusjonen. Husleigekostnadane utgjer no om lag 19,9 % av løyvinga.

Den eksterne omsetninga (her: all inntekt unntatt løyvinga frå KD) er på om lag 99,6 mill. kr, som er ein nedgang på om lag 9,9 mill. kr. samanlikna med 2015. Den samla bidrags- og oppdragsfinansierte verksemda (BOA) utgjer totalt 54,5 mill. kr (tilskott og overføringer frå andre statlege forvaltningsorgan, tilskott anna bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet i tabellen under), som er ein reduksjon på om lag 5,9 mill. kr. samanlikna med 2015.

Sjå tabell neste side

(alle tal i tusen kr)	2012	2013	2014	2015	2016
Ordinært driftsresultat	181 235	93 245	-203 239	-14 153	<b>-52 726</b>
Ordinært driftsresultat eks. utstyrsløyving	28 145	40 705	-2 387	33 023	<b>-18 175</b>

<b>Ekstern omsetning (eks. løvingar frå KD) ref. note 1</b> (alle tall i 1000)	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Tilskott og overføringer frå andre statlige forvaltningsorgan	29 503	24 394
NFR	17 899	19 219
Tilskott/overføring frå RFF	160	395
Gåver	4 221	3 084
Tilskott til annan bidragsfinansiert aktivitet	15 513	20 862
Tilskott/overføring frå EU til undervisning og anna	395	211
Oppdragsaktivitet	15 362	9 199
Andre driftsinntekter	26 465	21 735
<b>SUM</b>	<b>109 518</b>	<b>99 639</b>

Av den eksterne omsetninga utgjorde oppdragsverksemda om lag 9,2 mill. kr, som er ein nedgang på om lag 6,2 mill. kr. samanlikna med 2015. Overskottet frå oppdragsverksemda var på totalt 3,28 mill. kr, som er ein reduksjon på om lag 1,19 mill. kr samanlikna med 2015-resultatet. Den høge avkastninga i 2015 skuldast i stor grad at nokre prosjekt hadde svært gode resultat, samt at mange eldre prosjekter først blei avslutta i 2015. Resultatet i 2016 representerer likevel ein svært god fortenestemargin, om lag 35,7 %. Opptent verksemdekapital utgjorde 39,94 mill. kr per 31.12.16.

Inniskottet i statens konsernkonto er redusert med om lag 111,054 mill. kr. og bankinnskottet utgjorde 270,255 mill. kr. ved periodens slutt. Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) var på 2,12 mot 2,6 i 2015.

Det er elles berre mindre avvik i forhold til balansepostane i rekneskapen.  
Endringane i avrekning av den løvingsfinansierte verksemda vil bli kommentert i eige punkt.

## Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatregnskap

Høgskolen hadde budsjettet med eit ordinært driftsresultat i 2016 på om lag -46,5 mill. kr, mens resultatet blei om lag 6,2 mill. kr. lågare enn budsjettet. Nokre forklaringar til budsjettavviket er:

- > Utgifter i forbindelse med fusjonsprosessen blei ikkje budsjettet
- > Den eksterne omsetninga er i 2016 redusert med om lag 9,9 mill. kr.
- > Det er ved avdelingane sett i verk tiltak for å redusere avsetningane
- > Talet på tilsette aukar betydeleg

Det var vidare budsjettet med lågare avrekning for den løvingsfinansierte verksemda, om lag 46,6 mill. kr., enn det som blei resultatet (52,7 mill. kr.) Det var budsjettet med eit lågare perioderesultat, på 3 mill. kr, mens rekneskapen per 31.12.16 gav eit resultat på 3,28 mill. kr.

## Gjennomføringa av budsjettet for 2016 relatert til prioriterte oppgåver i tildelingsbrevet for 2016

Når det gjelder aktivitetskrava i tildelingsbrevet, så vil det bli gitt ei fullstendig oversikt over høgskolens resultat, med tilhøyrande kommentarar, innanfor dei ulike verksemdsmåla i høgskolens årsrapport for 2016.

## Utvikling i avsett andel av tilskott til løvingsfinansiert verksemd

Avsett del av tilskott til statleg finansierte verksemd var per 31.12.16 om lag 109,29 mill. kr. Avsetninga er redusert med 21 mill. kr. samanlikna med 2015.

Sjå tabell under

Avsett del av tilskott til statleg aktivitet	2012 utan utstyrsløying	2013	2013 utan utstyrsløying	2014	2014 utan utstyrsløying	2015	2015 utan utstyrsløying	2016
i tusen kr	72 069	393 995	113 374	183 909	101 766	165 254	130 297	109 290
i % av total statleg løying	8,14 %	46,65 %	13,42 %	24,20 %	13,39 %	17,14 %	13,52 %	10,46 %

Avsetninga per 31.12.16 inkluderer ein positiv saldo knytt til metningsdykkarutdanningprosjektet, på om lag 19,25 mill. kr. Dersom ein også ekskluderer nemnde avsetning, så utgjorde avsetningsnivået 8,62 % av total statleg finansiering (12,05 % i 2015).

Høgskolen hadde som målsetting å gradvis auke avsetningane frem mot samlokaliseringa på Kronstad/Møllendalsveien. Hensikta var å sikre at høgskolen kunne handtere dei finansielle utfordringane som var knytt til flyttinga til Kronstad (spesielt dei auka husleigekostnadene) samt universitetsambisjonen. Avsetningsnivået er redusert i 2016, men gir framleis eit visst handlingsrom med tanke på framtidige investeringsbehov (nybygg på Kronstad) samt høgskolens satsing mot universitetsstatus i 2025.

Det vises elles til note 15 i rekneskapen for ein nærare spesifikasjon av avsetningane.

## Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

Høgskolen har i 2016 gjort investeringar i inventar i eksisterande og nye lokale. I tillegg kjem investeringar i vitskapeleg utstyr og IKT-utstyr. Samla investeringar var i 2016 på om lag 47,1 mill kr, og av dette var 13,58 mill. kr. knytt til bygget på Kronstad, og 33,52 mill. kr. ordinære investeringar. Investeringane i 2015 var til samanlikning på om lag 54,78 mill. kr., der 32,37 mill. kr. var knytt til nybygget og 22,41 mill. kr. var ordinære investeringar. Ordinære investeringar har i 2016 har altså økt med 0,8 mill. kr. og det ventes at investeringane også aukar i 2017.

## Trendar og utvikling i inntekter og sentrale kostnadar

For å oppnå målet om økte avsetningar har det i dei siste åra vore naudsynt å foreta sterkare prioriteringar av ressursbruk.

Kostnadsnivået, spesielt det som gjelder varige kostnadar, må vidare stabiliserast for å kunne oppretthalde eit framtidig handlingsrom i samband med HVL-fusjonen, universitetsambisjonen, samt dei auka husleigekostnadene (som kjem både som følge av samlokaliseringa på Kronstad/ Møllendalsveien i tillegg til planane om eit kvarntbygg på den nordre delen av tomta på Kronstad). Økt innsats for å skaffe inntekter ut over statstilskottet vil også være strategisk avgjerande for at høgskolen skal ha kraft til å gjennomføre dei overordna målsettingar over tid.

Foreløpige studentdata for våren 2016 viser ein auke i studiepoengproduksjonen (totalt 3.758 60-studiepoengseiningar mot 3.622 einingar våren 2014) samanlikna med våren 2015. Det er forventa at høgskolen også for hausten 2016 vil ha ein auke i talet på studiepoengseiningar. Det er også forventa at studiepoengproduksjonen vil auke vidare i dei komande åra, det vises her mellom anna til vidareførte og nye studieplasser og at studentane tar fleire studiepoeng per år enn tidligare.

Sjå tabell under

